

”Men det er klart at av og til må eg jo legga om”

**Ei sosiolingvistisk gransking av situasjonsbetinga variasjon
i Hå kommune**

Kjersti Wold Slettebø



Masteroppgåve i nordisk språk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen
Våren 2014

Jæderen er tværtimod et af de mindst behagelige landskaber. (...) Da her ikke gives noget Ly af Skov eller Fjelde, og da Havet omgiver denne Landstrimmel ligesom i en stor Bue, er her næsten aldrig stille, men sædvanlig en skarp og kold Blæst.

- Ivar Aasen 1844

Forord

Etter fem år med nordiskstudium, som no har munna ut i eitt år med masterskriving, er det fleire som fortener takk.

- Først og fremst takk til rettleiaren min, Helge Sandøy. Takk for grundig rettleiing og for at døra di alltid er open.

- I tillegg fortener Bente Selback ei stor takk for å ha handtert materialet og hatt kontroll på alle bakgrunnsopplysningar. Takk au for oppløftande tilbakemeldingar!

- Per Sigmund Sævik Bøe: Takk for at du stiller opp som formell austlending og takk for at ingen spørsmål er for dumme. Det finst ingen austlending som er meir kunnig i jærdialekta!

- Edit Bugge: Tusen takk for all hjelp med signifikans og figurar!

- Utan informantane mine som stilte villig opp, hadde det ikkje blitt noka avhandling. Tusen takk for at de tok tid til meg i ein travel kvardag!

- Takk til alle nordistane på lesesalen som har krydra kvardagen på HF med gode samtalar av både fagleg og ikkje-fagleg karakter.

- Gjengen på tysdagsmøta: Takk for gode tilbakemeldingar og kjensla av at ein ikkje jobbar åleine.

- Elisabeth Løsnesløkken: Takk for hjelpa med engelsken!

- Farfar: Tusen takk for at du tok deg tid til å lesa gjennom store delar av teksten min!

- Silje Edvardsen: Du fortener ei takk for godt samhald gjennom heile studieløpet. Takk for alle oppmuntringar, kollokvium, tilbakemeldingar og berre generelt for at du er den du er! Studietida hadde ikkje vore den same utan deg.

- Foreldra mine fortener au ei takk for at dei har støtta meg gjennom heile studieløpet og at dei alltid har tru på meg.

- Til sist vil eg retta ei stor takk til min kjære ektemann og beste ven, Runar. Tusen takk for at du har ei urokkeleg tru på meg og mine evner! Du er mitt alt. (Ja, klisjear er lov når ein har ein slik ektefelle!)

Innhald

1. INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLINGAR	1
1.2 EMPIRISK GRUNNLAG OG TEORETISK RAMMEVERK	1
1.3 STRUKTUREN I AVHANDLINGA	2
2. NÆRBØ OG VARHAUG.....	3
2.1 GEOGRAFISK AVGRENSING.....	3
2.2 DEMOGRAFI.....	4
2.3 SAMFERDSEL	6
2.4 NÆRINGSVERKSEMD	7
2.5 TETTSTADENE NÆRBØ OG VARHAUG	8
2.6 OPPSUMMERING OG AKTUALISERING.....	10
2.7 KORLEIS ER DIALEKTA PÅ STADENE?	11
2.7.1 Generelt om dialekta.....	11
2.7.2 Konsonantfonema	12
2.7.3 Vokalfonema	13
2.7.4 Fonologiske reglar.....	13
2.7.5 Morfologi.....	14
2.7.6 Pronomen- og determinativsystemet.....	15
3. HISTORISK AKTUALISERING.....	16
3.1 DANSKETIDA (1350 – 1814)	16
3.2 DET NORSKE SPRÅKET VINN FRAM (1814 - 1960)	18
3.3 DIALEKTBØLGJA OG SPRÅKLEG TOLERANSE 1970 →	19
3.4 MEDIEDISKURSEN I DAG	21
4. TEORI	23
4.1 SITUASJONSBETINGA VARIASJON	23
4.1.1 Tidlegare granskingar	24
4.2 TILPASSING AV TALEMÅLET.....	28
4.2.1 Uformell og formell tale	28
4.2.2 Akkommodasjon.....	29
4.2.3 Standardtalemål.....	30
4.2.4 Kodeveksling.....	32
4.2.5 Register og stil	34
4.2.6 Knot.....	36
4.3 IDENTITET	37
4.3.1 <i>Homo domesticus</i> og <i>homo dynamicus</i>	38
4.3.2 Gruppetilhøyrse	39
4.3.3 Nettverksteori.....	39
4.3.4 Kjønn.....	40
4.3.5 Alder.....	41
4.4 HYPOTESAR	43
5. METODE	44
5.1 METODETEORI	44
5.1.1 Kvantitativ eller kvalitativ metode?	44
5.1.2 Validitet og reliabilitet.....	45
5.2 UTVAL AV INFORMANTAR	46
5.2.1 Kriterium for utvalet av informantar	46
5.2.2 Korleis blei informantane plukka ut?	47
5.2.3 Metodiske spørsmål kring utvalet.....	49
5.2.4 Etske spørsmål kring utvalet.....	50
5.3 INTERVJUA.....	50
5.3.1 Dei uformelle intervjuar	51

5.3.2 Dei formelle intervjua.....	52
5.4 BEHANDLING AV DATA.....	54
5.4.1 Transkribering.....	54
5.4.2 Merking.....	54
5.4.3 Statistikk.....	55
5.4.4 Oppsummering av informantutval og intervju.....	55
5.5 PRESENTASJON AV DEI SPRÅKLEGE VARIABLANE.....	56
5.5.1 Variabel 1: infinitivsmorfemet.....	56
5.5.2 Variabel 2: svarabhaktivokal i presens og variabel 3: svarabhaktivokal i maskuline og feminine sterke former av adjektiv og av svake perfektum partisipp.....	57
5.5.3 Variabel 4: presens av sterke kortverb.....	57
5.5.4 Variabel 5: i-omlyd i presens av sterke verb.....	58
5.5.5 Variabel 6: veikt/sterkt perfektum partisipp av sterke verb.....	58
5.5.6 Variabel 7: endingsmorfemet i hokjønn, bestemt form eintal.....	59
5.5.7 Variabel 8: segmentering.....	59
5.5.8 Variabel 9: differensiering.....	60
5.5.9 Variabel 10: kort/lang vokal framom m.....	61
5.5.10 Variabel 11: bruga/broga.....	61
5.5.11 Oppsummering av alle variablane.....	61
6. RESULTAT.....	63
6.1 VARIABEL 1: INFINITIVSMORFEMET (KJØNN, HEIMSTAD OG LIVSFASE).....	63
6.2 VARIABEL 2: SVARABHAKTIVOKAL I PRESENS.....	64
6.2.1 Kjønn.....	64
6.2.2 Heimstad.....	65
6.2.3 Livsfase.....	65
6.2.4 Livsfase og kjønn.....	66
6.3 VARIABEL 3: SVARABHAKTIVOKAL I MASKULINE OG FEMININE STERKE FORMER AV ADJEKTIV OG AV SVAKE PERFEKTUM PARTISIPP.....	66
6.3.1 Kjønn.....	67
6.3.2 Heimstad.....	67
6.3.3 Livsfase.....	67
6.3.4 Livsfase og kjønn.....	68
6.4 VARIABEL 4: PRESENS AV STERKE KORTVERB.....	68
6.4.1 Kjønn.....	69
6.4.2 Heimstad.....	69
6.4.3 Livsfase.....	69
6.4.4 Livsfase og kjønn.....	70
6.5 VARIABEL 5: I-OMLYD I PRESENS AV STERKE VERB.....	70
6.5.1 Kjønn.....	71
6.5.2 Heimstad.....	71
6.5.3 Livsfase.....	71
6.5.4 Livsfase og kjønn.....	72
6.6 VARIABEL 6, VEIKT/STERKT PERFEKTUM PARTISIPP AV STERKE VERB.....	72
6.6.1 Kjønn.....	73
6.6.2 Heimstad.....	73
6.6.3 Livsfase.....	73
6.6.4 Livsfase og kjønn.....	74
6.7 VARIABEL 7: ENDINGSMORFEMET I HOKJØNN, BESTEMT FORM EINTAL.....	74
6.7.1 Kjønn.....	75
6.7.2 Heimstad.....	76
6.7.3 Livsfase.....	76
6.7.4 Livsfase og kjønn.....	76
6.8 VARIABEL 8: SEGMENTERING.....	77
6.8.1 Kjønn.....	77

6.8.2 Heimstad	78
6.8.3 Livsfase	78
6.8.4 Livsfase og kjønn	79
6.9 VARIABEL 9: DIFFERENSIERING.....	79
6.9.1 Kjønn.....	80
6.9.2 Heimstad.....	80
6.9.3 Livsfase	81
6.9.4 Livsfase og kjønn	81
6.10 VARIABEL 10: KORT/LANG VOKAL FRAMOM M.....	82
6.10.1 Kjønn.....	82
6.10.2 Heimstad	82
6.10.3 Livsfase	83
6.10.4 Livsfase og kjønn	83
6.11 VARIABEL 11: U/O I BRUKA	84
6.11.1 Kjønn.....	84
6.11.2 Heimstad.....	85
6.11.3 Livsfase	85
6.11.4 Livsfase og kjønn	85
7. DRØFTING AV RESULTATA	87
7.1 TOTAL GRAD AV ENDRING.....	87
7.2 KJØNN.....	88
7.2.1 Svar på hypotese 2	88
7.2.2 Svar på hypotese 3	89
7.2.3 Spesielle funn	90
7.2.4 Kva fortel resultatata oss?	91
7.3 HEIMSTAD.....	93
7.3.1 Svar på hypotese 4	93
7.3.2 Svar på hypotese 5	93
7.3.3 Spesielle funn	94
7.3.4 Kva fortel resultatata oss?	95
7.4 LIVSFASE	96
7.4.1 Svar på hypotese 6	96
7.4.2 Svar på hypotese 7	96
7.4.3 Spesielle funn	97
7.4.4 Kva fortel resultatata oss?	98
7.4.5 Oppsummering av dei sosiale variablane.....	99
7.5 INDIVIDUELL VARIASJON.....	100
7.6 SVAR PÅ DEN OVERORDNA PROBLEMSTILLINGA.....	102
7.7 KVA KAN ME KALLA INFORMANTANE SI TILPASSING AV TALEMÅLET?.....	103
7.7.1 Akkommodasjon?	103
7.7.2 Kodeveksling eller stilskifte?	103
7.7.3 Knot?.....	104
7.7.4 Oppsummering og vidare perspektiv	106
7.8 PÅVERKNAD FRÅ STAVANGER?	107
8. AVSLUTTANDE KOMMENTARAR	110
8.1 OPPSUMMERING AV RESULTATA	110
8.2 VIDARE FORSKING	111
LITTERATURLISTE	112
VEDLEGG	119
VEDLEGG 1: INFORMASJONSSKRIV TIL INFORMANTANE	119
VEDLEGG 2: INTERVJUGAIDANE	121
VEDLEGG 3: BELEGG PÅ ALLE VARIABLANE PÅ INDIVIDNIVÅ	128
VEDLEGG 4: TABELLAR FOR RESULTAT VARIABEL 1, GRUPPERT ETTER SOSIALE VARIABLAR.....	139

<i>VEDLEGG 5: SNITT AV PROSENT ALTERNATIVE VARIANTAR I FS, GRUPPERT ETTER KJØNN</i>	140
<i>VEDLEGG 6: SNITT AV PROSENT ALTERNATIVE VARIANTAR I FS, GRUPPERT ETTER KJØNN OG LIVSFASE.....</i>	140
<i>VEDLEGG 7: SNITT AV PROSENT ALTERNATIVE VARIANTAR I FS, GRUPPERT ETTER HEIMSTAD.....</i>	141
<i>VEDLEGG 8: UTREKNING AV PROSENTVIS ALTERNATIVE VARIANTAR I FS, GRUPPERT ETTER LIVSFASE</i>	141
<i>VEDLEGG 9: UTREKNING AV PROSENT ALTERNATIVE FORMER AV DET TOTALE TALET PÅ BELEGG I FORMELL SITUASJON, KJØNN</i>	142
<i>VEDLEGG 10: UTREKNING AV PROSENTVIS ALTERNATIVE FORMER REKNA PÅ TAL PÅ BELEGG I FORMELL SITUASJON, HEIMSTAD.....</i>	142
<i>VEDLEGG 11: UTREKNING AV PROSENTVIS ALTERNATIVE FORMER REKNA PÅ TAL PÅ BELEGG I FORMELL SITUASJON, LIVSFASE</i>	143
<i>VEDLEGG 12: UTREKNING AV PROSENTVIS ALTERNATIVE FORMER REKNA PÅ TAL PÅ BELEGG I UFORMELL SITUASJON, LIVSFASE</i>	143
SAMANDRAG.....	144
ABSTRACT	145

FIGURAR

Figur 1	Kart Hå kommune	3
Figur 2	Prosentvis auke i folketallet i Rogaland og Hå 2003 – 2013	4
Figur 3	Folketal Hå kommune 1965 – 2013	5
Figur 4	Folketal på Nærbø og Varhaug 2000 - 2012	9
Figur 5	Grad av endring for alle variablane totalt	87
Figur 6	Grad av endring for alle variablane, kjønn	89
Figur 7	Grad av endring for alle variablane, heimstad	94
Figur 8	Grad av endring for alle variablane, livsfase	96
Figur 9	Grad av endring på individnivå	100

TABELLAR

Tabell 1	Nettoinnflytting per år, Hå kommune	5
Tabell 2	Utpendling frå Hå og dei nærliggande kommunane i nord	7
Tabell 3	Konsonantfonem i Hå kommune	12
Tabell 4	Vokalfonem i Hå kommune	13
Tabell 5	Substantivbøyinga i Hå kommune	14
Tabell 6	Verbbøyinga i Hå kommune	14
Tabell 7	Personlege pronomen i Hå kommune	15
Tabell 8	Possessiv i Hå kommune	15
Tabell 9	Resultat Bjørn Oscar Hoftvedt	27
Tabell 10	Resultat Skjekkeland, <i>homo dynamicus</i> og <i>homo domesticus</i>	38
Tabell 11	Oversikt over informantceller	49
Tabell 12	Oversikt over alle variablane med variantar	62
Tabell 13	Signifikansnivå	63
Tabell 14	Variabel 1, infinitivsmorfemet, totalt	64
Tabell 15	Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, total	64
Tabell 16	Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, kjønn	65
Tabell 17	Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, heimstad	65
Tabell 18	Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, livsfase	65
Tabell 19	Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, livsfase og kjønn	66
Tabell 20	Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/ fem, total	66
Tabell 21	Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, kjønn	67
Tabell 22	Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, heimstad	67
Tabell 23	Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, livsfase	68
Tabell 24	Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, livsfase og kjønn	68
Tabell 25	Variabel 4, presens av sterke kortverb, totalt	69
Tabell 26	Variabel 4, presens av sterke kortverb, kjønn	69
Tabell 27	Variabel 4, presens av sterke kortverb, heimstad	69
Tabell 28	Variabel 4, presens av sterke kortverb, livsfase	70
Tabell 29	Variabel 4, presens av sterke kortverb, livsfase og kjønn	70
Tabell 30	Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, totalt	70
Tabell 31	Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, kjønn	71
Tabell 32	Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, heimstad	71
Tabell 33	Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, livsfase	71
Tabell 34	Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, livsfase og kjønn	72

Tabell 35	Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, totalt	72
Tabell 36	Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, kjønn	73
Tabell 37	Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, heimstad	73
Tabell 38	Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, livsfase	74
Tabell 39	Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, livsfase og kjønn	74
Tabell 40	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, totalt	75
Tabell 41	Maskulin realisering av feminine subst.	75
Tabell 42	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, kjønn	75
Tabell 43	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, heimstad	76
Tabell 44	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase	76
Tabell 45	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase og kjønn	77
Tabell 46	Variabel 8, segmentering, totalt	77
Tabell 47	Variabel 8, segmentering, kjønn	78
Tabell 48	Variabel 8, segmentering, heimstad	78
Tabell 49	Variabel 8, segmentering, livsfase	78
Tabell 50	Variabel 8, segmentering, livsfase og kjønn	79
Tabell 51	Variabel 9, differensiering, totalt	79
Tabell 52	Variabel 9, differensiering, kjønn	80
Tabell 53	Variabel 9, differensiering, heimstad	80
Tabell 54	Variabel 9, differensiering, livsfase	81
Tabell 55	Variabel 9, differensiering, livsfase og kjønn	81
Tabell 56	Variabel 10, kort/lang vokal framom m, totalt	82
Tabell 57	Variabel 10, kort/lang vokal framom m, kjønn	82
Tabell 58	Variabel 10, kort/lang vokal framom m, heimstad	83
Tabell 59	Variabel 10, kort/lang vokal framom m, livsfase	83
Tabell 60	Variabel 10, kort/lang vokal framom m, livsfase og kjønn	83
Tabell 61	Variabel 11, u/o i bruka, totalt	84
Tabell 62	Variabel 11, u/o i bruka, kjønn	84
Tabell 63	Variabel 11, u/o i bruka, heimstad	85
Tabell 64	Variabel 11, u/o i bruka, livsfase	85
Tabell 65	Variabel 11, u/o i bruka, livsfase og kjønn	86
Tabell 66	Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase, ekskludert ”bedrift”	91
Tabell 67	Informantane rangert etter grad av endring	102

1. Innleiing

Denne granskinga skal ta føre seg situasjonsbetinga variasjon, nærare bestemt: korleis ein snakkar ulikt i forskjellige situasjonar. I Noreg seier ein i dag at den språklege toleransen er høg. Dialekta ein har skal vera gangbar i alle situasjonar, men er ho eigentleg det? Ein skal ikkje langt tilbake i tid før det var meir vanleg å tenka at formelle situasjonar kravde eit meir formelt språk, at den lokale dialekta ikkje kunne nyttast i akademiske høve eller på talarstolen i kyrkja. Så seint som i 1972 skreiv Stemshaug:

For bygdefolk vil rett nok språkbruken i mange telefonsamtalar, ved besøk i forretningar og på offentlege kontor (særleg utanfor bygda), ved møte og tilstellingar og ved samtalar med ”øvrigeita”, ikkje minst embetsmennene, bli skriftspråk- eller bymålsorientert (s. 57).

Ein ser på dialektbølga som slo innover landet på 70-talet, som eit startskot for den språklege toleransen, og ”hovudresultatet av dialektreisinga ser ut til å bli varig: eit stort spelerom for regional og personleg variasjon i talemålet i dei aller fleste sosiale samanhengar” (Torp og Vikør 2003: 270). Det er difor interessant å gjera ei systematisk gransking som undersøker om språkbrukarar frå bygda i dag, handlar i tråd med denne språklege toleransen, eller om dei vil snakka annleis i møte med ein austlending.

1.1 Problemstillingar

Hovudproblemstillinga og målet med avhandlinga er å finna ut følgjande: ”Utløyser ulike situasjonar ulik språkbruk?” Etter å ha svart på dette spørsmålet kan det au vera interessant, dersom det viser seg at informantane endrar språkbruken sin, å sjå korleis ein kan karakterisera endringa dei viser. Er vekslinga såpass tydeleg at det kan kallast kodeveksling, og kan vi i så fall seia at dei går over til eit standardtalemål, eller er det eit stilskifte vi ser? Kan vi seia at informantane knotar? Her vil det teoretiske rammeverket med ulike omgrep for nettopp tilpassing av talemålet vera til stor hjelp og gje oss eit grunnlag for å diskutera desse spørsmåla.

1.2 Empirisk grunnlag og teoretisk rammeverk

Som utgangspunkt for granskinga har eg sett til Labov sine kategoriar *careful* og *casual speech* (Labov 1991: 79), eller formell og uformell tale som det har blitt kalla på norsk. Eg har difor konstruert to ulike intervju: eit formelt og eit uformelt, for å sjå korleis desse to situasjonane påverkar språkbruken til informantane. Tettstadene Nærbø og Varhaug i Hå

kommune på Jæren er grunnlaget for granskinga. Eg kjem sjølv frå Nærbø og har difor forholdsvis god oversikt over korleis språkfelleskapa eg skal granska er. Grunnen til at to stader er valde ut, er at eg tykkjer det kan vera interessant å sjå om dei skilnadene som finst mellom desse tettstadene gjev ulike utslag reint språkleg. Intuitivt trur eg at informantane frå Nærbø vil tilpassa seg i større grad og generelt bruka fleire alternative variantar enn informantane frå Varhaug. Åtte informantar frå kvar av stadene i livsfasane yngre og midaldra er plukka ut, og alle har vore gjennom både det formelle og det uformelle intervjuet. Dei potensielle endringane språkbrukarane viser, vil bli kvantifiserte gjennom dei 11 språklege variablane som er plukka ut, i tillegg vil dei bli stilte saman med dei sosiale variablane kjønn, livsfase og heimstad for å sjå om dei ulike gruppene språkbrukarane høyrer til i, gjev utslag på språkbruken. Resultata vil bli drøfta i lys av sosiolingvistisk teori som dreier seg om *korleis* og *kvifor* vi menneske tilpassar språkbruken vår til ulike situasjonar.

1.3 Struktura i avhandlninga

Etter innleiinga følgjer eit kapittel om dei to tettstadene Nærbø og Varhaug og korleis dei er bygde opp. Kapittelet vert avslutta med ei kort framstilling av korleis dialekta er på staden. Kapittel 3 er ei historisk aktualisering som går tilbake i norgeshistoria for å sjå korleis det kan ha seg at språkbrukarar har ein tendens til å endra talemålet etter kva situasjon dei kjem opp i. Det fjerde kapittelet set avhandlninga inn i eit teoretisk rammeverk som vil gje omgrep og grunnlag for å drøfta resultata. Kapittelet munnar ut i sju hypotesar for kva resultat det innsamla materialet vil gje. Generell metodeteori og utgreiing om metoden som er nytta i denne avhandlninga, vil bli presentert i kapittel 5. Det påfølgjande kapittelet gjev eit oversyn over resultata som er henta ut frå intervjuet, strukturert etter dei 11 språklege og tre sosiale variablane. Deretter vert desse drøfta i kapittel 7 der au hypotesane og den overordna problemstillinga får svar. Til slutt vil kapittel 8 samanfatta avhandlninga i korte drag.

2. Nærbø og Varhaug

For å få innsikt i språkbruken på ein stad er det innanfor sosiolingvistisk tankegang naudsynt å kjenna til opplysningar om det samfunnet språket eksisterer i. Eg vil i denne delen gje ei framstilling generelt av Hå kommune som heilskap, først ei geografisk avgrensing (2.1) og deretter demografien (2.2). Dinest vert fokuset retta mot samferdsel (2.3) og næringsverksemd i kommunen (2.4). Tettstadene Nærbø og Varhaug vil så verta framstilte (2.5), før dei ulike delane vert summerte opp, og eg argumenterer for kvifor ei framstilling som denne er av interesse for avhandlinga (2.6). Til slutt følgjer ei kort framstilling av talemålet på staden (2.7).

2.1 Geografisk avgrensing

Tettstadene Nærbø og Varhaug ligg begge i Hå kommune, som er ein relativt ny kommune frå 1964 på cirka 255 kvadratkilometer. Heile kommunen er markert som eit raudt felt på kartet¹ til høgre, medan Nærbø og Varhaug er markerte med kvar si gule stjerne. Kommunen grensar ”i nord til Klepp og Time, i øst til Bjerkreim og i sør til Eigersund kommuner” (Thorsnæs 2014). I 1964 blei han slått saman av dei tidlegare kommunane Nærbø, Varhaug og Ognå (ibid.). Frå 1837 var Nærbø og Varhaug derimot samla under Hå herad. I 1877 vedtok formannskapet å dela vegstellet i tillegg til fattig- og skulestellet mellom Nærbø og Varhaug, men dei




Figur 1: Kart over Hå kommune.

¹ Kartet er henta frå <https://maps.google.no>.

var ikkje for at Hå herad skulle løysast opp (Obrestad og Reiestad 1939: 46). Likevel vart dei to skilde frå kvarandre i 1893, og dei fungerte då som Varhaug herad og Nærbø herad.

Ein seier at Hå kommune er del av det større området Jæren. Dette området har vorte definert på ulike måtar. Tor Time definerer det med allusjon til Garborg som ”det ’7 miler’ låge sør-vestlege kystlandet frå Stavanger i nord til det kupert Dalane-landskapet i sør” (1973: 1). *Store norske leksikon* har au ei liknande inndeling (Thorsnæs 2012). Eg vel å halda meg til den noko snevrare definisjonen som au Bøe (2013) nytta i si avhandling, og ser på Jæren som dei tre kommunane Hå, Time og Klepp. Dette er i dag ein meir hendig definisjon, fordi dei tre kommunane står fram som meir eller mindre homogene. Dei er alle prega av jordbruket, og dei urbane sentera er forholdsvis småe. Området som då vert liggande nord for Jæren, altså Stavanger- og Sandnesområdet, er prega av byane som større urbane senter og som regionale senter.

2.2 Demografi




Figur 2: Prosentvis auke i folketallet i Rogaland og Hå 2003-2013².

Dei seinare åra har Hå kommune opplevd sterk folkeauke. Lokalavisa *Jærbladet* skreiv 10. mai i 2013 på leiarplass om ”Veksesmerter i Hå kommune” (*Jærbladet* 2013). Dei skreiv om korleis folketallet i kommunen ”[v]ed utgangen av 2012, ti år før prognosane i

² Alle figurar som dreier seg om folketal i dette kapitlet, har eg laga i Excel basert på tal henta ut frå statistikkbanken til Statistisk sentralbyrå. Dei aktuelle tabellane kan hentast ut her: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Folkemengd1951&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=befolkning&KortNavnWeb=folkendrhist&StatVariant=&checked=true>

kommuneplanen, var [på] 17.365” (ibid.). *Store norske leksikon* på nett peikar òg på at folkeauken i Hå kommune har vore stor. Frå 2003 til 2013 hadde Rogaland generelt ein auke på 1,6 prosent årleg, medan Hå kommune låg på 2 prosent (Thorsnæs 2014). Dette kjem fram av figur 2.



Figur 3: Folketal Hå kommune 1965-2013.

Den sterke auken i kommunen har ikkje berre gjeve utslag dei seinare åra. Ser ein på veksten i sin heilskap sidan kommunen vart til, har han vakse til nesten dobbel storleik frå 9004 innbyggjarar i 1965 til 17 635 i 2013. Det kan vi sjå av figur 3. Jærbladet meiner denne auken skuldast innflytting, men tal frå Statistisk sentralbyrå viser derimot negative tal for nettoinnflytting. Som vi kan sjå av tabell 1, har kommunen eit overskot av innflytting i 2010 på 292 personar. Før dette har det ikkje vore noko innflyttingsoverskot sidan 1975 om ein ser tilbake i femårsbolkar. Dermed er veksten i kommunen nøydd til å koma av naturleg vekst, altså positiv differanse mellom

Nettoinnflytting per år, Hå kommune	
1965	118
1970	472
1975	85
1980	-109
1985	-53
1990	-120
1995	-93
2000	-29
2005	-31
2010	292

Tabell 1: Nettoinnflytting per år, Hå kommune.

fødsjar og dødsfall. Med tanke på det språklege fellesskapet viser dette at samfunnet er forholdsvis homogent. Likevel må ein hugse på at sjølv om innflyttinga til kommunen viser låge eller negative tal i tabellen, så er det ikkje dermed sagt at ingen flyttar inn. Oversikta viser nettoinnflyttinga, altså innflytting og utflytting slått saman, og fortel ikkje nødvendigvis at ingen har flytta inn, men berre at fleire har flytta ut enn inn. Ho kan heller ikkje fortelja oss om dei som flyttar inn, er tilbakeflyttarar, eller om dei kjem frå andre delar av landet. Tala er likevel så låge når ein ser på kommunen samla, at desse ikkje kan ha ein betydeleg innverknad på språksamfunnet. Ein annan faktor som kan ha innverknad på språksamfunnet er mobiliteten til innbyggjarane.

2.3 Samferdsel

Jærbanen ”hev gjort sitt til at deling av heradet snart vart heilt naudsynt”. Dette peikar Obrestad og Reiestad (1939: 46) på når dei skriv om kvifor Hå herad etter kvart vart nøydd til å bli delt inn i Nærbø og Varhaug. I 1866 vart Jærbanen drøfta for fyrste gong, og allereie i 1878, 12 år seinare, stod bana klar for opning (ibid.). Argumenta for å få bane var at Jæren lenge hadde lege isolert. Vegane var dårlege, og dei hadde ingen hamner mellom Sirevåg og Tananger (Risa 1990: 65). Mellom Sandnes og Eigersund var det ingen større tettstader, og då togstasjonane til Jærbanen blei bygde, var det på ”folketome lyngheier” (ibid.). Bygginga av togbanen skunda difor au på utbygginga av vegnettet inn til dei tre jernbanestasjonane Nærbø, Varhaug og Vigrestad (Obrestad og Reiestad 1939: 49). Dermed voks tettstadene etter kvart opp rundt stasjonane.

Frekvensen på avgangane til Jærbanen er i dag ulik på Nærbø og Varhaug. I rushtida er det stort sett likt, men sett bort i frå det har Nærbø avgangar to gonger i timen, medan Varhaug berre har éin gong i timen (nsb.no³). Dermed er det lettare å koma seg inn til Stavanger frå Nærbø, bussar går der ikkje. Reisetida med tog frå Nærbø og Varhaug til Stavanger er høvesvis 37 til 45 minutt (ibid.).

Bilvegen inn til Stavanger har au blitt forbetra dei seinare åra. I 2007 stod den nye riksveg 44 frå Skjæveland til Stangeland klar (Statens Vegvesen 2007). Vegen kortar ned reisetida frå Jæren til Stavanger. I tillegg syter han for at køen flyt betre i rushtida. Frå Nærbø og Varhaug

³ Avgangstider er funne ved å laga eigne rutetabellar for Nærbø-Stavanger og Varhaug-Stavanger på <https://www.nsb.no/rutetider/rutetabell>.

tek det frå 45-47 minutt å køyra dei cirka fire mila inn til Stavanger⁴. Med andre ord er det lagt til rette for lettare pendling mellom Jæren og Stavanger.

SSB viste i 2002 til at nær ein tredjedel av alle sysselsette er pendlarar (ssb.no 2002). Hå kommune låg forholdsvis nært dette gjennomsnittet rundt tusenårsskiftet. I tabell 2⁵ ser vi at 37 prosent av dei sysselsette i Hå pendla ut frå kommunen i 2000 (Stavanger-statistikken 2013a). Fram til i dag har dette talet stige jamt og låg i 2012 på 44 prosent. Av alle pendlarane i Hå, var det 37 prosent som pendla til Stavanger eller Sandnes. Time kommune har noko høgare tal enn Hå med 61 prosent som pendla ut i 2012. 49 prosent av desse pendla til Stavanger eller Sandnes. Klepp har likevel dei høgaste tala i området med 64 prosent utpendlarar i 2012. Der var det 53 prosent av desse som pendla til Stavanger eller Sandnes. Det kan altså sjå ut til at jo nærmare Stavanger kommunen ligg, dess fleire utpendlarar er der, både generelt og til Stavanger og Sandnes. Dette stemmer au med SSB sine konklusjonar som seier at ”de fleste pendlerne kommer fra omegnskommunene” til dei store byane (ssb.no 2002).

	År	Hå	Time	Klepp
Prosent som pendlar ut av kommunen	2000	37	54	59
	2005	39	56	61
	2010	42	59	64
	2012	44	61	64
Prosent til Stavanger/Sandnes	2012	37	49	53

Tabell 2: Utpendling frå Hå og dei nærliggande kommunane i nord.

2.4 Næringsverksemd

Jærbuen hadde ord på seg for ikkje å vera den mest arbeidsame på 1800-talet. ”Man kan just ikke rose mannfolkenes arbeidsomhet, og enn mindre deres hendighet” skriv P. Flor om dei i 1810 (sitert som i Obrestad og Reiestad 1939: 141). Dette har heldigvis endra seg. Mange av informantane mine trekte fram nettopp arbeidsvilje og dugnadsånd når eg bad dei beskriva jærbuen. ”Sanninga er nok ogso den at sjølve folket meir og meir har vist ein seig framstegsvilje, eit pågangsmot, ei framdrift og ei arbeidsevna, ei evna til å nytta alle sjangsar, som har vorte eit særmerke for folket” (Obrestad og Reiestad 1939: 160). Dette kjem au fram

⁴ Reisetida er basert på vegskildringar frå <https://maps.google.no>.

⁵ Tabellen er laga på tal henta frå den første tabellen og tabell nummer 2: ”Pendlingsstrømmer” i Stavanger-statistikken: http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html

når fleire av informantane fortel at arbeidsgjevarane ynskjer tilsette som held til ”sør for Skjævelandsbrua⁶”.

Gardane ligg tett i Hå kommune, men sysselsett likevel ikkje meir enn ni prosent av dei som er i jobb. I følgje kommunen sine egne sider er han trass i dette den viktigaste jordbrukskommunen i landet (Kolnes 2013). Det har likevel ikkje alltid vore slik. Tor Obrestad og Lars M. Reiestad skriv om korleis jorda på Jæren blei sett på som steinete og lite eigna for jordbruk tidleg på 1800-talet; ikkje var det mykje pengar til å få gjort noko med det heller (Obrestad og Reiestad 1939: 141). Fokuset var den gong på korn, medan det i dag er husdyrhald, og då spesielt storfe, som er hovudnæringa (Thorsnæs 2014).


Ei anna næring som er nært knytt til jordbruket, og som har vore og er viktig for Hå kommune, er meieridrifta (Thorsnæs 2014). På Nesheim utanfor Nærbø blei det første meieriet i landet oppretta i 1854, vel å merka eit privatmeieri (Obrestad og Reiestad 1939: 163). Heilt fram til i dag har denne næringa vore viktig for kommunen. I 2012 stod det nye meieriet på Nærbø klart, Noregs største (Rambøll). Det skal betena heile Jæren. Prosentvis jobbar 18 av dei sysselsette i kommunen innanfor industrien (Stavanger-statistikken 2013b). Eg vil meina at meieridrifta må gå inn under desse prosentane. Det gamle meieriet på Varhaug har blitt bygt om og husar no Fjordland sin ferdigmatproduksjon. Dette inngår au i den lokale industrien. Andre viktige næringar i kommunen er helse- og sosialtenester med 17 prosent av dei sysselsette, 13 prosent jobbar innanfor bygg- og anleggsverksemd, medan 12 prosent driv innanfor varehandel og motorvognreparasjonar (ibid.). Det finst og andre næringar i kommunen, men eg har valt å utelata dei som sysselsett under ni prosent av befolkninga.

2.5 Tettstadene Nærbø og Varhaug

Grunnen til at nettopp tettstadene Nærbø og Varhaug er valde, er ikkje berre at Nærbø er min heimstad, og at eg kjenner forholdsvis godt til dialekten både der og på Varhaug. Dei er òg interessante med tanke på komparasjon fordi dei på mange måtar er forskjellige trass i alle likskapane, og fordi det er berre sju kilometer mellom dei.

⁶ Uttrykket ”sør for Skjævelandsbrua” vert av innbyggjarane nord for brua nytta nærast som eit skjellsord og som eit tydeleg skilje på det rurale og det urbane Jæren. Brua ligg i skiljet mellom Klepp og Sandnes. Blant dei som bur sør for brua vert uttrykket derimot nytta i positiv forstand som eit teikn på ein dugande arbeidskar.

Begge tettstadene består av ein sentrumskjerne med større kringliggende område som høyrer til tettstaden. Desse områda er prega av gardar og jordbruk. Nærbø ligg lengst nord i Hå og dermed tettast opp til Bryne, som er den næraste byen. Varhaug ligg berre om lag sju kilometer frå Nærbø, som næraste tettstad mot sør. Som ein kan sjå av figur 4, er Nærbø betrakteleg større enn Varhaug når det gjeld folketal. Likevel har begge tettstadene hatt prosentvis ganske stor auke dei seinare åra. Varhaug har vakse frå 2282 innbyggjarar i 2000 til 2857 i 2012, noko som er ein auke på cirka 33,5 prosent. Nærbø på si side har vakse frå 4755 innbyggjarar i 2000 til 6431⁷ i 2012 og har dermed hatt ein vekst på cirka 40,4 prosent.



Figur 4: Folketal på Nærbø og Varhaug 2000-2012

Det administrative senteret i kommunen ligg på Varhaug. Både lensmannen og rådhuset er plasserte der. Trass i dette er det Nærbø som står fram som det urbane senteret i den grad det kan kallast urbant. Nærbø har to handlesenter med fleire butikkar der ein kan få kjøpt mat, klede, sko, bøker, elektriske artiklar og anna. Fleire av dei midaldra informantane frå Varhaug fortel at dei gjerne reiser til Nærbø når det er noko dei treng anna enn daglegvarer. Dei har butikkar på Varhaug au, men ikkje i så stor grad som på Nærbø.

⁷ Innbyggartala er ikkje heilt nøyaktige. Etter samtale med ansvarleg for statistikk i Hå kommune fekk eg veta at tala SSB opererer med, berre inkluderer dei som bur på tettstadene Nærbø og Varhaug. Dei som bur utanfor sentrum, vert dermed ikkje rekna med i SSB sine statistikkar. Grunnen til at eg meiner desse au skal reknast til tettstadene Nærbø og Varhaug, er at dei ikkje har eit eige samfunn der dei bur i den forstand at dei må inn til høvesvis Nærbø eller Varhaug for å handla og gå på skule, i tillegg har dei postnummer til Nærbø/Varhaug, soknar til Nærbø/Varhaug kyrkje og om dei driv med idrett, gjer dei det på laget til Nærbø/Varhaug. Eg meiner dermed at ein må seia dei høyrer til samfunna Nærbø og Varhaug.

Når det gjeld skular, har Varhaug éin barneskule og éin ungdomsskule, medan Nærbø har fire barneskular, som alle soknar til den same kommunale ungdomsskulen⁸. I tillegg har dei ein privat ungdomsskule på Nærbø som er driven av misjonsorganisasjonen Norsk Luthersk Misjonssamband og som tek opp elevar frå heile Jæren. Den same organisasjonen driv au ein vidaregåande skule på Nærbø. Men ein stor del av ungdommane reiser frå både Nærbø og Varhaug til Bryne for å gå på vidaregåande skule. Nokre reiser au heilt inn til Stavanger og Sandnes.

Slik informantane sjølv beskriv heimstaden og nabostaden sin, kjem det fram at samfunna er forholdsvis like. Dei meiner det er koselege stader å bu på, trass i at dei er klare på at det ikkje er dei finaste stadene. Folka er koselege og arbeidssame, landbruket er dominerande, medan idretten og kyrkja er det som pregar lokalsamfunna. Likevel har vi sett at der er nokre skilje mellom dei to stadene. Samanfatta skil altså Nærbø seg frå Varhaug med tanke på nærleiken til den nærmaste byen: Bryne, på folketalet, som au verkar inn på kor mange skular der er og på talet på butikkar og, som vi skal sjå i det neste delkapittelet, på tilgjengelege avgangar med toget til Stavanger.

2.6 Oppsummering og aktualisering

Me har sett at Hå kommune har hatt sterk folkeauke dei seinare åra som følgje av fødselsoverskot. I tillegg såg me at 44 prosent av arbeidstakarane pendlar ut av kommunen. Moglegheita for pendling har blitt utbetra dei seinare åra med hjelp av Jærbanen og den nye riksvegen. Pendlinga er likevel større i dei to nærliggande kommunane Klepp og Time. Vidare såg me at industriverksemda står sterkt i kommunen og sysselsett 18 prosent av innbyggerane.

Nærbø er den største av dei to tettstadene. Andre faktorar som skil dei frå kvarandre, er at Nærbø er det urbane senteret i kommunen medan Varhaug er det administrative, Nærbø ligg nærast Bryne og har høgast frekvens på togavgangane. Likevel har tettstadene mange likskapar: Dei er rurale samfunn der jordbruket står sterkt, kyrkja og idretten har ein viktig plass i lokalsamfunnet og menneska er arbeidsame.

Som nemnt i innleiinga kan oppbygginga av eit samfunn ha innverknad på språkbruken på staden. Språket er eit sosialt fenomen som er avhengig av det kollektive. Hadde ein halde seg

⁸ Alle ungdomsinformantar frå Nærbø er henta frå denne kommunale ungdomsskulen.

for seg sjølv, ville ein ikkje ha behov for å uttrykka seg, altså ikkje hatt behov for språk. Likevel er språket au avhengig av at individet nyttar språket eller *internaliserer* språket. Ein kan seia at språket eksisterer i ein vekselverknad mellom kollektivet og individet (Hernes 2005). Nettopp på grunn av dette er det naudsynt både å sjå på makrostorleikar og mikrostorleikar i granskninga av språk. Makro i denne samanhengen dreier seg altså om samfunnet som språkbrukaren er del av. Kor nær tettstaden ligg til Bryne, kan ha innverknad på kor ofte individa på staden reiser til Bryne og dermed kor stor språkleg påverknad Bryne har. Kor ofte individa reiser til Stavanger, har same typen innverknad. Dette er faktorar som spelar inn både på individnivå og på kollektivet. Dei individa som ”reiser ut” tidt og ofte, tek gjerne med seg språkdrag utanfrå. Dersom det er mange individ innanfor eit språkfelleskap som gjer det, kan det føra til at individa i fellesskapet som ikkje reiser så ofte ut, likevel vert påverka gjennom dei individa som gjer det. Mikrostorleikane er dei sosiale faktorane som er spesifikke for kvar enkelt språkbrukar: kva jobb han har, kven han omgåast, kor i bygda han bur og så bortetter. Me skal sjå meir på korleis dette kan ha innverknad på språkbrukaren under 4.3.3 om nettverksteori. Men desse mikrostorleikane er altså au med og verkar inn på heile språksamfunnet, som forklart ovanfor. Poenget med denne framstillinga av Nærbø og Varhaug som samfunn er såleis å gje informasjon om korleis heimstadene til informantane er bygd opp, for dinest å sjå om nettopp dette kan ha innverknad på individa sin språkbruk.

2.7 Korleis er dialekta på stadene?

Labov seier at ”the direct observation of language in use presuppose that the outlines of the grammar have been sketched in - that the main possibilities are known” (1991: 202). Han meiner altså at forskaren må ha ei skisse over grammatikken på staden å gå etter når han skal granska eit samfunn. Skissa gjer det lettare å høyra kva variant ein variabel realiserer, fordi ein er førebudd på kva som kan koma, meiner han. Eit anna argument er at det er ein viktig del av konteksten for oppgåva å veta kva slags dialekt ein har med å gjera. Dermed meiner eg ei kort framstilling av dialekten på Nærbø og Varhaug er eit nødvendig bakteppe å ha med i denne avhandlinga.

2.7.1 Generelt om dialekta

Dialekta i Hå høyrer til det sørvestlandske talemålet som strekker seg frå Indre Sogn i nord til om lag Lista i Vest-Agder i sør (Hanssen 2010: 169). Språkbrukarane sjølve kallar dialekta *jærsk*. I denne avhandlinga vil difor ”dialekta i Hå kommune” og *jærsk/jærmålet/jærdialekta* bli nytta om kvarandre for å gje språkleg variasjon, men viser altså til det same talemålet. Sørvestlandsk vert kjenneteikna med a-ending i infinitiv og svake hokjønnsord og vert difor

kalla a-mål (ibid. s. 170). Særheim peikar på at "[e]it viktig skiljemerke mellom stavanger- og jærmålet er bruken av æ-lyden. I motsetnad til stavangermålet skil jærmålet mellom lang *e* og *æ*, og æ-lyden er svært open og frekvent i dette målet" (Særheim 2011: 117). Dette er au eit særdrag som mange av informantane peikar på. Nokre av trekka Ueland (1975: 10f) held fram som typiske for Jæren er: blaute konsonantar eller *lenisering*, *segmentering* og *differensiering*, svarabhaktivokal, skarre-r, at "svake og sterke hokjønns-substantiv har same ending i bunden form", palatalisering av velarar og r-bortfall i ubunden form pluralis og i presens av svake verb (nokre av desse er likevel til dels på veg ut i dag). Enkelte av desse fenomena vil bli nærmare omtalte nedanfor. Fleire har skrivne avhandlingar om jærdialekta tidlegare, Tor Time (1973) Eirik Ueland (1975) og Per Sigmund Sævik Bøe (2013) er nokre av dei. Eg vil i stor grad støtta meg til dei to sistnemnde i denne framstillinga av dialekta i Hå kommune.

2.7.2 Konsonantfonema

Dialekta på Jæren har 18 konsonantfonem. Retrofleksar er det ikkje, ei heller rulle-r (alveolar r). Sistnemnde rådde derimot i dialekta tidlegare, men er i dag så og seia døydd ut til fordel for den uvulare r-en eller skarre-r-en.

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Palatal	Velar/uvular	Glottal
Plosivar	p/b ⁹	t/d			k/g	
Frikativar	f/v	s	ʃ	ç/j	ɣ	h
Nasalar	/m	/n			ŋ	
Laterale approksimantar		/l				

Tabell 3: Konsonantfonem i Hå kommune.

Lenisering

Hå kommune høyrer til området som har hatt lenisering av korte ustemte plosivar etter vokal (Sandøy 2010: 152, Ueland 1975). Meir folkeleg vert fenomenet kalla blaute konsonantar og dreier seg heilt konkret om når *p*, *t*, *k* går over til *b*, *d*, *g* etter lang vokal (Ueland 1975: 10), noko som fører til at *mat*, *bok* og *tap* vert uttalt /ma:d/, /bo:g/ og /ta:b/. Utbreiinga av dette fenomenet har tradisjonelt vore langs "den blaude kyststribå", altså frå Arendal til og med søre delane av Ryfylke" (Sandøy 2010: 152). Regelen slutta å vera produktiv for mange generasjonar sidan. Det betyr at nye lånord i språket ikkje fell inn under leniseringa, noko vi kan sjå av til dømes lånordet *foto* (ibid. s. 154).

⁹ Fonema til høgre for skråstreken er stemte.

Palatalisering av velarar

Eit anna fenomen som har vore vanleg i dialekta i Hå, er palatalisering av velarar (Bøe 2013: 29, Ueland 1975). Det vil seia at velarane /k, g, ŋ/ går over til palatatar i ”bøyingsklasser som i norrønt hadde suffikset *-i*” (Bøe 2013: 29). Heilt konkret viser dette seg i ord som til dømes *bakken*, *veggen* og *senga*, som ved palatalisering vert uttalt [bacçən], [veŋçən] og [seŋçə]. Dette fenomenet er derimot på veg ut i dag (ibid.), og det blir ikkje teke med i regeloversikta nedanfor.

2.7.3 Vokalfonema

Vokalfonema ein finn realiserte på jærsk, er i tillegg til dei ni i tabell 4, dei tre diftongane /au/, /aɪ/ og /œy/.

	Fremre		Midtre	Bakre runda
	Runda	Urunda		
Høg	i	y	ɥ	u
Halvhøg	e	ø		ɔ
Halvlåg	æ			
Låg				ɑ

Tabell 4: Vokalfonem i Hå kommune.

2.7.4 Fonologiske reglar

Dei fonologiske reglane for jærdialekta er like dei som gjeld for stavangerdialekta. Her er dei difor henta frå *Norsk dialektkunnskap* (Sandøy 1985: 279) om nettopp stavangerdialekta:

F1. Kort /e/ blir uttalt [ɛ]: /vet/ [vɛt] „veit“

F2. /e/ i trykklett utlyd blir uttalt [ə]: /fla:de/ [fla:də]

F3. Fonemet /a/ blir uttalt [a] når det er kort, og når det står i trykklett staving: /blana/ [blana]. Elles er det uttalt [ɑ].

F4. Den trykklette stavinga /en/ blir til /ɲ/ etter /t, d, s, n, l/ og etter vokal: /mɔ:d+en/ → [mɔ:dɲ], /by:+en/ → [by:ɲ]

F5. /v, ʋ/ blir ustemte, dvs. /f/ og [ʋ], etter kort vokal og føre ustemt konsonant: /høgt/ [høʋt], /va:nlikt/ ← /va:nlig+t/

2.7.5 Morfologi

Substantivbøyinga¹⁰

Kjøn	Klasse	Døme	Eintal		Fleirtal	
			Ubestemt	Bestemt	Ubestemt	Bestemt
Hankjøn	Sterke	a-klasse <i>hest</i>	-Ø	-en	-a	-ane
		e-klasse <i>gjest</i>	-Ø	-en	-e	-ene
		omlydsklasse <i>fot, son</i>	-Ø	-en	-e (med omlyd i rota)	-ene (med omlyd i rota)
	Svake	<i>bakke, hane</i>	-e	-n	-a	-ane
Hokjøn	Sterke	<i>tid, å, geit</i>	-Ø	-å	-e	-ene
	Svake	<i>jente, gate, vise</i>	-a	-å	-e	-ene
Inkjekjøn	Sterke	<i>tak, bein, hus</i>	-Ø	-e	-Ø	-o
	Svake	<i>merke, teppe</i>	-e	-e	-e	-o el. -ene

Tabell 5: Substantivbøyinga i Hå kommune.

Verbbøyinga¹¹

	Klasse	Døme	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp
Sterke verb	(Avlydsklasse 1-6)	<i>bera, synga,</i>	-a	-e	-Ø (med omlyd)	-e (med omlyd)
Svake verb	1. a-lassen	<i>nekta, kasta</i>		-a/-e	-a	-a
	2. te-lassen	<i>kalla, dansa</i>		-a/-e	-te	-t
	3. de-lassen	<i>ringa, høyra</i> ¹²	-a	-e	-de	-d
	4. ”j-de-lassen” ¹³	<i>fylgja, krevja,</i>	-a	-e	-de	-t
	5a. blanda klasse	<i>lysa, kvila, kjøpa</i>	-a	-e	-te	-t
	5b. blanda klasse	<i>dømna, sprenga</i> ¹⁴ .	-a	-e	-de	-t

Tabell 6: Verbbøyinga i Hå kommune.

¹⁰ Tabellen er henta frå Bøe 2013: 31.

¹¹ Tabellen er henta frå Bøe 2013: 32.

¹² Verba som har utlydande trykk tung vokal får kort vokal framom alveolarending.

¹³ Hå mange yngre språkbrukarar kunne ein i dag føyd denne klassen til i 3. de-lassen om ein hadde lagt til –t som eit alternativ i perfektum partisipp. Altså har mange gått bort frå det palatale segmentet.

¹⁴ Det same gjeld her som i 12.

2.7.6 Pronomen- og determinativsystemet

Personlege pronomen

	Subjektsform	Objektsform
Eintal:		
1. person	æ:g	mæ:g
2. person	dæ:	dæ:g
3. person		
- Maskulinum	han ¹⁵	han
- Femininum	hæ: ¹⁶	² hena ¹⁷
- Nøytrum	dæ:/de:	dæ:/de:
Fleirtal:		
1. person	me:	¹ øke
2. person	¹ døke ¹⁸	¹ døke
3. person	dai	dai

Tabell 7: Personlege pronomen i Hå kommune.

Possesivar

Eintal:	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
1. person	min	mi	mit	mi:ne
2. person	din	di	dit	² di:ne
3. person	hans	² hena	sit	² si:ne
Fleirtal:				
1. person	² øka	² øka	² øka	² øka
2. person	² døka	² døka	² døka	² døka
3. person	² daira	² daira	² daira	² daira

Tabell 8: Possesiv i Hå kommune.

¹⁵ Ofte realisert berre som *an* i trykklett posisjon. Det same gjeld for objektsforma.

¹⁶ Kan au realiserast med berre /æ/, eller /u/.

¹⁷ Ofte realisert som berre *na* i trykklett posisjon. I trykksterk posisjon kan det ofte verta bytt ut med *hu*.

¹⁸ Tidlegare har dialekta hatt skiljet mellom *de* i subjektsform og *døke* i objektsform, men i dag er det få språkbrukarar som held på dette skiljet.

3. Historisk aktualisering

For å kunna seia noko om kvifor språkbrukarar kan kjenna eit behov for å snakka annleis i enkelte situasjonar, meiner eg det er på sin plass å gå tilbake i historia og sjå korleis det norske språket og synet på bruken av det har utvikla seg. Norsk har gått frå å vera eit godt utbygd skriftspråk under mellomalderen (Jahr 2003: 331) til berre å vera eit talemål under dansketida, før nordmennene igjen utarbeidde sitt eige skriftspråk frå 1800-talet og utover. I dette kapitlet vil eg gje eit kort innblikk i denne historiske utviklinga og korleis den verka inn på ikkje berre det skrivne språket, men au det talte. Framstillinga vil først sjå på forholda under dansketida (3.1), og dinest korleis den språklege utviklinga har gått etter at Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814 og vart ein eigen stat i 1905 (3.2). Dialektbølgja på 1970-talet meiner eg au vil vera ei viktig hending å trekka fram i denne samanhengen (3.3). Til slutt vil eg gje eit kort innblikk i korleis språket og dialektane vert omtalte i norske medium i dag (3.4), fordi eg meiner det kan ha ein innverknad på dialektbrukaren si sjølvkjensle når det gjeld eige talemål.

3.1 Dansketida (1350 – 1814)

Allereie i 1380 kom Noreg under dansk dominans med felles konge. Talemålet gjennom heile dansketida var norsk (Nesse 2013: 107), men påverknaden frå dansk var likevel stor, særleg på skriftspråket. Reformasjonen og Luther førte på 1500-talet fram eit nytt syn på folkespråket (Hyvik 2009: 30). Han meinte det viktigaste var å nå ut til folk flest og ”framheva bruken av folkespråk som utdanningsmiddel” (ibid.). Tankane som hadde vore gjeldande i tida, var nemleg at dei klassiske språka (tysk, fransk og latin) var kjelda til kunnskap og danning, og for det munnlege språket var det slik at eliten kodeveksla¹⁹ til desse heilt fram til 1800-talet (ibid. s. 31).

På slutten av 1700-talet dukka dei nasjonalistiske tankestraumane opp. Tankar om demokrati og folkestyre blei viktige, og tydelege teikn på dette kan ein sjå av revolusjonane i Frankrike og Amerika. Eit anna drag desse tankane bringa med seg, var eit fornya fokus på folkespråket (Hyvik 2009). Viktig innanfor dei nasjonalistiske tankestraumane, var einskap, og før 1700 ein gong oppstod truleg tanken om at standardiserte normer låg over dei lokale dialektane (Haugen 1976: 358). Eit teikn på det kan vi finna i Rasch sin danske grammatikk frå 1698. Han peikar på at

¹⁹ Omgrepet vert definert under 4.2.4.

om det [lokale talemålet] har havt liden Siirlighed mod det andet [bymålet] at ligne, saa har det dog altid havt *stor anseend hos sine egne*, som have *hadet* enhver av sit folk, der har villet tale den siirligste dialect, ti derved er meent, at de have villet tillige *foragte* sine egne grovere talende. Vidne i denne Sag vil jeg indstævne fra Norge. Der, saa snart nogen bonde (eller særlig bondepiger, hvilket saasnt de have tjent et halvt aar i byen i et kjøken fører de hjem eet heelt fricasseret spraag) begynder at tale bymaal, da avsindes de over ham, som den der vil *hovmode* seg over dem, hvilket ham derfor bebrejdes saaledis: Højr ka han knodæ, d. e. hør hvor han siger sig til med oord (Henta frå Seip 1956: 243, mine uthevingar og tillegg).

Frå dette sitatet kan ein henta ut fleire viktige poeng. For det fyrste peikar Rasch på at byane har eit talemål som vert høgare akta enn bygdemåla. Dei som flyttar frå bygd til by har såleis ein tendens til å ta til seg dette talemålet. For det andre peikar han på korleis språkendinga blir vurdert når den som har vore i byen, kjem heim att til bygda. Han viser at det blir sett på som *hovmod* og ei *forakt* for sine egne, og at dei som snakkar *sirleg*, vil bli hata av sambygdingane. Viktig er det au å leggja merke den høge statusen (*stor anseend*) han meiner den lokale dialekta alltid har hatt hjå sine egne. Det er truleg eit teikn på lojalitet til sin eigen stand. Eit tredje poeng er at Rasch er blant dei første til å skriva ned og forklara omgrepet *knot*²⁰ (Molde 2007: 29). Han bruker omgrepet om: ”naar en norsch taler dansk”²¹ (Rasch 1957: 15).

Tidlegare hadde som sagt eliten nytta andre språk i formelle høve, dermed hadde dei ikkje utvikla ein opphøgd sosiolekt på sitt eige språk. Med det nye fokuset på folkespråket eller morsmålet, meldte såleis eit nytt behov seg. For den norske eliten som saman med resten av landet var underlagt Danmark, blei resultatet, som Rasch viser til, at det oppstod eit talemål som ”kan beskrives som norsk uttale av dansk skrift. (...) Når skriftspråket i tillegg ble standardisert og variasjon ble sett på som ’udannet’, var veien kort til at det ble et poeng å snakke standardisert” (Nesse 2013: 122). Eliten gjekk altså frå eit fokus på tospråklegheit til ein tanke om at ulike situasjonar fordra ulike talespråkelege stilartar innanfor morsmålet. Det gjaldt au den norske eliten. For dei var det naturleg å sjå på det å snakka det standardiserte fellesspråket dansk som ein del av å bruka morsmålet.

Ein annan faktor som hadde innverknad på den talespråkelege situasjonen, var framvoksteren av standssamfunnet (Haugen 1976: 93). Den utdanna og privilegerte eliten ser på

²⁰ Omgrepet vert handsama meir inngåande i 4.2.6.

²¹ Ein finurleg detalj som er interessant i konteksten av denne oppgåva, er at Rasch budde ein periode på Kvalbein som ligg sør i Hå kommune (del av Brusand). Inge Særheim (2011: 119) argumenterer for at skriftene til Rasch byggjer på nettopp jærmålet og ikkje Stavangermålet som tidlegare anteke.

arbeidarklassen sitt språk som mindreverdig, og sidan det er nettopp eliten som har mest makt i samfunnet, har dei

many advantages in the form of access to education and travel, leisure for the cultivation of speech and the learning of foreign languages. The result will be the development of one or more prestigious forms of speaking, often in dependence on the written language or on foreign models, which mark the élite off from the 'riff-raff' (ibid. s. 54).

Som vi ser av sitatet nytta altså eliten standardspråket som eit maktmiddel over dei lågare stendene. Grammatikarar gav tips og råd om uttale, og det eksisterte ein "beste tale" som ein nytta ved sær s formelle høve. Denne varieteten var likevel ikkje særleg utstrekt i bruk. Sjølv dei som nytta han, avgrensa varieteten til berre dei mest formelle høva. Først på 1800-talet, då skulesystemet voks fram, blei ein overordna standardvarietet spreidd ut til heile folket (ibid.).

3.2 Det norske språket vinn fram (1814 - 1960)

Då Noreg reviderte grunnlova si i 1814, vart det bestemt at skriftspråket i statsstyriminga skulle vera norsk (Nesse 2013: 123). På den tida hadde derimot ikkje Noreg eit eige skriftspråk, så det ein meinte var altså at ein skulle skriva dansk (som blei sett på som norsk) for å unngå svensk. Som kjent var Noreg på denne tida inne i ein personalunion med Sverige, men oppnådde mykje sjølvstyre på grunn av hendingane i 1814.

Under nasjonalromantikken mot midten av 1800-talet begynte ein å sjå etter ei eiga norsk normering av skriftspråket, og to alternativ stod fram. Dei kjenner vi gjennom Ivar Aasen og Knud Knudsen og høvesvis landsmål og riksmål. Skriftspråka vart jamstilte i 1885 (Nesse 2013: 153), og i dag har vi framleis dei to målformene nynorsk og bokmål. Jahr (2003: 334) har peika på at dersom

Knudsen's solution and view [had] been the only one pursued, the sociolinguistic situation in Norway would – most probably – have turned out to be very much the same as we find today in Sweden and Denmark. Norway would have had a strong and generally accepted written and spoken standard variety, closely connected with the spoken idiom of the upper and educated classes, whereas the lower classes would have used more or less low-status dialects, which in the course of time would retreat more remote rural areas, leaving larger geographical areas to an expanding standard variety.

Talemålet var au eit heitt tema på 1800-talet, spesielt i skulen. Skulle elevane få nytta den lokale dialekta si, eller var det naudsynt at dei vart opplærde i eit standardtalemål? Før 1850 hadde lærarane på bygda ikkje hatt noka formell opplæring og nytta dermed sin eigen dialekt i undervisninga. Etter 1850 oppretta ein derimot formell utdanning for lærarar, og dei fekk

såleis kjennskap til standardtalemålet (Nesse 2013: 169). Mange lærarar ynskte at elevane skulle gjera det same, og elevane opplevde stadig å verta retta på om dei ikkje snakka dansk (Torp og Vikør 2003: 265). Denne manglande toleransen var etter alt å dømma ikkje eit nasjonalt mål, og i 1878 vart det bestemt av Stortinget at undervisninga skulle gå føre seg på ”børnenes eget talsprog” (Nesse 2013: 169). På landsbygda fungerte dette bra, men i byane meinte lærarane at det var riksmålet som var talemålet til borna, og dei blei framleis retta på. Som Sandøy (2011: 121) peikar på, blei vedtaket sett som ”a provocation to the cultural and social elite, since their prestigious language varieties were no longer self-evident models”.

Sjølv om dei dialektale forskjellane no skulle akseptrast i skulen, betyr ikkje det at dei vart aksepterte over alt. Nokre situasjonar kravde framleis bruk av eit standardmål, anten i retning av Aasen sitt landsmål/nynorsk, eller mot Knudsen sitt riksmål/bokmål. Dei familiære samkommene og samtaler mellom vener og elevar kunne gjerne gå føre seg på dialekt, men meir formelle språksituasjonar som til dømes undervisning på universiteta, gudstenester og opplesing av nyhende kravde framleis ein standard (Sandøy 2011: jamfør tabell s. 123). Dialektbølgja på 1970-talet skulle derimot hjelpa til slik at dialektane stadig utvida sine bruksområde.

3.3 Dialektbølgja og språkleg toleranse 1970 →

På 1950- og 1960-talet opplevde Noreg ein utdanningseksplasjon, og mange av studentane kom frå rurale strok inn til byane for å studera.

Denne utviklinga kunne ha ført til ein massiv overgang til normalisert talemål i den yngre generasjonen, slik vi har sett i dei fleste andre land, men det gjekk annleis: Nettopp blant den utflytta ungdommen som tok høgare utdanning, voks det fram ei ’dialektbølgje’ frå slutten av sekstiåra av (Torp og Vikør 2003: 269).

Studentane ville gjera opprør mot dei tradisjonelle normene om at ein skulle tilpassa talemålet (ibid.) ”Færre tok seg bryet med å lære et standardtalemål og holdt i stedet fast ved dialekten sin uansett hvilken situasjon de måtte befinne seg i” (Nesse 2013:197).

Dialektbølgja blei i stor grad utløyst av kronikken ”Talemålsnormering” skriven av Finn Erik Vinje i Arbeidarbladet i 1973. I kronikken gjev han uttrykk for at skulen bør ta ansvar for å lære opp elevane i eit normaltalemål²². Den auka mobiliteten i samfunnet har nemleg ført til at

²² Korleis debatten kring normaltalemålet ser ut i dag, vert handsama under 4.2.3, men omgrepet *normaltalemål* er der bytta ut med *standardtalemål*.

det er naudsynt for folk å ha eit slikt talemål å gå over til i visse situasjonar, og folk vert usikre om dei ikkje har ei slik norm, peikar han på (Vinje 1973: 64). Mange tok til motmæle, og éin av dei var Ragnvald H. Taule som meinte at "[b]ak dette språksynet ligg makt og prestisje i dag som i tidlegare tider" (1973: 69). Vikør er samd i at rota til problemet ligg i maktstrukturane i samfunnet, og at eliten gjev seg sjølv myndigheit til å avgjera at deira språk er det *normale*, medan dialektane er *avviket*. "Dette er vel årsaka til den språklege uvissa hos folk, ikkje det at dei ikkje finn ei norm", svarer han på Vinje sine utspel (Vikør 1973: 73). Worren (1973: 77) er au blant respondentane og han skriv at "[v]i trur heller ikkje lenger på myten om at dialektar ikkje strekk til i alle samanhengar". Kronikken til Vinje førte altså ikkje til auka fokus på opplæring i eit normaltalemål, snarare tvert om. Og denne utviklinga har berre gått ein veg fram til i dag; mot stadig større aksept for bruk av dialektar i alle situasjonar. Fenomenet vert gjerne omtalt som ei "destandardisering" og har i dag gått så langt at det skrivne språket au vert dialektalt farga innanfor enkelte medium som td. SMS og Facebook (Sandøy 2011: 123).

Tor Time gjennomførte ei haldningsgransking i Time kommune (nabokommunen til Hå i nord jamfør 2.1) i samband med si hovudfagsavhandling i 1973. 49 prosent av dei spurde seier at dei likar sin eigen dialekt (Time 1973: 141) og 53 prosent seier at dei vil høyra dialekta "ublanda" når jærbuar opptrer på radio eller i fjernsynet (ibid. s. 142). Time konkluderer såleis med at "svara synast å visa at dialekten står ganske sterkt" (ibid.). Ein av informantane har uttalt at "[a]lle bør snakka morsmålet sitt, og ikkje skjemmast av dette" (ibid.). Når dei får spørsmål om språkleg tilpassing i møte med menneske frå andre delar av landet, vert det uttrykt at "ein treng ikkje å herma etter østlendingane". Løysinga på eit eventuelt problem med forståinga, meiner éin informant må vera å snakka seint. Ein annan har lagt vekt på at "ein 'ordlegg seg betre' på dialekt og det er unaturleg å knota" (ibid.). Likevel svarer 71 prosent av informantane hans at dei "må knota når dei ytre tilhøva krev dette", men det er helst når dei er borte frå heimemiljøet (ibid. s. 143). Det ser såleis ut til at haldningane Rasch peika på i 1698 (at den lokale dialekta står sterkt hjå sine eigne), framleis er gjeldande på Jæren på 1970-talet, og at Vinje sine utsegner om at alle bør ha eit normaltalemål å gå over til, er noko dei fleste jærbuane tek avstand frå.

Trass i at Vinje fekk mykje kritikk, var han ikkje den einaste til å formidla tankar om ei overordna talemålsnorm. Hoftvedt si hovudfagsoppgåve frå 1979 trekker fram ei lærebok i handelsskulen frå 1974 "der elevane blei råda til å normalisere språket sitt hvis de skulle inn i

visse yrker” (Hoftvedt 1979: 84). Han siterer frå læreboka: ”Slurvete uttale av ord (dårlig artikulering) viser også mangel på god oppdragelse” (Gjerde 1974: 165 i Hoftvedt 1979: 84). Ungdomsinformantar frå ei haldningsgransking i Oslo i 1978 meiner au at ”[a]ll form for a- endelser og annet som kan minne om østkantspråk er stygt. Dette vitner dessuten om dårlige manerer og slett oppdragelse” (Gulliksen 1978 i Hoftvedt 1979: 84). Fleire har altså blitt påverka av tanken om at det finst noko som er *normalt*, og noko som er *avvikande*.

3.4 Mediediskursen i dag

Mediediskursen er au med og verkar inn på folk flest si oppfatning av dialektane. Adjektiv som ”fin”, ”stygg”, ”forferdeleg”, ”rar”, ”morsom”, ”grusom”, ”nydeleg” og ”vanskeleg” vart alle nytta i norske medium det siste året for å skildra ulike dialektar²³. Til dømes vart rogalandsdialekta i 2012 kåra til Noregs styggaste i ei gransking utført av Norstat for tv-programmet *Brille* (Dalland 2012). Dette vart snakka om på VG-nett sitt program *Tørnquist show* den 14. mars 2014²⁴. Tørnquist seier sjølv i eit intervju med ein tilfeldig forbipasserande: ”det er kanskje ikke så lurt å jobbe som telefonselger for eksempel hvis du... [snakker rogalandsdialekt]”. Andre han snakkar med, uttaler at ”[d]ialekta er ille”. I tillegg vert rogalendingane tillagt særslå dårlege eigenskapar som følge av den ”stygge dialekta”.

Ei meiningsmåling gjort av Dagbladet i 2011 viste derimot at rogalandsdialekta var den mest sjarmerande, men samtidig blei ho ranka som nummer tre av dei minst sjarmerande. Sylfest Lomheim blei spurt om å uttala seg om dette, men han ville ikkje gje eit svar på kva for ein dialekt han meinte var den styggaste (Gilbrant, Kristiansen og Krokfjord 2011). ”Det finnes ikke objektive kriterier som avgjør om en dialekt er pen eller stygg, ifølge Arne Torp. Om vi liker klangen eller ikke, er basert på fordommer og tidligere erfaringer med språket” (ibid.). Desse språkvtitarane vil altså ikkje ta del i diskursen som media prøver å skapa ved å karakterisera dialekter som ”fine” og ”stygge”. Sidan folk flest ikkje har eit innblikk i kva språkforskarane meiner om saka, men heller les aviser, er det altså den mykje brukte dikotomien mellom ”fin” og ”stygg” dei får med seg og blir farga av, noko som kan ha ein innverknad på kor stort handlingsrom dei føler at eigen dialekt gjev.

For å summera opp den historiske gjennomgangen har vi altså sett at dansketida førte til at vi gjekk bort frå det norrøne skriftspråket, og at det kom ein periode der eliten gjekk frå å

²³ Funne ved å søkja på dei aktuelle adjektiva i hermeteikn saman med dialekt i det digitale mediearkivet atekst, til dømes ”stygg dialekt”.

²⁴ Heile programmet kan ein sjå på <http://www.vgtv.no/#!/video/78715/toernquist-show-38-gjest-pia-tjelta>.

kodeveksla til latin, tysk og fransk, til å nytta eit standardspråk som låg tett opp mot det danske skriftspråket. Frigjeringa frå Danmark, vår eiga grunnlov og aller mest nasjonalromantikken gav politisk grunnlag for å diskutera eit eige skriftspråk, og det vart diskusjonar om korleis elevane og lærarane skulle snakka i skulen. Dei gjekk frå å bli retta på når dei ikkje snakka dansk, til å få ei eiga lov i 1878 som sa at undervisninga skulle vera på deira eige talemål. Dette fungerte bra på landsbygda, men elevane i byskulane opplevde framleis å bli retta på. På 1950 og 60-talet opplevde Noreg ein utdanningseksplasjon, og studentane kjempa for moglegheita til å nytta dialekta si i alle situasjonar. Vinje var på banen på 70-talet for å argumentera for eit normaltalemål, men møtte sterk kritikk. Kampen for bruk av dialekter i alle situasjonar har fram til i dag gått i éi retning, nemleg i retning destandardisering. Trass i at toleransen for dialektbruk i Noreg i dag må seiast å vera veldig stor, finn ein framleis krefter som prøver å seia noko om kva som er ”fint”, og kva som er ”stygt”. Som Vikør sa det i 1975 (s. 164): ”Regelen har vore at eit maktberande lag i samfunnet har hatt hand om normeringa og nytta ho som eit middel til å styrke sin eigen herskarposisjon”. Mediediskursen er såleis eit teikn på at det framleis finst krefter som freistar oppretthalda denne herskarposisjonen.

4. Teori

I denne delen vil eg presentera ulike teoriar som kan vera med å forklara og belysa kvifor dei to situasjonane informantane vert intervjuva under, kan gje utslag i ulik språkbruk. Først vil eg sjå på kva situasjonsbetinga variasjon er i tillegg til historikk innanfor feltet (4.1), dinest vil eg gå over til å belysa *korleis* me menneske kan tilpassa talemålet vårt til ulike situasjonar (4.2). Til slutt vil merksemda bli retta mot *kvifor* me gjer dette (4.3). Nokre gonger kan det vera vanskeleg å trekka eit klårt skilje mellom *korleis* og *kvifor*. Så langt det er mogleg, har eg likevel prøvd å skilja dei, men nokre gonger vil det altså vera småe overlappingar. Kapittelet vil til slutt munna ut i 7 hypotesar for kva utfall eg trur granskinga vil gje (4.4). Desse er baserte på det teoretiske rammeverket.

4.1 Situasjonsbetinga variasjon

Tradisjonell dialektologi var oppteken av å beskriva og klassifisera dialektane. Variasjon var det lite rom for. Sosiolingvistikken har derimot teke omsyn til variasjonen, både over tid, mellom individa og internt i enkeltindividet. Situasjonsbetinga variasjon går inn under variasjon i enkeltindividet og dreier seg kort fortalt om korleis ein person snakkar ulikt i ulike situasjonar. Howard Giles og Philip Smith poengterte på syttitalet kor overraskande det var at dette aspektet ikkje hadde blitt teke omsyn til av lingvistar og psykolingvistar:

This is somewhat suprising since most of us can recount instances during each day when our style of speech becomes grammatically less complex with our children, that we tend to speak more slowly for foreigners, and so forth. Indeed, the nature of the setting, the topic of the discourse, and the type of person with whom we are talking all interact to determine the way we speak in a particular situation (Giles og Smith 1979: 45).

Her peikar altså Giles og Smith på det faktum at situasjonen ein er i, med tanke på fysisk setting, emnet for samtalen og samtalepartnaren, har noko å seia for korleis ein snakkar, og at dette er noko alle kan kjenne seg att i. Kjell Venås meiner òg at "[f]orandra situasjon kan [...] gje opphav til ulike stillag, varietetar, eller rett og slett varierende former" (Venås 1991: 87). Dette seier og Trudgill (2000: 81) seg einig i: "The same speaker uses different linguistic varieties in different situations and for different purposes". Når det er variasjonen til enkeltindividet ein studerer, snakkar vi om *intraindividuell* variasjon, i motsetnad til *interindividuell* variasjon som er variasjon mellom individa (Røyneland 2008a: 30). Det er den *synkrone variasjonen* eg er ute etter å undersøka, altså variasjon på eit gjeve tidspunkt som er uavhengig, og ikkje endring eller variasjon over tid, kalla *diakron variasjon* (Akselberg 2008: 133).

4.1.1 Tidlegare granskingar

Fleire granskingar som ser på situasjonsbetinga variasjon har vorte gjort tidlegare, men eg har ikkje moglegheit til å seia noko om alle. Difor har eg plukka ut Blom og Gumperz frå 1972, Selj frå 1978, Hoftvedt frå 1979 og Gabrielsen frå 1984.

Hemnesberget

Granskinga i Hemnesberget i Rana som vart gjennomført av den norske sosialantropologen Jan Petter Blom og den amerikanske lingvisten John J. Gumperz i 1972, var startskotet for undersøkingar som såg på kodeveksling²⁵ (Røyneland 2008b: 48). Dei såg på korleis fysisk *setting*, *sosial situasjon* og *sosial hending*²⁶ verkar inn på talemålet til informantane, og får dei til å veksle mellom to ulike språklege kodar, i dette tilfellet eit skifte mellom den lokale dialekten ranamål og bokmål. I tillegg meinte dei at påverknadsfaktorane for endra språkbruk i ein samtalesituasjon kunne delast inn i to kategoriar og danna dermed omgrepa *situational switching*, definert som skifte i dei sosiale høva, og *metaphorical shifting* som dreier seg om emnet for samtalen (Blom og Gumperz 1972: 425f). På bakgrunn av dette konkluderer dei med at *situational shifting* har større innverknad på val av kode enn kva *metaphorical shifting* har, og dei spesifiserer at det å snakka med vener, er ein faktor som styrer hemnesværingane til å snakka ranamål (ibid. s. 434f).

I granskinga blir det gjort eit tydeleg skilje mellom ranamål og bokmål, dei vert sett på som "two distinct entities, which are never mixed" (ibid. s. 411). Eventuelt kan informantane nytta bokmål med lån frå ranamål, men dei nemner ikkje det motsette. Eit unntak frå dette er ei gruppe studentar dei snakkar med. I motsetnad til resten av informantane, meiner Blom og Gumperz at desse har glidande overgangar mellom ranamål og bokmål (ibid. s. 432).

Resultata deira viser at

[a]lthough locals show an overt preferance for the dialect, they tolerate and use the standard in situations where it conveys meaning of officiality, expertise, and politeness toward strangers who are clearly segregated from their personal life. In private gatherrings where people meet as natives and equals, a speaker's use of standard variables suggests social dissociation, an attitude which is felt to be out of place (ibid. s 435).

I seinare tid er granskinga blitt kritisert for å vera mangelfull eller feilaktig. Venås meiner "[e]in må stusse noko ved ymist av det Blom og Gumperz seier, og til dels tvile på om dei har

²⁵ Omgrepet kodeveksling vert handsama under delkapittel 4.2.3.

²⁶ Originalt *setting*, *social situation* og *social event*, omsett frå engelsk av meg. Meir om korleis desse kategoriane vert definerte, kan ein finna på side 422f i Blom og Gumperz 1972.

gjeve ei dekkjande framstilling av språktilhøva på Hemnesberget” (Venås 1991: 92). Det som feller dei, meiner Venås, er den noko ureflekterte framstillinga deira av korleis innbyggjarane i Hemnesberget nyttar offisielt språk i skulen, utan å gjera noko tydeleg skilje på munnleg og skriftleg språk. I tillegg er han kritisk til at hemnesværingane sjølve vil vera einige i at skiftet mellom ranamål og bokmål er eit skifte mellom to distinkte einingar som aldri vert miksa, slik Blom og Gumperz hevdar (ibid.). Nettopp denne kritikken trekker au Mæhlum fram i sin artikkel *Codeswitching in Hemnesberget – Myth or reality*. Målet hennar er ”to demonstrate that Blom and Gumperz have given a portrayal of a situation that can *not* be comprehensive of *any* real-life Norwegian Community” (Mæhlum 1996: 749). Ho meiner problemet er at teoriane dei nyttar, som gjerne passar for andre samfunn, ikkje høver for eit norsk samfunn, og at dette er tydeleg for alle nordmenn, lingvistar eller ikkje. Ein kan au leggja merke til at resultata deira verkar til å vera vage påstandar som er baserte på observasjonar og ikkje kvantifisering av noko slag.

Andre har i seinare tid gjort liknande undersøkingar i Noreg, der dei har prøvd å framstilla korleis ein endrar språkbruken sin frå ein situasjon til ein annan. Fokuset deira har, i motsetnad til Blom og Gumperz, ikkje vore på å skilja mellom når informantane nyttar bokmål, og når dei nyttar den lokale dialekten, men snarare å trekka fram enkelte variablar som viser endring og sjå på kor stor endringsprosenten er mellom dei to ulike situasjonane.

Hov i Land

I 1978 skreiv Elisabeth Selj hovudoppgåve om talemålet i Hov i Land. Ho såg på situasjonsbetinga variasjon som ein variabel og meinte resultata kunne seia noko om ”den status brukerne sjøl mener dialekten deres har hos andre og om hvor bevisste de sjøl er på å bruke dialekten sin” (Selj 1978: 51). Selj intervjuar informantane to gonger, der ho den siste gongen bevisst gjorde intervjusituasjonen noko meir formell. Mellom anna nytta ho ein ukjend intervjuar som snakka ”standardmål”, samtidig som opptakssituasjonen bar meir preg av eit intervju, i motsetnad til dei fyrste intervjuar som gjekk føre seg meir som ei vennskapleg samtale over eit kaffibord. Ved det formelle intervjuet var likevel ikkje temaet for samtalen spesielt stivt. Informantane fekk spørsmål om bygda dei budde i, og dei vart intervjuar gruppevis (ibid.). På førehand hadde Selj fortalt informantane at ho var ute etter å undersøka talemålet deira, så det var noko dei var klare over.

Selj kalla variasjonen mellom formell og uformell situasjon for modifisering, og variablane ho nytta, var bruken av rotvokalar i tillegg til verb- og substantivbøying. Ho kom fram til at sosialgruppe 3²⁷ var den som i størst grad modifiserte språket sitt med ca. 22% for rotvokalane, og ca. 17% for verb- og substantivbøying (ibid. s. 284). Det er au interessant å sjå at det er ”de mannlige informantene som har den høyeste prosentvise modifiseringsøkningen fra den ene situasjonen til den andre” (ibid. s. 312).

Oslo

Bjørn Oscar Hoftvedt skreiv òg om situasjonsbetinga variasjon i hovudfagsoppgåva si: *Ei undersøking av noen trekk ved formell og uformell språkbruk i Oslo-Mål* i 1979. I motsetnad til Selj, som berre hadde situasjonsbetinga variasjon som éi side ved avhandlinga, var dette hovudtemaet til Hoftvedt. Det vil seia at Hoftvedt har fleire ulike variablar å visa til når det gjeld variasjonen enn kva Selj har. Ein annan forskjell mellom desse oppgåvene er at Hoftvedt kamuflerer hensikta med undersøkinga overfor informantane. Han seier at han er interessert i å sjå på samanhengen mellom utdanning og arbeidssituasjon for det formelle intervjuet, medan det uformelle skal dreia seg om oppvekstvilkår på Oslo-aust i 50- og 60-åra (Hoftvedt 1979: 7f). På denne måten unngår han den potensielle faren for at informantane er merksame på sin eigen språkbruk under intervjuet, og får dermed truleg meir naturleg tale. Det formelle intervjuet hans blei halde av ein lærar som var ukjend for informantane, rundt eit konferansebord på lærarrommet ved ein skule, medan det uformelle blei halde av Hoftvedt sjølv ved ei sittegruppe på det same lærarrommet (ibid.). Dermed var intervjuaren, emnet dei snakka om, og den fysiske settinga meir formell.

Resultata til Hoftvedt, som ein ser i tabell 9 (Hoftvedt 1979: 87), viser at informantane ynskjer å unngå jamvekt, a-endingar i preteritum av svake verb og i substantiv, i tillegg til at dei utelèt ledd eller delar av ledd²⁸ i den formelle situasjonen. Han konkluderer med at språktrekk som er sterkt stigmatiserte, ikkje vert like mykje brukte i ein formell situasjon som

²⁷ Selj opererer med tre sosiale grupper. Til gruppe éin reknar ho dei som jobbar med tilknytning til jord- og skogbruk, gruppe to er dei som har tilknytning til industri, bygg og anlegg, medan gruppe tre er folk tilknyttta servicenæringane (Selj 1978: 39). Altså svarer sosialgruppene til primær, sekundær og tertiærnæringane.

²⁸ Utelatingar vert definerte som ”når ledd eller deler av ledd er utelatt i setningar eller setningsfragment, der de i følge gjeldende normativ grammatikk skulle være representert” etter sitat frå Wiggen 1975 (Hoftvedt 1979: 52). Det ser ut til at utelatingar kort fortalt dreier seg om at setningar står fram som ufullstendige fordi dei manglar setningsledd som etter gjeldande syntaktiske reglar burde vore med, til dømes subjekt. Om ein informant ikkje fullfører ei setning og såleis manglar ledd i slutten av setninga, vert dette rekna som ei avbroten setning og ikkje ei utelating.

i ein uformell.

Tabell 8.1

	Jamvekt	tjukk l	a-ending i svake verb	a-ending i sub- stantiv	Utel	Avbr	Foranstilt ekstrapo- nert ledd	Etterstilt ekstrapo- nert ledd
uf	83.3	96.8	98.9	90.8	14.7	5.8	6.5	24.4
f	2.7	63.0	37.7	8.3	3.1	4.7	10.8	8.5

Tabell 9: Resultat Bjørn Oscar Hoftvedt.

Stavanger

I 1983 gjorde Finn Gabrielsen ei undersøking i Stavanger: *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Eitt av måla hans var å finna ut om ein kunne seia at Stavanger har to distinkte talemål, og han valde å konstruera eit formelt intervju og eit uformelt intervju for å kartlegga dette. Det formelle intervjuet vart gjort av ein ukjend intervjuar med austlandsdialekt, og temaa skulle vera "akademiske". I tillegg skulle intervjuaren opptre noko stivt. Det uformelle intervjuet blei gjennomført av Gabrielsen sjølv, som snakka stavangerdialekt, og temaa skulle i større grad vera uformelle. I likskap med Hoftvedt fortalde heller ikkje Gabrielsen til informantane at han eigentleg var ute etter å kartlegga talemålet, han kamuflerte seg som sosiolog (Gabrielsen 1984: 60).

For alle dei 8 variablane han undersøkte, vart dialektprosenten presentert både i den uformelle og den formelle situasjonen. Resultata han kom fram til, var at sosialklasse 1²⁹ hadde lågare dialektprosent enn dei to andre klassane for variablane 4-6. Desse variablane dreier seg alle om motsetninga mellom trykklett /a/ eller /e/ i utlyd, og vert difor handsama under eitt når resultata vert presenterte (ibid.). I tillegg såg Gabrielsen at skilnaden mellom sosial klasse 1 og 3, 1 og 2 er signifikant, men ikkje mellom sosialklasse 2 og 3. Han fann òg at jenter har generelt lågare dialektskår enn gutane (ibid. s. 94). For dei andre variablane han valde ut, er variasjonsprosenten heller låg.

Under denne delen har vi altså sett at det har vore noko ulike tilnærmingar til å undersøka situasjonsbetinga variasjon. Blom og Gumperz fokuserte på to distinkte einingar, Gabrielsen

²⁹ Grovt sett deler Gabrielsen inn dei sosiale klassane slik: sosialklasse 1: borgarskapet, sosialklasse 2: småborgarskapet og sosialklasse 3: arbeidarklassen. For utfyllande informasjon, sjå s. 56 og utover i Gabrielsen 1984.

seier au at han ser etter to distinkte einingar og diskuterer resultatane sine i samsvar med det, medan Selj og Hoftvedt ser på graden av endring mellom dei to situasjonane. Felles for dei tre siste granskingane er at dei konstruerer to ulike intervju for alle informantane: eitt formelt og eitt uformelt.

4.2 Tilpassing av talemålet

I dette delkapitlet skal vi sjå på *korleis* folk tilpassar talemålet sitt. Eg vil starta med Labov sine omgrep for uformell og formell tale (4.2.1), dinest vil eg koma innom teoriar om akkommodasjon (4.2.2), standardtalemål (4.2.3), kodeveksling (4.2.4), register og stil (4.2.6) og knot (4.2.4).

4.2.1 Uformell og formell tale

Den store pioneren innan sociolingvistisk forskning er William Labov, og undersøkinga hans i New York frå 1966 er grunnleggjande for disiplinen. I undersøkinga gjer han eit skilje mellom "casual speech" og "careful speech" (Labov 1991: 79), noko som kan kallast to ulike stilar (jamfør 4.2.5). Hoftvedt (1979: 8) valde å kalla desse uformell og formell tale, og det forklarar godt kva Labov legg i omgrepa. Han meiner uformell tale er det folk nyttar når dei ikkje er bevisste på sin eigen språkbruk, gjerne slik ein snakkar saman med vener eller familie (Labov 1991: 79). Formell tale meiner han er når språkbrukaren vert merksam på korleis han snakkar (ibid.). Labov verkar likevel restriktiv på når ein skal seia at språkbrukaren nyttar uformell tale. I mange av intervjusituasjonane han beskriv frå andre undersøkingar, er det berre så vidt han vil gå med på at språkbrukaren har nytta uformell tale i det heile. Han ser det slik at når informanten svarer på spørsmål, nyttar han formell tale, og at uformell tale berre oppstår i situasjonar der informanten trer ut av rolla som intervjuobjekt, til dømes ved å tilby intervjuaren kaffi (Labov 1991: 89).

Labov kallar det språket ein er ute etter å henta inn i sociolingvistiske undersøkingar, for "the vernacular", og meiner dette er *det naturlege språket* (Akselberg 2008: 129). Men korleis kan ein eigentleg bestemma kva som er det naturlege språket? Er det slik ein snakkar med nære vener og familie, eller slik ein snakkar på jobb? Med bakgrunn i teoriane om register og stil (jamfør 4.2.5) kan det sjå ut til at alle har fleire ulike måtar å snakka på, som vert utløyste av ulike situasjonar. Eg vil her jobba ut frå at det naturlege språket er slik ein snakkar når ein ikkje tenkjer over sin eigen tale, altså ein naturleg talestraum. Denne talestraumen kan derimot vera både formell og uformell, etter Labov sine omgrep. Som vi skal sjå under det

neste delkapittelet, kan vi nemleg tilpasse talemålet vårt utan at vi er særleg merksame på det sjølv.

4.2.2 Akkommodasjon

Akkommodasjonsteori³⁰ dreier seg om korleis vi tilpassar språket vårt til samtalepartnaren vår. Tilpassinga kan vera uttrykk for eit ynskje om å oppnå sosial godkjenning av den andre, men det kan òg skje automatisk (Venås 1991: 87f, Røyneland 2005: 119f). Altså at det ikkje er ei intendert handling frå språkbrukaren si side. Omgrepet er basert på fire sosialpsykologiske teoriar og er utvikla av Howard Giles, professor i psykologi og lingvistikk. Eg vil ikkje gå i djupna på desse teoriane, men forklara kort kva dei går ut på.

Den første er teorien om *similarity-attraction processes*. Den går ut på at likskapar tiltrekker, og at personar som har like haldningar og oppfatningar som ein sjølv, er lettare å like. Dette meiner Giles kan overførast til språk, og viser til at jo større behov me har for å bli akseptert av samtalepartnaren, dess meir truleg er det at me vil utføra akkommodasjon (Giles og Smith 1979: 48). Det er au vist at dersom ein trur at ein skal ha samhandling med samtalepartnaren i framtida, er sannsynet større for at ein tilpassar seg (ibid.).

Den andre teorien går ut på *social exchange processes*. Når me står overfor val i sosiale situasjonar, har menneske ein tendens til å velja det som maksimerer moglegheita for eit positivt utfall, men òg det som minimerer faren for eit negativt utfall (Giles og Smith 1979: 48). Dette gjeld au for språklege val. Døme på negative utfall som vert trekte fram, er tap av integritet og personleg identitet.

Causal attribution processes er den tredje teorien som vert lagt fram. Den dreier seg om korleis me stadig analyserer kva for motiv som ligg bak handlinga til ein person. Viss me tolkar desse motiva hos samtalepartnaren til å vera negative, vil dei føra til ei negativ oppfatning av handlinga. Overført på språk kan me altså seia at dersom motivet for

³⁰ Teorien ligg litt i grenseland mellom *korleis* og *kvifor* fordi han i stor grad er basert på teoriar som dreier seg om kvifor vi tilpassar talemålet vårt. Eg vil likevel meina at det er naturleg at omgrepet vert behandla under *korleis* fordi det kan nyttast som eit verb å *akkommodera*, altså er det ei handling. Teoriane som vert handsama under *kvifor* dreier seg i større grad om sosiale variablar.

akkommodasjonen vert oppfatta positivt, vil og personen som utfører han, verta positivt oppfatta og like eins i negativ forstand (Giles og Smith 1979: 50f).

Den fjerde og siste teorien vert kalla *processes of intergroup distinctiveness*. Når ein er medlem av éi gruppe, vil ein prøva å skilja seg positivt ut frå andre grupper. Det er difor vanleg å freista finna skilnadane og eventuelt skapa dimensjonar der ein kan skilja seg ut (Giles og Smith 1979: 52f). Éin måte å gjera det på, er å utøva akkommodasjon i form av divergens (altså gjera den språklege avstanden større).

I doktorgradsavhandlinga si trekker Unn Røyneland fram teoriar frå Bourdieu som kan vera nyttige i denne samanhengen. Bourdieu ser nemleg på språkbruk som parallelt til økonomien i kvardagslivet: ”I Bourdieus ord er altså *forventa mottaking* ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra, og dei forventa marknadssanksjonane er med på å bestemme dei språkvala vi til ei kvar tid gjer” (Røyneland 2005: 106). Med andre ord peikar Bourdieu på det Giles kallar *social exchange processes*.

Akkommodasjon dreier seg som oftast om å tilpassa deler av språket. Det er likevel au mogleg å endra heile talemålet sitt. Nokre vil meina at ein måte å gjera dette på, er å slå over på eit standardtalemål.

4.2.3 Standardtalemål

At Danmark har eit standardtalemål er det i dag konsensus kring (Gregersen 2011: 49). Om ein kan seia at eit standardtalemål eksisterer i Noreg, er det derimot diskusjonar om (Jahr og Mæhlum 2009: 3). I 2008 vart det halde ein konferanse på Røros der debattantane hadde innlegg om sitt syn på dette omgrepet. Helge Sandøy og Brit Mæhlum står fram som ytterpunkta i debatten, og på grunn av plassomsyn vil deira syn få mest merksemd i denne framstillinga. Dei andre deltakarane plasserer seg i gråsonene mellom dei.

Mæhlum meiner det er udiskutabelt at Noreg har eit standardtalemål, og at dette heng tett saman med prestisje. Ein kan sjå på det søraustnorske talemålet som ein standard, hevdar ho, og føreslår at

[e]t standardtalemål er en varietet som fungerer som norm eller normideal for et større språksamfunn, som regel en nasjonalstat, og som i en del tilfeller er kodifisert. En viktig forutsetning for den *supraregionale*, altså overlokale, posisjonen som et standardtalemål slik

blir tillagt, er at det er en varietet som normalt er utviklet i intim tilknytning til et skriftspråk. (Mæhlum 2009: 8f)

Dette standardtalemålet meiner ho fungerer som eit normideal ved at ”svært mange av de endringene som er beskrevet i norske talemål de siste tiårene, kan forstås som en bevegelse *i retning av det standardnære*” (Mæhlum 2009: 17). Ho poengterer vidare at ein varietet som tidlegare har blitt sett på som dialektal, kan oppnå status som standardtalemål. Dette er den tyske sosiolingvisten Ulrich Ammon (2004) einig i. Han meiner likevel at ”a variety is never a dialect and a standard variety simultaneously” (Ammon 1987: 317). Så standarden kan altså vera tufta på ein dialekt, men kan ikkje vera dialekt og standardvarietet samtidig i følge han. Det er her Mæhlum og han skil seg frå kvarandre av di ho meiner at talemålet på Sørøstlandet er standardtalemålet i Noreg.

Helge Sandøy er i stor grad einig med Ammon og meiner i motsetnad til Mæhlum at ein ikkje kan setja likskapsteikn mellom standardtalemål og prestisjedialekt. Dette er to separate einingar som ein bør skilja klårt frå kvarandre (Sandøy 2009: 32). Coupland (2007: 45) er einig i dette. Han meiner at prestisjeomgrepet er nært knytt til standardtalemål, men at problemet med omgrepet er at det er for vagt. Å verta samde om kva som er det mest prestisjefylte talemålet, vil vera vanskeleg, og ein kan ikkje dømme eit talemål berre ut frå denne eine faktoren (ibid.).

Eit anna kjenneteikn Sandøy trekker fram for standardtalemålet, er at det vil vera noko ein kjenner til i heile landet. Definisjonen han føreslår er at ”[e]it standardspråk er ein felles språkvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar” (Sandøy 2009: 35). Standardtalemålet er dermed ikkje nødvendigvis ein varietet nokon har som sitt morsmål³¹. Sandøy erkjenner altså at det finst eit norsk standardtalemål, men at dette ikkje er, slik Mæhlum hevdar, sørøstnorsk, snarare eit tala bokmål eller tala nynorsk.

Noko av grunnen for at denne debatten vert så ullen i Noreg, er at me etter dialektbølga på 1970-talet har eit utbreidd politisk standpunkt som seier at dialekta ein nyttar i dagleglivet, ikkje har avgrensingar i brukssituasjonar (jamfør 3.3). Helge Sandøy trekker fram tidlegare finansminister Sigbjørn Johnsen som eit godt eksempel på det (Sandøy 2009). I motsetnad til dei norske tilhøva peikar Trudgill på at ”[i]n the anglophone world, it is rather unusual for

³¹ Med morsmål meiner eg gjennomgåande den *dialekten* ein er oppvaksen med å snakka og altså ikkje *språket* (td. norsk eller engelsk), som det ofte vert brukt om.

nonstandard dialects to occur in formal situations” (Trudgill 2000: 84). For engelskspråklege er det altså uvanleg å nytta dialekta si i formelle situasjonar, noko som viser at standardtalemålet har ei anna utbreiing i engelsk tale enn i norsk. Mæhlum meiner likevel at det i gjevne situasjonar og i gjevne stillingar vert forventta at ein skal bruka eit standardtalemål au i Noreg:

jo høyere opp i det sosiale hierarkiet et individ befinner seg, jo sterkere vil de sosiale forventningene – og likeså sannsynligheten – være for at vedkommende vil bruke et standardnært talemål. Og nærmest som en pendant til dette følger tendensene til mønstre i den kontekstbetingete språkbruken: Jo mer formell, offisiell eller høytidelig en sosial situasjon er, jo sterkere er forventningene om – og dermed sannsynligheten for – at det vil bli brukt et mer standardisert talemål (Mæhlum 2009: 16).

For å kortfatta standardtalemålsdebatten kan ein seia at Mæhlum ikkje er i tvil om at det eksisterer eit standardtalemål i Noreg. Dette meiner ho er samanfallande med prestisjemål, og det vil då vera slik dei snakkar i og rundt Oslo, òg kalla søraustnorsk. Standardtalemålet er i tillegg ei påverknadskraft for dialektendringa som går føre seg i Noreg. Sandøy meiner derimot at ein må skilja prestisje og standard frå kvarandre. Han meiner at det eksisterer ein standard i Noreg, men at dette er eit talemål ein lærer seg, og som ein kan kodeveksla til i situasjonar det høver. Med andre ord har Mæhlum og Sandøy mellom anna ulikt syn på bruksområdet til eit standardtalemål. Sidan fokuset for avhandlinga ikkje er dialektendring, men snarare situasjonsbetinga variasjon, meiner eg det er mest fruktbart å nytta Sandøy si tilnærming til omgrepet. Eg vil altså sjå om ein kan seia at informantane i den formelle situasjonen vil kodeveksla til det ein kan kalla eit standardtalemål, som då vil vera tilnærma eit talt bokmål eller nynorsk.

4.2.4 Kodeveksling

For å kunna sjå om informantane kodevekslar, er det naudsynt å definera omgrepet. Som namnet tyder på, dreier det seg om byting av kodar, språklege kodar. Grunnen til at ein ikkje kallar det språkveksling, er at det i tillegg til å kunna dreia seg om to ulike språk òg kan gjelda veksling mellom to (evt. fleire) ulike varietetar innanfor det same språket (Coulmas 2013: 124), slik det vil vera snakk om i Sandøy sin definisjon av standardtalemål. Coulmas meiner at:

[c]ode-switching occurs where speakers are aware of the two varieties being distinct and are able to keep them apart, although they may not do so habitually and may not be conscious of every switch they make. Code-switching is regarded as a controllable strategy, differing from both ordinary borrowing of individual lexical items and unavoidable interference (Coulmas 2013: 124).

Eg vil seia at Coulmas sin definisjon av kodeveksling passar godt med det bruksområdet Sandøy legg fram for standardtalemål, nemleg at det er ein kode språkbrukaren går over til i situasjonar han meiner det høver; og at det er snakk om to distinkte varietetar. Strategien blir sett på som kontrollerbar, trass i at språkbrukaren au kan driva kodeveksling ubevisst. Milroy og Gordon (2006: 198) opererer med ein liknande definisjon som Coulmas. Dei er einige i at kodevekslinga skjer mellom to distinkte varietetar som språkbrukarane sjølve er klare over anten ved at dei er del av eit diglossisk samfunn, eller at dei sjølve er bidialektale eller tospråklege³². Når det gjeld veksling blant språkbrukarar som ser på seg sjølve som éinspråklege, meiner dei det er snakk om eit stilskifte (som omtalt i 4.2.5). I tillegg legg dei vekt på at bidialektalitet og tospråklegheit kjem tydelegare til uttrykk enn eit stilskifte:

Bilingual or bidialectal switching is usually a more visible process than monolingual style-shifting, and there are certainly some crucial differences between style-shifting and code-switching processes with respect to factors such as levels of speaker awareness, the linguistic practices in which speakers engage, and the linguistic materials which they can access for social symbolic purposes (Milroy og Gordon 2006: 198).

Trass i at bidialektalitet og tospråklegheit vert stilt saman med kodeveksling, medan eit byte i stil vert kopla saman til éinspråklegheit, er Milroy og Gordon (ibid.) tydelege på at prosessane som går føre seg, og dei psykososiale strategiane som ligg bak, kan vera dei same i begge tilfella. Eit problem både ved definisjonen til Coulmas og til Milroy og Gordon er likevel, slik eg ser det, omgrepet varietet. Korleis kan ein vera sikker på at ein har med to distinkte varietetar i gjera? Den språklege stoda i Noreg med dialektar som er i stadig endring, kan gjera det vanskeleg å definerer kva som høyrer til ein varietet og ikkje, noko Ammon au har peika på som problematisk: "The idea of language varieties suggests the possibility of a clear-cut delimitation of one variety from another. This proves difficult, if not impossible to achieve in practice" (Ammon 2004: 274). På bakgrunn av dette meiner eg det er greitt å halda fast på at kodeveksling er noko som kjem tydelegare til uttrykk enn stilskifte.

Eit anna aspekt ved kodevekslinga er kor stort bytet må vera for at ein skal kunna nytta nettopp det omgrepet. Kodeveksling kan verka veldig likt låning. Skilnaden er at ord som vert lånte, blir ein del av varieteten dei vert lånte inn i reint grammatisk. I tillegg dreier det seg om hyppigheita (Coulmas 2013: 130). Ein er altså ikkje nøydd til å uttala *heile ytringar* innanfor ein annan kode eller varietet for å kalla det kodeveksling. "The term 'code-switching' can

³² For å vera tydeleg på at det kan vera snakk både om to varietetar innanfor same språket og to distinkte språk, nyttar eg både bidialektalitet og tospråklegheit.

describe a range of language (or dialect) alternation and mixing phenomena whether within the same conversation, the same turn, or the same sentence-utterance” (Milroy og Gordon 2006: 209). Altså kan ein veksla mellom to varietetar innanfor same ytringa og framleis kalla det kodeveksling. For at det ikkje skal verta for vanskeleg å kunna skilja kodeveksling frå lån, vil eg her halda fast på at kodeveksling gjeld når fleire ord enn eitt som står saman (etter kvarandre) i same setning, vert henta frå ein annan kode (varietet 2) med den opphavlege grammatikken eller morfologien intakt. Lån vil derimot vera inntak av enkeltord som vert tilpassa språkbrukaren sitt morsmål (varietet 1) reint grammatisk. To kriterium vert altså stilte for at det skal kallast kodeveksling: (1) minst to ord står saman i ei setning, og (2) desse orda held på sin opphavlege grammatikk. Eg meiner sjølvklart au at heile setningar eller fraser som vert henta inn frå ein annan varietet i eit lengre utsegn, må karakteriserast som kodeveksling.

4.2.5 Register og stil

Vi såg at Venås meinte ulike situasjonar kan ”gje opphav til ulike stillag” (4.1). Men kva legg ein i omgrepet stil? Omgrepet heng tett saman med register, og det kan vera vanskeleg å få tak på kva omgrepa betyr. I litteraturen vert dei ofte stilte saman, men ulike definisjonar eksisterer. *Stil* vert av nynorskordboka definert som ”ordleggingsmåte, uttrykksmåte; (kunstnarleg) form eventyrstil / kansellistil / sagastil / bunden stil poesi / munnleg stil / ei kyrkje i romansk stil, gotisk stil / eit hus i gammal stil / høyre musikk der stilen minner om ein operette” (nynorskordboka.uio.no 2010a). Ut frå dette kan vi trekka ein estetisk dimensjon, altså dei ulike arkitektoniske stilane som vert omtalte. Vi kan au sjå at ordboka meiner stil er ulike måtar å uttrykka seg på. Når det gjeld register definerer ordboka det som ”liste, kartotek (ordna alfabetisk, kronologisk eller på annan måte) folkeregister / skipsregister / stikkordregister” og ”område, skala som noko spenner over” (nynorskordboka.uio.no 2010b). Her er det altså snakk om ulike einingar som er ordna alfabetisk eller kronologisk, eventuelt ein skala. Når vi skal operere med desse omgrepa om språkleg praksis, kan ein på bakgrunn av dette seia at språkbrukaren har eit register som inneheld ulike språklege stilar som han/ho kan nytta. Det er likevel ikkje alltid at litteraturen omtalar det på denne måten.

Trudgill definerer både register og stil. Han meiner at ein og same person kan ha fleire register tilgjengeleg; eitt vert gjerne nytta i jobbsamanheng, eit anna når ein er hjå legen, og eit tredje igjen når ein snakkar med familien. Han meiner at registervariasjon gjev utslag på vokabularet og føreslår at: ”[r]egisters are an example of a particular kind of language being

produced by a particular kind of social context” (Trudgill 2000: 82). Han stiller registeromgrepet saman med *verbal repertoire*. Til forskjell frå dette meiner han at stil kan ordnast etter eit kontinuum frå uformell til formell og meiner vidare at ”[s]tyles of this type in English are for the most part characterized by vocabulary differences (*tired* as opposed to *fatigued* (...)) but also (...) by syntactic difference” (Trudgill 2000: 83). Med andre ord er det litt utydeleg om han eigentleg meiner det er nokon forskjell mellom register og stil eller ikkje. Begge omgrepa vert, som me ser, definerte til å gje utslag på vokabularet.

Ferguson definerer registervariasjon på denne måten:

[a] communication situation that recurs regularly in a society (in terms of participants, setting, communicative functions, and so forth) will tend over time to develop identifying markers of language structure and language use, different from the language of other communication situations (Ferguson 1994: 20).

Legg merke til at det er registervariasjon han definerer på denne måten, altså ikkje register. Det kan dermed sjå ut til at registervariasjon er det at ein endrar språket sitt, medan utfallet av desse endringane kan seiast å vera ulike stilar som kjem til uttrykk, slik eg foreslo ovanfor.

Coupland meiner stilistisk variasjon dreier seg om ein estetisk dimensjon av forskjell, og at det er snakk om ein gradsskilnad (Coupland 2007:1). Grunnlaget for å nytta ulike stilar, kan vera at ein ynskjer å tena eit føremål, meiner han.

We need to understand how people use or enact or perform social styles for a range of symbolic purposes. Social styles (...) are a resource for people to make many different sorts of personal and interpersonal meaning (Coupland 2007:3).

På bakgrunn av dei ulike definisjonane, meiner eg det er naudsynt å avgjera korleis denne avhandlinga vil stilla seg til omgrepet. Eg meiner det mest intuitive, som au kan passa med ordboksdefinisjonane og Ferguson sin definisjon, er at register viser til ein slags mental database som inneheld mange ulike stilar som ein kan nytta i situasjonar ein meiner det høver. Altså eit kartotek med ulike språklege stilar som ligg tilgjengeleg. Kor stort dette kartoteket er, vil variera frå språkbrukar til språkbrukar. Ein liknande definisjon vert nytta av Agnete Nesse: ”En språkbrukers register er summen av alle de måtene hun eller han kan snakke på. Tospråklige har et tospråklig register, enspråklige har et register bestående av forskjellige stillag, som blir brukt alt etter situasjon og tema” (Nesse 2013: 123).

4.2.6 Knot

Eit særnorsk omgrep som har blitt brukt for å seia noko om endring av talemålet, både av lingvistar og ikkje-lingvistar, er knot (Jahr 2007: 96). ”La dei knote!” seier Einar Økland (1979: 149) i sin artikkel ”Forsvar for knotet”, ei noko uvanleg utsegn med tanke på at knot er noko ein nordmann normalt sett korkje vil vedkjenna seg eller høyra frå andre. Ernst Håkon Jahr skriv at

[d]et ligg eit snev av forræderi i det å knote. Den som knotar, viser at han ikkje fullt ut solidariserer seg med heimplassen, at heimemålet ikkje er godt nok. Kanskje knotaren ikkje set særleg pris på heimbygda i det heile tatt, irekna språket der (ibid.).

Vidare tek han fram eit ironisk stykke om knotaren, skrive av Ragnar Hovland, som peikar på kor ille det kan gå med den som knotar: ”Vi skal ta for oss den jamne knotar, han/ho som aldri nådde fram, men som trudde knotet var ein inngangsport til det søte liv, med hengande hagar, paradisiske kjelder og champagnefrokost” (Hovland 1984 i Jahr 2007: 96f). Trass i at dette er humoristisk framstilt, ber det eit snev av sanning. I nokre tilfelle kan det vera nettopp ønsket om å koma seg opp og fram som fører til at ein knotar.

Else Berit Molde skreiv i 2007 ei masteroppgåve om emnet, der ho prøvde å definera omgrepet og å få eit inntrykk av kva folk frå Voss tenkte om knot. Den vide definisjonen ho sjølv jobba ut frå, var at ”[k]not er ein munnleg språkbruk som vert rekna som brot på dialektnormene” (Molde 2007: 10). I omgrepet dialekt legg ho her det som på folkemunne vert kalla dialekt, og altså det ein språkforskar somtid kallar geolekt. Etter ein gjennomgang av andre kjelder kjem ho fram til ulike definisjonar som har til felles at dei omtalar knot som å snakka annleis enn det som er naturleg i talemålet til språkbrukaren. Ord som vert nytta i definisjonane er mellom anna ”pynte sitt språk”, ”tale fint” og ”ape etter” (ibid. s. 33). Nynorskordboka på nett definerer knot som ”unaturleg, tilgjort språk” (nynorskordboka.no 2010c) og peikar dermed au på at ein knotar når ein snakkar noko anna enn det som er naturleg for ein.

Nokre knyter knoting saman med identitet og meiner at enkelte knotar for å heva sin eigen prestisje ved å lata som dei er del av ei høgare sosial gruppe. For andre er knoting nokre gonger naudsynt å ty til for å visa sympati eller for å verta forstått (Akselberg 2001a: 199). Dette meiner Lars S. Vikør er berre tull: ”Folk driv ikkje målblanding fordi dei vil, eller fordi dei tykkjer det er hensiktsmessig og praktisk” (Vikør 1979: 151). Han meiner derimot at det er eit hardt sosialt press som ligg bak, og skriv dinest at ”[s]kal ein godta desse utslaga utan

vidare, må det tyde at ein også godtar den undertrykkinga som ligg bakom” (ibid.: 152). Med andre ord godtek han ikkje knot fordi han ser på det som ufrivilling tillempling utført av ein språkbrukar som ikkje føler aksept for måten han eller ho eigentleg snakkar på (jamfør 3.3).

4.3 Identitet

Medan det førre delkapittelet i hovudsak tok opp *korleis* ein kan tilpassa språkbruken sin, vil dette belysa *kvifor* menneske endrar eller tilpassar talemålet sitt. Identitetsaspektet kan ofte knytast saman med dei sosiale variablane i ei sosiolingvistisk gransking, som til dømes heimstaden til informanten og haldningar til denne, gruppetilhøyrse, kjønn og alder.

Identiteten vår kan påverka kor lett tilbøyelege vi er til å endra talemålet vårt. Identitet er likevel eit forholdsvis vagt omgrep. Det seier gjerne noko om kven vi er, men er det ein fast storleik, eller kan identiteten vår endrast over tid eller i ulike situasjonar? Dette er det ulike meiningar om. Brit Mæhlum (2008: 109) presenterer to grunnleggjande ulike syn på kva identitet er. Den *essensialistiske* identitetsoppfatninga meiner at identiteten vår er ein fast storleik som er medfødt og uforanderleg. Motsett har vi den *konstruktivistiske* identitetsoppfatninga som meiner at identiteten er dynamisk. Han er ikkje ein gjeven storleik, men noko ein utviklar over tid (ibid.). Likevel er det problematisk å berre sjå til den eine av dei to retningane. Det mest fruktbare vil vera å sjå på identitet som ein vekselverknad mellom dei to (ibid. og Coulmas 2013: 196). I denne samanhengen er det interessant å sjå om ein kan seia at identiteten vår påverkar språkbruken vår?

Coulmas meiner det faktum at språket er innlært, ikkje medfødt, gjer at ein kan sjå på språket som ein identitetsmarkør (Coulmas 2013: 191). Han stadfestar at: ”[a]s we speak, we reveal who we are, where we grew up, our gender, our station in life, our age and the group we want to belong to” (ibid.). Venås (1991: 110 f) viser til at menneske som har følt seg tvinga til å endra talemålet sitt i forbindelse med til dømes flytting frå bygd til by, kan føla seg mindre trygge og oppleve psykiske spenningar, medan Giles og Smith (1979) poengterer at språkleg tilpassing i ein talesituasjon kan føra til at ein mister noko av identiteten sin. Dette meiner eg er klare teikn på at språket vårt heng tett saman med identiteten vår, og observasjonane Venås viser til, støttar påstanden til Coulmas. Heimstaden vår er au ein del av identiteten vår, og Martin Skjækkeland er blant dei som meiner at våre haldningar til heimstaden, kan ha innverknad på korleis vi snakkar.

4.3.1 *Homo domesticus* og *homo dynamicus*

I eit forsøk på å forklara kvifor nokre er tru mot dialekten sin, medan andre er meir tilbøyelege til å endra på han, etablerer Martin Skjekkeland omgrepa *homo domesticus* og *homo dynamicus* (Skjekkeland 2009: 65). *Homo domesticus* meiner han karakteriserer personar som har ei sterk tilknytning til lokalmiljøet sitt og er heimekjære, medan *homo dynamicus* skildrar menneske som gler seg til å koma vekk frå bygda og over i eit nytt miljø (ibid.). Han viser til at dei som i undersøkinga hans fell inn under kategorien *homo dynamicus*, ”forandrar tidt på dialekten (når det trengst)” (Skjekkeland 2009: 146). Under SONE-konferansen i 2013 la Malene Monka fram skilnaden mellom bufaste og mobile språkbrukarar i Danmark. Ho peika på at ein kunne sjå ein tendens til at dei som hadde eit ynskje om å flytta, men framleis budde heime, hadde eit meir ”moderne” språk allereie før dei flytta og at dette dreidde seg om *mental mobilitet* (Monka 2013: 26). Ho skriv i avhandlinga si at

[g]raden af mental mobilitet kan komme til udtryk ved, at nogle omtaler deres sted positivt som det bedste sted på jorden, imens andre omtaler det stærkt negativt som et hul i jorden, hvor der ikke sker noget som helst” (ibid.).

Eg meiner dette omgrepet omfattar det same som Skjekkeland sitt *homo dynamicus*, fordi det viser mindre grad av tilknytning til bygda, og at ein har eit ynskje om miljøforandring. I undersøkinga hans i Kvinesdal gjev dette utslag i at dei ungdommane som ser for seg ei framtid i bygda, har ein større prosentdel tradisjonelle former enn ungdommane som gjerne vil flytta vekk frå bygda (tabell henta frå Skjekkeland 2009: 139):

Språk – vil slå seg ned i Kvinesdal etter avslutta utdanning

(Gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer)

Vil slå seg ned i Kvinesdal (22)	Vil helst bu i Kristiansand, Oslo eller i utlandet (16)
58,9	37,6

Tabell 10: Resultat Skjekkeland, *homo dynamicus* og *homo domesticus*.

I tillegg ser han ein tendens til at jenter er meir villige til å flytta ut enn kva gutane er. Vidare er det tydeleg at dei som har vakse opp i utkanstroka av Kvinesdal, har meir lyst til å bli verande der når dei vert vaksne. Heile 70 % av desse ynskjer å slå seg ned i Kvinesdal, medan berre 45,5 % av dei som har vakse opp i sentrum, har same ynskje.

4.3.2 Gruppetilhøyrse

Unn Røyneland går lenger i denne inndelinga av menneske etter eigenskapar og interesser. Ho viser til Penny Eckert som fann ut at kva for sosiale grupper ungdommar i Detroit var del av, hadde innverknad på språkbruken åt den enkelte (Røyneland 2005: 185). På grunnlag av dette deler au Røyneland ungdomsinformantane sine inn i slike sosiale grupper. Det gjer ho på bakgrunn av samtalar med informantane i tillegg til eit skjema dei har fylt ut, som fortel kva interesser dei har. Bakgrunnen for å gruppere folk på denne måten meiner Røyneland heng saman med at "aktivitetane ein driv med og interessene ein har [er] viktige når ein vil fortelje omverda kven ein er, og ikkje minst kven ein høyrer saman med" (ibid. s. 189). Ho finn at desse grupperingane utgjer ein skilnad for korleis ungdommane snakkar. Ytterpunkta er dei som vert plasserte i bus/rånar-gruppa, som representerer "[p]ositiv haldning til heimstaden og dialekten, ikkje-akademisk bakgrunn, interesse for rural bygdekultur, lokale tradisjonar og tradisjonelt levesett" (ibid. s. 473) og soss/skater-gruppa som står for ein "urban/global ungdomskultur, akademisk bakgrunn, mobilitet og moderne livsstil" (ibid.). Ein kan sjå at mange av dei same eigenskapane som definerte Skjekkeland sine *homo dynamicus* og *homo domesticus*, går igjen her. Skilnaden er likevel at Røyneland opererer med fleire grupperingar³³, og desse grupperingane er så grundige at dei til ein viss grad går inn på aktivitetar ungdommane driv med på fritida, og kva klede dei går i. Ein kan dermed seie at Røyneland får med gråsonene i større grad enn Skjekkeland, som gjerne berre får med ytterpunkta³⁴.

4.3.3 Nettverksteori

Nettverksteori dreier seg mellom anna om korleis dei gruppene eit individ er medlem av, verkar inn på språkbruken hans eller hennar og på kor tilbøyeleg han eller ho er til å endra talemålet sitt. Det skil seg frå gruppeteoriane til Røyneland ved at nettverksteorien ikkje dreier seg om kva for sosiale grupper ein er medlem av, men derimot korleis desse gruppene eller nettverka er bygde opp.

Eit nettverk kan anten ha høg eller låg tettheit (high/low density) (Milroy 1980: 20). Høg tettheit har eit nettverk når mange av personane i nettverket kjenner kvarandre. I nettverk med

³³ Dei øvrige er skule/kultur-gruppa, og skuleflinke. For meir informasjon om korleis desse gruppene vert karakteriserte, sjå Røyneland (2005: 187f).

³⁴ Skjekkeland opererer au med ei mellomgruppe for dei ungdommane han ikkje klarer å plassere i verken *homo dynamicus* eller *homo domesticus*. Eg meiner likevel at han ikkje får med gråsonene på same måten som Røyneland, fordi denne mellomgruppa ikkje er ei definert gruppe i seg sjølv, snarare resenterer ungdommane som vert plasserte her fråvær av kjenneteikn som definerer dei to andre gruppene.

låg tettleik kan det vera mange personar som berre kjenner egoet (personen som nettverket er knytt til). Milroy peikar på at

[r]elatively dense networks are generally considered to function effectively as norm enforcement mechanisms, and are relative of those sociogeographic units which we defined (...) as *communities* (ibid. s. 50).

Å vera del av eit tett nettverk vil såleis ha ein konserverande effekt på språknormene i *fellesskapet* (*community*). Labov har delt informantane sine inn etter sosial klasse, men Milroy hevdar at det ikkje er utfyllande nok, fordi ho meiner at folk ikkje føler eit sterkt nok band til eigen sosial klasse til at det kan ha nokon språkleg innverknad. Derfor nyttar ho heller omgrepet *community* (*fellesskap*):

Membership of a group labelled 'lower-middle class' does not necessarily form an important part of a person's definition of his social identity. Yet smaller-scale categories are available which reflect the fact that there *are* social units to which people feel they belong and which are less abstract than social classes. For this smaller-scale, more concrete, unit we reserve the term *community*, used in a specific, technical sense (ibid. s. 14).

Eit nettverk vert au karakterisert som anten multiplekst eller uniplekst. Førstnemnde bruker ein om eit nettverk der personane kjenner kvarandre gjennom fleire ulike roller. Éin person kan vera både nabo, kollega og samtidig kamerat til egoet. Om nettverket er uniplekst, kjenner ein berre personane gjennom éi rolle (ibid. s. 21). Multiplekse nettverk er typiske for små rurale samfunn og personar som er immobile, medan uniplekse er meir vanlege for urbane samfunn og mobile personar. I tillegg seier ein gjerne at ein person sitt nettverk består av fleire klynger (*clusters*) som er ein del av ein person sitt nettverk med relativt høg tettleik. Ei klynge kan vera kollegaar eller vener, og Milroy meiner at "the capacity of such a cluster to enforce its norms (linguistic and otherwise) on individual members is considerable" (ibid. s 51).

4.3.4 Kjønn

Ein annan variabel som er vanleg å ta omsyn til i sosiolingvistiske granskingar, er kva kjønn språkbrukaren har. Fleire peikar på at kvinner vanlegvis nyttar fleire "standardnære" former enn kva menn gjer (Coulmas 2013: 45, Trudgill 2000: 70, Skjekkeland 2009: 28, Mæhlum 2008: 120). Problemet er berre at mange tek dette for god fisk og ikkje problematiserer det vidare. Mæhlum (2008: 121) rettar merksemda mot fleire nye undersøkingar som viser at kjønnsvariabelen kanskje ikkje er så tydeleg som ein har trudd. Skjekkeland kjem fram til at det er liten variasjon mellom gutane og jentene i granskinga hans i Kvinesdal (2009: 156).

Den nyaste granskinga frå Hå kommune, masteravhandlinga til Bøe frå 2013, konkluderer au med at det ”i det hele tatt [er] få tydelige kjønnsforskjeller å vise til i materialet” (s. 92). Hypotesen hans var at kvinnene ville ha fleire nyare former enn mennene. Denne måtte derimot avkreftast då det var tydeleg at det faktisk var mennene som viste høgast prosentdel nyare former i nær alle variablane. Kristine Aasen, som studerte stavangermålet i 2011, kom på same måte fram til at ”det ikkje er signifikante skilnader mellom kjønna” (s. 89). Likevel kunne ho au finna at det berre var kvinnene som nytta prestisjeformene som er knytte til det høgare talemålet i Stavanger.

Ser vi derimot til dei eldre granskingane, er resultatane meir samanfallande med påstandane om at kvinnene nyttar fleire standardformer enn mennene. Då Finn Gabrielsen (1984) undersøkte talemålet i Stavanger på åttitalet, viste resultatane hans at ”[g]uttar snakkar meir dialekt enn jenter i alle samfunnssklassar” (s. 102) (som nemnt under 4.1.1). Når det gjeld kjønnsvariabelen med omsyn til stilskifte viser granskinga til Elisabeth Selj på syttitalet at kvinnene hadde flest standardnære former i både den formelle og den uformelle intervjusituasjonen (1978: 293). Labov meiner au at ”women use fewer stigmatized forms than men, (...) and are more sensitive than men to the prestige pattern. They show this in a sharper slope of style shifting, especially at the more formal end of the spectrum” (Labov 1991: 243). Giles og Smith (1979: 49) legg fram ei gransking frå England som kom fram til at ”upward convergence for women may glean a greater array of rewards than the same strategy by a male”. Altså at ei kvinne som konvergerer oppover vil ha større utbytte av det enn ein mann som gjer det same. Dei viser au til at dei kvinnene som snakkar RP (talemålet som har den høgste prestisjen i England) får tillagt positive eigenskapar som mindre svake, meir sjølvstendige, eventyrlystne og feminine (ibid.). Det kan altså sjå ut til at kjønnsvariabelen slo tydelegare ut i eldre granskingar, medan han ikkje er så påfallande i dag. Dermed er det interessant å sjå om funna i denne granskinga vil samsvara med resultatane til Aasen, Skjekkeland og Bøe.

4.3.5 Alder

Det er ikkje til å koma bort frå at alderen til språkbrukaren ofte har noko å seia for korleis han eller ho snakkar. Alder er derfor au ein vanleg sosial variabel i sosiolingvistiske granskingar. Coulmas (2013: 62) legg vekt på at språket vårt er i stadig endring. Verda er nemleg i stadig endring, og språket er nøydd til å tilpassa seg denne endringa. Basert på dette meiner han at dei ulike generasjonane har si eiga ”språkverd”. Dei eldre er gjerne kjende for å ha det mest

arkaiske språket, dei unge sitt språk er prega av nyvinningar og slang, medan dei vaksne er dei som i størst grad tek i bruk standardnære former (ibid.). Studiar har vist at "increasing age correlates with increasing conservatism in speech" (Eckert 1998: 152). Penelope Eckert viser til ei gransking som kom fram til at språkbruken til dei vaksne er eit resultat av lingvistiske krav på arbeidsplassen (ibid. s.164).

Skjekkeland opererer med glidande overgangar mellom dei ulike aldersgruppene sine. Altså at gruppe 1 er frå 14-15 år, gruppe 2 frå 16-18 og så bortsetter (2009: 158). Han finn at det er liten språkleg skilnad mellom desse gruppene. Eckert har peika på at det er vanskeleg å finna aldersskilnadar med såne finindelte aldersgrupper som Skjekkeland har. Ho meiner det er meir nyttig å dela informantane inn i breiare aldersgrupper som karakteriserer ulike livsfasar (1998: 155). Kristine Aasen (2011: 68-80) delte sine informantar inn i livsfasane eldre, midaldra og yngre og fann større skilnadar mellom gruppene enn det Skjekkeland viser til. Bøe nytta dei same inndelingane og kom fram til at "[v]i ser tydelige tegn til aldersvariasjon i tilsynelatende tid for alle variablene jeg har undersøkt" (2013: 88). På bakgrunn av dette kan ein slå fast at "[o]n the level of speakers, it means that at any time several generations coexist who share a common language but whose share of that language is not identical" (Coulmas 2013: 63). Vi ser altså at Eckert sitt forslag om breiare aldersgrupper gjev større utslag.

Ein har likevel vore skeptisk til å konkludera med at språket til dei unge viser kva for endringar dialekten kjem til å ha i nærmaste framtid. Som Eckert seier det:

With just the evidence from apparent time, it is amigious whether the language patterns of the community are changing over the years or wether the speakers are becoming more conservative as they age – or both (1998: 152).

For å vera sikker på kva ein har med å gjera, er ein avhengig av undersøkingar i verkeleg tid³⁵. Måten dei unge snakkar på, kan nemleg vera eit uttrykk for livsfasen dei er i nett no, og språkdrag dei tek til seg då, kan leggest av etter kvart som åra går. Dette fenomenet vert kalla *age grading* eller *livsfaseendring* på norsk (Milroy og Gordon 2006: 36). Dersom nye språkdrag derimot blir behaldne au når ungdommane vert midaldra og eldre, kan vi seia at vi har med ei *livsløpsendring* å gjera.

³⁵ Ei undersøking i verkeleg tid vil seia at ein på eit seinare tidspunkt oppsøker personar som har vorte granska tidlegare for å sjå om dei har endra språkbruken sin gjennom åra.

4.4 Hypotesar

På bakgrunn av teoriane eg har lagt fram i dette kapittelet og utgreiinga om samfunna Nærbø og Varhaug i kapittel 2, vil eg setja fram sju hypotesar for korleis utfallet av granskinga kjem til å verta.

Den første hypotesen er basert på teoriane om akkommodasjon og tilpassing (punkt 4.2.2), både til situasjonen og til tilhøyrarar.

Hypotese 1: *Informantane kjem til å nytta fleire alternative variantar i dei formelle intervjuar enn i dei uformelle intervjuar.*

Dei to neste hypotesane er basert på teoriane om kjønn, og har som mål å finna ut om kvinnene har fleire standardnære former enn menn (sjå punkt 4.3.4). I tillegg er den tredje hypotesen basert på resultatane til Elisabeth Selj (sjå *Hov i Land* under punkt 4.1.1).

Hypotese 2: *Kvinnene vil nytta fleire alternative variantar i formell situasjon enn mennene.*

Hypotese 3: *Mennene vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn kvinnene frå den uformelle til den formelle situasjonen.*

Hypotese 4 og 5 baserer seg på framlegginga av Nærbø og Varhaug som samfunn (kap. 2), som mellom anna viser at Varhaug er eit mindre samfunn enn Nærbø, knytt saman med Milroy sine nettverksteoriar (4.3.3). Ho peikar på at små samfunn gjerne består av tettare nettverk som i større grad er multiplekse, noko som gjer at språknormene vert haldne ved lag i større grad.

Hypotese 4: *Informantane frå Nærbø vil bruka fleire alternative variantar i formell situasjon enn dei frå Varhaug.*

Hypotese 5: *Informantane frå Nærbø vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn informantane frå Varhaug.*

Dei to siste hypotesane er baserte på teoriane om alder (punkt 4.3.5), og viser til at vaksne ofte nyttar fleire standardnære former enn dei unge.

Hypotese 6: *Dei midaldra vil nytta fleire alternative variantar i formell situasjon enn dei unge.*

Hypotese 7: *Dei midaldra vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn dei unge.*

5. Metode

Metode dreier seg om korleis ein går fram for å ”samle inn, behandle og analysere data” i samband med ei gransking (Akselberg og Mæhlum 2008: 74). Kva for ein metode ein vel å nytta, kan vera avgjerande for kva resultat ein kan henta ut (ibid.). Det er difor viktig at metoden er tilpassa problemstillinga eller det ein ynskjer å seia noko om. I mitt tilfelle er det viktig at dei metodiske vala eg tek, syter for at informantane føler seg budde på kva dei skal vera med på, at dei ikkje tykkjer situasjonen er ubehageleg, men at eg likevel klarer å skapa to ulike intervjusituasjonar som potensielt kan gje utslag i ulik språkbruk og dermed gje meg svar på problemstillinga. Kapittelet vil først gje ei framstilling av metodetori (5.1) med fokus på skilnaden mellom kvantitativ og kvalitativ metode i tillegg til omgrepa validitet og reliabilitet. Den praktiske gjennomføringa vil deretter verta vektlagd. Eg vil først seia noko om informantutvalet (5.2), kva kriterium som låg til grunn (5.2.1), og korleis dei vart plukka ut heilt konkret (5.2.2). Eg vil au koma innom metodiske og etiske spørsmål kring utvalet og måten det vart gjort på (5.2.3). Korleis intervju blei gjennomførde vil så verta fortalt (5.3), først dei uformelle (5.3.1), dinest dei formelle (5.3.2). Til slutt vil eg kort seia noko om korleis det innsamla materialet vart handsama (5.4), før eg avsluttar med å presentera dei språklege variablane granskinga baserer seg på (5.5).

5.1 Metodeteori

5.1.1 *Kvantitativ eller kvalitativ metode?*

Eit av hovudspørsmåla innom det metodiske, er om ein vil ha ei kvalitativ eller kvantitativ tilnærming. Det er likevel ikkje to klart åtskilte einingar. Grønmo meiner at dei utgjer kvar sitt ytterpunkt på ein skala, altså at ein beveger seg langs ein akse som går frå kvantitativ til kvalitativ (eller motsett) (Grønmo 2012: 89). Definisjonen hans går ut på at det er eigenskapar ved dataa som vert samla inn, som avgjer om innfallsvinkelen er kvalitativ eller kvantitativ. Data som kan ”uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdetermer (for eksempel mange – få, flere – færre, de fleste – de færreste og så vidare)” (ibid. s. 85 etter Grønmo 2004) reknar han som kvantitative, medan ”data som ikke kan uttrykkes på denne måten, er kvalitative” (ibid.). Akselberg (1997: 24f) forklarar kort kva ein kvantitativ metode inneber i sosiolingvistikken: ”ein operasjonaliserer og kvantifiserer dei avhengige språklege variablane, og gjennomfører dinest statistiske korrelasjonsstudiar mellom dei avhengige og uavhengige variablane”. Når ein nyttar kvalitativ metode i sosiolingvistikken freistar

ein å få innsikt i tilhøve som den kvantitative metoden ikkje kan fanga opp, t.d. det å forstå kvifor vi får bestemte språklege realiseringar og språklege variasjonar, og det å sjå språkbrukaren og språklege realiseringar i ein større samansett sosial og kulturell samanheng” (ibid. s. 26).

For å få djupare innsikt kan ein med fordel kombinera desse to tilnærmingane. Dei talfesta kvantifiseringane kan gje oss representative tal på korleis eit samfunn ter seg språkleg, medan kvalitative tilnærmingar kan gje oss djupare innsikt i mekanismane som ligg bak handlingane.

Denne avhandlinga vil i hovudsak ha ei kvantitativ tilnærming. Gunnstein Akselberg og Brit Mæhlum legg i *Språkmøte* vekt på at kvantitative studiar innanfor sosiolingvistikken handlar om å skaffa seg ei oversikt over talemålet i eit område (Akselberg og Mæhlum 2008). Det vil i mitt tilfelle seia at eg ved å sjå på utvalde variablar (som vil bli presenterte i 4.5) har prøvd å få ei oversikt over korleis mine informantar vekslar (eller ikkje vekslar) mellom ulike måtar å snakka på frå den formelle til den uformelle intervjusituasjonen. Vidare har eg sett opp statistikk og kvantifisert det eg har kome fram til. Sjølv om hovudvekta er på det kvantitative, er òg enkelte utsegner frå intervjuar trekte inn for å sjå om det kan kasta lys på kva informantane sjølv tenker om språkleg variasjon. Milroy og Gordon (2006: 61) peikar nemleg på at ”[i]nterviews often produce valuable qualitative data that can complement quantitative analyses”. Ein kvalitativ studie kan altså ikkje kvantifiserast eller generaliserast, men kan likevel seia noko om ”hvilke mekanismer som kan være bestemmende for enkeltindividens språklige atferd” (Akselberg og Mæhlum 2008: 78).

5.1.2 Validitet og reliabilitet

Når ein driv med kvantitativ sosiolingvistikk, er det viktig å ta omsyn til reliabiliteten og validiteten ved granskinga. Akselberg seier at ”[r]eliabiliteten er eit mål på i kva grad vi kan stola på dei målingane vi gjer, medan validiteten er uttrykk for i kva grad vi måler det vi ynskjer å måla” (Akselberg 1997: 30). Om ei gransking er reliabel, skal det altså vera mogleg å gjera same granskinga om att og få dei same resultatane. Dermed er det viktig at ein er nøyaktig og grundig i alle ledd av granskinga og handsaminga av materialet, slik at ein ikkje drar med seg feilkjelder som kan svekka reliabiliteten.

Når det gjeld validiteten, vil det vera ein føresetnad i denne granskinga at situasjonane ligg så nært opp til verkelegheita som mogleg, slik at informantane opplever dei som høvesvis formelle og uformelle. Skulle det visa seg at dei ikkje gjer det, vil såleis validiteten vera svekka. Det er dermed viktig å arbeida for at granskinga i sin heilskap er så reliabel og valid

som mogleg. Likevel er det viktig å ha i minne at "[i] sosiolingvistikken er det ikkje enkelt å koma fram til høg reliabilitet, slik som i naturvitskapane, og det er heller ikkje enkelt å svara på om dei sosiolingvistiske resultata har høg validitet" (Akselberg 1997: 31). Dette meiner Kristoffersen er fordi ein har med menneske å gjera, og menneskenaturen fungerer ikkje på same måte som fysiske objekt (ibid.). Med dette skal vi gå over til å sjå kva kriterium som låg til grunn for utveljinga av informantane som har bidrege i denne granskinga.

5.2 Utval av informantar

Trass i at det kunne vore interessant, er det ikkje mogleg å undersøka språkbruken til alle som bur på ein tettstad. Ein er difor nøydd til å gjera visse avgrensingar for at datamaterialet som vert samla inn, skal verta overkommeleg. Kva for eit utsnitt ein då gjer av befolkninga, kan ha innverknad på resultatet av granskinga og på representativiteten. Altså om informantane som er valde ut kan seiast å vera eit gjennomsnittleg utsnitt av den totale populasjonen. Difor er det viktig å syta for at utvalet er tilfeldig innanfor dei bestemte livsfasegruppene.

5.2.1 Kriterium for utvalet av informantar

Livsfasane yngre (ca. 15 år) og midaldra (45-60 år) er plukka ut til denne granskinga. Det kunne au vore interessant og sett korleis eldre informantar ville tilpassa seg dei ulike intervjusituasjonane, men på grunn av avgrensingar for oppgåva er denne livsfasen kutta ut. Som beskrive i 4.3.4, meiner ein at den vaksne aldersgruppa er dei som i størst grad gjer nytte av standardnære former, noko som er eit resultat av lingvistiske krav på arbeidsplassen (Ekcert 1998). Nettopp difor blei vaksne menneske i arbeidsfør alder innlemma i staden for eldre i granskinga. Ved utsegna "[i]f adolescence is the life stage in which speakers push the envelope of variation, conservatism is said to set in during adulthood" (ibid. s. 164) viser Eckert til ein kontrast mellom ungdomsgruppa og dei vaksne. Det gjer at eg meiner det er spennande å kunna bruka nettopp desse gruppene som samanlikningsgrunnlag i mi gransking.

Kriteria som blei lagde til grunn for informantutvalet, i tillegg til at dei måtte vera innanfor dei aktuelle livsfasane, var at dei måtte ha budd på høvesvis Nærbø³⁶ eller Varhaug frå dei var ca. seks år gamle, og at dei budde der då opptaka blei gjennomførte³⁷. Ein meiner nemleg at informanten då "høyrer naturleg heime i språksamfunnet" (Anderson 2013: 2). Sidan innbyggjarane på Nærbø og Varhaug anten må flytta vekk for ein periode eller pendla til

³⁶ Som forklart i kapittel 2, er Nærbø og Varhaug tettstader med sentrumskjerner i tillegg til omkringliggende småstader, opprinneleg gamle gardar. Det var ikkje eit krav at informantane måtte vera frå tettstaden Nærbø eller Varhaug, men at dei måtte ha postnummeret som er knytt til dei to stadene.

³⁷ Alle intervju blei gjennomførte hausten 2013.

Stavanger for å ta høgare utdanning, ville eg ikkje ekskludera informantar frå granskinga på grunnlag av det. Hadde dei vorte utelatne, kunne det vore med på å svekka representativiteten til utvalet, meiner eg. Høgare utdanning er så vanleg i dag at det må sjåast på som ein naturleg del av livet til ein stor del av innbyggjarane på dei to tettstadene. Kva dialekt foreldra snakka, vart ikkje lagt til grunn, men likevel notert ned som tilleggsinformasjon. Når ein har delt informantane inn i slike populasjonar (livsfase og heimstad) allereie før dei vert plukka ut, kallar ein det ikkje eit tilfeldig utval, men eit *kvoteutval* (*quota sampling* på engelsk) (Milroy og Gordon 2006: 30f). Slike utval er i stor grad basert på forskaren si evne til å gjera eit rasjonelt val for kva for nokre kvoter utvalet skal delast opp i; difor vert det gjerne kalla *judgment sampling* (ibid.). Likevel er utvalet tilfeldig i den grad at ein har spurt tilfeldige personar som passar inn i dei førehandsbestemte kvotene.

For at dei yngre informantane skulle vera eldst mogleg, plukka eg berre ut elevar frå tiande klasse. Eg har bevisst unngått å plukka ut ungdommar som har begynt på vidaregåande, fordi Nærbø og Varhaug er forholdsvis små samfunn og få³⁸ går på vidaregåande skule på heimstaden. Dei fleste reiser til Bryne eller Sandnes/Stavanger og vert dermed del av eit noko meir heterogent språksamfunn. Den største faren er likevel at valet av éin vidaregåande skule, kunne leia undersøkinga i ei eller anna retning av di dei ulike linjene skulane tilbyr, trekker til seg éi gruppe menneske. Det tilfeldige utvalet som ikkje er styrt av verken forskaren eller ein lærar eller tilsett ved skulen, er nemleg heilt essensielt om ein ynskjer å sikra representativiteten i granskinga (Milroy og Gordon 2006: 24f). I tillegg er det reint praktisk mykje lettare å kontakta dei lokale ungdomsskulane, fordi dei famnar alle innanfor målgruppa som bur på staden. Dermed vert utvalet av informantar vert mest mogleg tilfeldig.

Dialektendringsprosessar har au eit prinsipp om at ungdomsinformantane skal gå på ungdomsskulen, og presiserer at "[d]ette er særleg viktig for mindre stader" (Anderson 2013: 2), nettopp av årsakene som vart trekte fram ovanfor.

5.2.2 Korleis blei informantane plukka ut?

Ungdommane

For å plukka ut ungdomsskuleelevane tok eg kontakt med lagleiarane for tiande trinn på Nærbø- og Varhaug ungdomsskule og bad om å få klasselister. Dineist valde eg ut to tilfeldige namn på kvar skule, éin gut og éi jente. Nokre dagar før innsamlinga møtte eg opp på skulane

³⁸ Ungdommane kan velja å gå på privatskulen Tryggheim VGS på Nærbø, men det er ein internatskule, og språksamfunnet vil difor bli meir heterogent enn det vil vera på dei offentlege skulane på td. Bryne.

for å snakka med dei aktuelle elevane og høyra om dei ville vera med. Elevane blei i tillegg spurde om å plukka ut éin medelev som au kunne vera informant, og som dei kunne tenka seg å verta intervjuja saman med i dei uformelle intervjuja. Når ein ber ein allereie utplukka informant om å anbefala andre ein kan kontakta, vert det kalla *snøballteknikk*. Metoden er forholdsvis vanleg å bruka når ein driv med *judgment samling* (Milroy og Gordon 2006: 30f). Fordelen er at ein ikkje verkar totalt ukjend når ein tek kontakt med personen som vert anbefalt, noko som gjer at folk ofte er meir velvillige til å delta. Teknikken fungerte veldig bra på ungdomsskuleelevane.

Å ha to informantar som kjenner kvarandre saman, er positivt au med tanke på kvaliteten på intervjuet. Dei kan nemleg fungera som ein ”kontrollør” overfor kvarandre og såleis syta for at dei snakkar slik dei plar (Akselberg og Mæhlum 2008: 83). Fleire teoretikarar har peika på den positive effekten av kotrollørrolla fordi: ”the interaction of members overrides the effect of observation, and gives us a more direct view of the vernacular with less influence of the observer” (Labov 1991: 109). Det vert au trekt fram at ”[i]t would be quite unacceptable for someone in the group to put on an act during the recording and use a form of language which was not normally used in that speech community or among the individual speakers” (Nordberg 1980: 7 i Milroy og Gordon 2006: 67).

Dei midaldra

Dei midaldra informantane vart plukka ut tilfeldig frå telefonkatalogen. Eg ringde dei opp og spurde om dei kunne tenka seg å delta i undersøkinga. Heile tida var eg klar på at dette skulle vera frivillig, men eg prøvde òg å ufarleggjera situasjonen ved bevisst å kalla situasjonane for samtalar i staden for intervju, og ved å forsikra dei om at poenget ikkje var at dei skulle ha ein fasit på spørsmåla som blei stilte, men at det skulle vera ein samtale som fokuserte på deira egne oppfatningar om tema som vart tekne opp. Mange av dei oppringde ville likevel ikkje vera med, og arbeidet med å skaffa nok informantar blei forholdsvis tidkrevjande. Når det gjeld representativiteten i undersøkinga, kan dette vera eit problem (Milroy og Gordon 2006: 24f). Det kan nemleg tenkast at det er éin type menneske som takkar nei til intervjuja, og dermed står ein att med éin annan type menneske som takkar ja. Når det er menneske som er forskingsobjektet, er dette noko ein aldri kan vera sikker på å unngå. Det er au vanskeleg å etterprøva om det har gitt eit skeivt utfall.

Dei midaldra informantane blei på same måte som ungdommane bedne om å få med éin ven. *Snøballteknikken* fungerte derimot ikkje like bra med dei midaldra, og eg vart nøydd til å kontakta alle informantane på eiga hand. Berre éi plukka ut ein ho kunne intervjuast saman med. Trass i dette, var eg så heldig at informantane kjende kvarandre i alle para eg sette saman. Fordelen med at det vart gjort på denne måten må vera at alle kjende at dei hadde forplikta seg til å delta, og dermed møtte opp som avtalt. Andre som har gjort sosiolingvistiske granskingar har hatt problem med at ikkje alle har møtt opp, og då gjerne dei som granskaren sjølv ikkje har snakka med³⁹. Dette problemet unngjekk eg, og tabell 11 viser korleis informantcellene blei sjåande ut.

Nærbø		Varhaug	
Midaldra	Yngre	Midaldra	Yngre
2 kvinner	2 kvinner	2 kvinner	2 kvinner
2 menn	2 menn	2 menn	2 menn
Totalt 16 informantar			

Tabell 11: Oversikt over informantceller.

5.2.3 Metodiske spørsmål kring utvalet

Nokre vil kanskje argumentera for at dette er få informantar frå kvar stad, men for at omfanget ikkje skal verta for stort innanfor rammene av ei masteravhandling, er det naudsynt å gjera det slik. Sjølv om talet på informantar ikkje er høgare enn 16, vil eg sitja att med 24 intervju som skal transkriberast, sidan alle informantane skal intervjuast i to ulike settingar. I tillegg kan eg utan problem sjå på Nærbø og Varhaug samla, av di talemålet ikkje kan seiast å vera totalt ulikt på dei to stadene. Sjølv om det, som eg har nemnt, er visse lokale variasjonar, meiner alle informantane sjølve at dei snakkar jærsk.

Milroy og Gordon meiner au at ei sosiolingvistisk gansking ikkje er avhengig av like mange informantar som andre samfunnsbaserte granskingar (Milroy og Gordon 2006: 28f). Ein språkbrukar som står mellom den eine eller andre varianten av ein variabel har to (potensielt fleire) valalternativ. Blir ein derimot stoppa på gata og får spørsmålet "Kva parti skal du stemma på ved neste stortingsval?" har ein minst ni ulike valalternativ (avhengig av kor mange av partia ein vel å innlemma). Dermed kan ein seia at valmoglegheitene språkbrukarane står overfor, er færre enn dei tilgjengelege svaralternativa ved spørsmål om samfunnsmessige tilhøve. Behovet for eit stort tal informantar vert dermed redusert (ibid.). I tillegg vil personen som vart stoppa på gata berre ta stilling til spørsmålet éin gong, medan ein

³⁹ Eg siktar her til ein medstudent som au driv med sosiolingvistik og som møtte på dette problemet i si innsamling.

språkbrukar kan realisera den same variabelen opp til fleire gonger i løpet av eitt intervju, og ein person kan dermed stå for fleire belegg åleine. Vidare er ein nøydd til å ta omsyn til mengda etterarbeid som naturleg nok følgjer talet på informantar. For å runda av denne diskusjonen, vil eg konkludera med Milroy og Gordon sine ord: "it seems that practical considerations partly dictate sample size" (Milroy og Gordon 2006: 29).

5.2.4 Ethiske spørsmål kring utvalet

Sidan informantane skulle gjennom to ulike intervju og målet var å finna ut om dei snakka ulikt i dei to situasjonane, ville eg ikkje framheva at det var språk granskinga dreia seg om då informantane blei spurde å delta. Eg fortalde difor kva samtaleemna ville vera, deriblant språk, og at avhandlinga skulle dreia seg om Nærbø og Varhaug. Det etiske kring det å halda tilbake informasjon kan problematiserast. I samråd med rettleiar kom eg likevel fram til at det ville vera dumt å gje informantane dei presise opplysningane før dei hadde vore gjennom intervju, fordi det kunne påverka utfallet. "Skaden" av å få veta det etterpå var liten; dessutan kunne dei då trekka seg. Milroy og Gordon handsamar au det etiske ved ei gransking, og dei er einige i den potensielle faren for at for mykje informasjon kan ha innverknad på utfallet:

For this reason, the investigator may frame the research in even more general terms as examining social changes or life in the community. In this context, language can be mentioned as one of many aspects of the study – an accurate description in view of the role that social information plays in sociolinguistic analysis (Milroy og Gordon 2006: 80).

Med Milroy og Gordon si utdjujing meiner eg dermed ikkje at informantane blei førte bak lyset. Etter at dei hadde vore gjennom begge intervju, fekk dei all informasjon om granskinga. Eg fortalde dei kva eg skulle bruka materialet til, og dei fekk i tillegg utdelt eit skriv⁴⁰ der det stod korleis opptaka ville verta handsama, kva dei skulle nyttast til, og at dei når som helst, utan spesiell grunn, kunne trekka seg frå undersøkinga. Dei fleste informantane reagerte ikkje særleg på denne informasjonen, og verka ikkje til å bry seg om kva det skulle brukast til. Somme gav derimot uttrykk for at dei tykte det var stas å få vera med på ei gransking av det slaget, og at det var kjekt og viktig at eg dreiv på med den typen forskning.

5.3 Intervjua

Før intervju vart gjennomførte, hadde eg på grunnlag av tidlegare granskingar og metodiske og teoretiske synsmåtar, sett opp prinsippa som skulle leggjast til grunn. Milroy og Gordon

⁴⁰ Dette skrivet ligg som vedlegg nr. 1

peikar på det er viktig å ha tenkt gjennom korleis ein skal utføra intervjuet for å kunna henta inn relevante data:

[i]n order to uncover sociolinguistic patterning amidst the variation, the investigator must acquire sufficient types and quantities of language data, and must also take into account the social context in which the data are gathered. Thus, the investigation needs to be broad enough to include the different types of language (used by the same speaker) as well as different types of speakers (Milroy og Gordon 2006: 23).

Sidan mi hensikt var å henta inn språkleg materiale frå ein formell og ein uformell intervjusituasjon, var det viktig at desse to situasjonane var godt planlagde for å stå fram som ulike for informantane.

Eitt av prinsippa var å utføra dei formelle intervjuet fyrst. Dermed ville situasjonen med å bli intervjuet med mikrofonar vera ny og truleg meir framand i det fyrste intervjuet. Utstyret som vart brukt, var ein opptakar og to mikrofonar som vart sette i stativ på bordet. I det formelle intervjuet var det altså éin mikrofon retta mot informanten og éin mot intervjuaren. Sidan dei uformelle intervjuet hadde tre deltakarar inkludert intervjuaren, blei det då retta éin mikrofon mot kvar av informantane. Mikrofonane har så stor sektor at det likevel er heilt uproblematisk å få inn intervjuaren gjennom desse mikrofonane. Dei to ulike intervjusituasjonane har naturlegvis ulike prinsipp og ulik gjennomføring og vert difor presenterte kvar for seg i dei påfølgjande delkapitla.

5.3.1 Dei uformelle intervjuet

Dei uformelle intervjuet skulle som nemnt gjennomførast med to og to personar som kjende kvarandre og vart for dei midaldra informantane haldne heime i stova til éin av dei. Alle hadde sett fram forfriskingar av ulikt slag, og eg følte i dei fleste tilfella at intervjuet bar meir preg av hyggelege samtalar enn av spørsmål og svar. Likevel var det litt varierende kor mykje folk snakka utanom spørsmåla dei vart stilte, noko som er naturleg fordi det generelt er varierende kor mykje eit menneske snakkar. Eg følte likevel at alle intervjuet gav brukande samtalar.

Dei unge informantane blei berre intervjuet på skulen i eit grupperom eller eit klasserom der elevane var vane med å vera. Eg hadde i tillegg teke med litt snop og noko å drikkja for å skapa ei litt meir avslappa stemning. Det er likevel ikkje til å koma frå at stemninga var ulik i vaksenintervjuet og ungdomsintervjuet. Nokre av ungdommane var litt vanskelege å få til å snakka. Forklaringane på dette kan sjølvstundt vera mange, men eg trur gjerne noko av grunnen

er at dei vaksne er meir trygge på seg sjølv og på situasjonen, i tillegg til at dei er på heimebane i stova si.

Sidan eg er jærbu gjennomførte eg dei uformelle intervjuja sjølv. Eg rekna med at informantane ikkje ville tilpassa språket sitt i større eller mindre grad til meg, sidan eg var tilnærma ein sambygding. Det førte au til at me hadde felles referanserammer når det gjaldt det lokale, noko som kan vera medverkande til ein meir naturleg samtale og kan hjelpa til å redusera "the observers paradox" (Milroy og Gordon 2006: 68f). Prinsippet om at intervjuaren skal ha same dialekta som informantane, er òg gjeldande for prosjektet *Dialektendringsprosessar* (Anderson 2013). Det er likevel ei kjennsgjerning at eg tilpassa meg etter kven eg snakka med. Som vi har sett i teorikapittelet, er dette heilt naturleg, og det ville vore merkeleg om ikkje dei språklege mekanismane skulle "styra" meg på same måte som dei styrer informantane. Eit anna viktig prinsipp var at eg prøvde å opptre så avslappa som råd var og kunne med det vera med å verka til at intervjuja kjendest meir uformelle.

Samtalane blei gjennomførte ved hjelp av ein samtalegaid⁴¹. Som intervjuar er ein ansvarleg for å halda samtalen gåande, då er det heilt nødvendig å ha førebudd kva tema ein skal ta opp (Milroy og Gordon 2006: 57). Eg brukte likevel ikkje gaiden slavisk. Om informantane sjølv trekte fram andre tema enn dei eg hadde førebudd, prøvde eg å følga opp desse så godt som råd var. I tillegg freista eg å halda gaiden mest mogleg diskret, slik at han ikkje skulle bli så tydeleg for informantane. Emna som var sette opp i gaiden, var meinte å vera nære og dreidde seg såleis om deira liv, som til dømes oppvekstvilkår, kven dei bruker tid saman med, korleis kvardagen er for dei, korleis dei ser på heimstaden, og mot slutten av intervjuet snakka vi noko om språk og dialekt på heimstaden. Sidan eg hadde med to ulike aldersgrupper å gjera, hadde eg førebudd to ulike intervjugaidar som var meinte å vera tilpassa deira ulike interessefelt. Intervjuja varte ca. éin time, slik at eg skulle oppnå i gjennomsnitt 30 minutt tale per informant.

5.3.2 Dei formelle intervjuja

I dei formelle intervjuja var informantane éin til éin med intervjuaren for å unngå kontrolleffekten, som vi nettopp la inn i dei uformelle intervjuja, men som no ville verka mot si hensikt. Gabrielsen (1984: 62) skriv at han sjølv var med som "teknisk assistent" under dei formelle intervjuja, men eg var redd at informantane, som visste at eg var ein sambygding, då

⁴¹ Gaidane for både dei uformelle og dei formelle intervjuja ligg som vedlegg 2.

ville la meg ha kontrollørrolla. Milroy og Gordon (2006: 204) viser til Bell som meiner at samtalepartnaren⁴² er den mest avgjerande faktoren for korleis språkbrukaren vil snakka, reint stilistisk. Dei legg au til at "[n]or do speakers design language only for addressees, but react also to auditors and overhearers, which are other categories of audience" (ibid.). På grunnlag av dette valde eg å ikkje vera til stades.

Alle dei vaksne informantane blei intervjuja på biblioteket på Nærbø, der me hadde fått lånt eit grupperom. Ungdomsinformantane blei intervjuja på eit anna grupperom på skulen, som var eit rom dei ikkje var særleg vane med å vera på. Vonleg ville det skapa den same fysiske formelle settinga som dei vaksne informantane opplevde ved å møta opp på eit grupperom på biblioteket. For å forsterka den formelle situasjonen hadde intervjuaren kledd seg med skjorte og blazer. I tillegg starta han alle intervjuja med å skriva ned namn på informantane og tidspunkt for intervjuet, og han gjorde det tydeleg at spørsmåla hans kom frå ei liste dei skulle gå gjennom. Eg vil dermed seia at han klarte å skapa ein god motpol til dei heimekoselege intervjuja der eg prøvde å ta så liten plass som råd var.

Dei formelle intervjuja blei såleis gjennomførte av ein tilsett i prosjektet *Dialektendringsprosessar* ved Universitetet i Bergen, som me hadde alliert oss med. Han er søraustlending og har tidlegare levert eiga masteroppgåve i sosiolingvistik. Dermed kjenner han til fagtradisjonen, og er ein god kandidat til å gjennomføra intervjuja på ein fruktbar måte. At intervjuaren skulle vera frå Sør-Austlandet var eit heilt medvite val. Labov peikar på at "[w]henever a subordinate dialect is in contact with a superordinate dialect, answers given in any formal test situation will shift from the subordinate towards the superordinate in an irregular and unsystematic manner" (Labov 1991: 213). *Superordinate dialect* viser til eit prestisjetalemål⁴³, og haldningsgranskingar i Noreg har vist at det er nettopp den sentraustlandske dialekta som får denne merkelappen frå fleirtalet av dei spurde (Sandøy 2011: 123f).

Temaa for desse intervjuja var av meir lokalpolitisk karakter, og dei var dermed etter alt å dømma meir formelle, sjølv om det framleis var deira oppfatning av ting ein var ute etter.

⁴² Deira opprinnelege omgrep for samtalepartner er *audience*. Å oversetja dette direkte til *publikum* eller *tilskodar*, meiner eg vil gje eit feil inntrykk. Eg har difor valt å oversetja det med samtalepartner, fordi det er mest hensiktsmessig i mi gransking der det berre er snakk om samtalar mellom menneske og ingen situasjonar der språkbrukaren snakkar til større forsamlingar.

⁴³ Med prestisjetalemål meiner eg ikkje det same som standardtalemål. Denne debatten vart handsama under 4.2.3.

Sjølvsagt var samtalegaiden au i denne situasjonen tilpassa livsfasegruppene, slik at dei midaldra ikkje fekk nøyaktig dei same spørsmåla som dei unge. Eg fekk likevel tilbakemelding frå nokre av elevane om at dei formelle intervjuja hadde spørsmål som var noko vanskelegare å svara på. Kanskje er dette eit teikn på at me klarte å finna samtaleemne som var noko meir ukjende for elevane, og dermed meir formelle fordi dei ikkje berre kunne svara det første som fall dei inn. Målet var at intervjuja skulle vera på ca. 30 min, men nokre av dei er ned mot 20 min.

Samanfatta var det altså fire faktorar som skilde dei to intervjusituasjonane: 1) den fysiske settinga, altså kva rom dei vart gjorde i, 2) om informanten var åleine med intervjuaren eller saman med ein kjent, 3) dialekta til intervjuaren og 4) samtaleemna. I tillegg vil eg seia at me som intervjuja, sjølve var med på å setja anten eit uformelt eller formelt preg på situasjonen med korleis me tedde oss, og korleis me var kledde.

5.4 Behandling av data

5.4.1 Transkribering

Då alle opptaka var gjennomførte, sat eg att med 16 formelle intervju på til saman 6 timar og 39 minutt, i tillegg til 8 uformelle intervju på til saman 8 timar og 6 minutt. Dermed hadde eg totalt 14 timar og 45 minutt med opptak som skulle behandlast. Først blei alle lydfilene transkriberte, altså skrivne om til nynorske⁴⁴ tekstfiler ved hjelp av dataprogrammet Praat. Deretter blei filene korrekturlesne og korrekturen ført inn. Dineast kunne filene sendast vidare for å bli lagt inn i Talebanken (Sandøy 2014). Det er ein internetbasert database som er utarbeidd ved Universitetet i Bergen, der alt innsamla materiale frå talemålsprosjekta vert lagt inn, altså eit talemålsskorpus. Databasen er eit nyttig verktøy når ein skal jobba vidare med materialet, fordi det gjev moglegheit til å søkja på ord, på grupper av ord og å leggja inn kodar på enkeltord. Kodane viser om eit belegg realiserer den eine eller andre varianten av ein variabel. Dette vert kalla *merking* og var neste steg i prosessen.

5.4.2 Merking

Etter at variablane var bestemde, blei belegga søkte opp i Talebanken ved hjelp av søkjestrengar. Nokre av variablane var derimot vanskelege å laga ein god søkjestreng for. Det vil seia at søkjestrengen var for vid og såleis inkluderte mange treff som var irrelevante for

⁴⁴ Det er eit prinsipp at alt som skal inn i Talebanken, skal vera transkribert til standardisert nynorsk, på grunn av seinare automatisk merking og søking i korpuset.

den aktuelle variabelen. Medan alle treff som var aktuelle vart merka, var det difor viktig å vurderer om treffet var innanfor eller utanfor variabelen. Akselberg (1997: 25) seier om merkinga at ho fører ”med seg problem av praktisk og fysisk art: korleis er det i tvilstilfelle råd å avgjera kva for språkleg variant av ein variabel som vert realisert, og korleis kan vi vera sikre på at vi har ekserpert alle belegga for ein språkleg variabel?” Problemet er absolutt reelt, og det var fleire gonger eg var i tvil om eit belegg skulle merkast med den eine eller andre variabelen. I dei tilfella der det var heilt umogleg å høyra fordi informantene snakka utydeleg eller det var for mykje bakgrunnsstøy, vart det belegget merkt med ”utydeleg”. Nokre tilfelle gjorde au at den aktuelle variabelen blei nøytralisert, og belegget vart då merkt ”nøytral”⁴⁵. Belegg som fekk desse merkelappane, vart ekskluderte når eg sette opp statistikk for variablane. Dette er med på å sikre reliabiliteten i granskinga fordi det hindrar uvilkårleg gjetting som kunne ført til feilmerking.

5.4.3 Statistikk

Når alt var ferdig merkt, kunne resultatene hentast ut frå Talebanken. Den reknar ut kor mange prosent av ein variabel som realiserer dei aktuelle variantane, og fører au opp kor mange belegg desse prosentane viser til. Resultata kan databasen føra på individnivå, eller han kan gruppera informantane etter dei ulike sosiale variablane som er lagde inn på førehand, som til dømes heimstad, alder og kjønn. Sortering etter kven som var intervjuar, kan han au utføra, noko som var veldig relevant for denne granskinga sidan det er det som gjer det mogleg å samanlikne belegga frå dei formelle intervjuane med dei uformelle intervjuane. Alle prosenttal som er sette opp i tabellane, er snitt av prosentvis belegg per informant. Ein unngår dermed at ein informant som snakkar veldig mykje, trekker statistikken unaturleg høgt opp. Resultata vert vonleg meir reliable på denne måten. Signifikanstestinga blei utført ved hjelp av statistikkprogrammet SPSS av Edit Bugge, som er tilsett på instituttet.

5.4.4 Oppsummering av informantutval og intervju

Vi har sett at 16 informantar er plukka ut til å delta i denne kvantitative granskinga. Dei består av til saman 8 kvinner og 8 menn i livsfasane ung og midaldra, og informantane kjem frå Nærbø og Varhaug i Hå kommune. Alle har vore gjennom eit formelt og eit uformelt intervju, og dei innsamla lydfilene har dinest vorte transkriberte, merka, og til slutt har resultatene blitt kvantifiserte gjennom dei 11 språklege variablane som vil bli presenterte nedanfor.

⁴⁵ Kva variablar dette gjeld, vert nemnt under presentasjonen av den aktuelle variabelen.

5.5 Presentasjon av dei språklege variablane

Sameleis som det ikkje er mogleg å inkludera alle språkbrukarane i eit samfunn i ei gransking, er det heller ikkje mogleg å granska alle ord og vendingar i opptaka som er samla inn. Trass i at dette kunne vore særst interessant, er det altså naudsynt å plukka ut nokre variablar som eg kan gå grundigare inn i, for å bygga opp eit resonnement rundt dei. Røyneland (2008a: 17) skriv at "[i]nnanfor eitt og same språkssystem kan ein ofte velje mellom ulike former eller uttrykksmåtar for å seie det same. Denne språklege variasjonen kjem til uttrykk gjennom språklege *variablar*". *Variablane* kan anten koma til uttrykk gjennom *interindividuell* variasjon, altså variasjonen mellom individa, eller dei kan koma til uttrykk gjennom *intraindividuell* variasjon som er variasjonen til enkeltindividet (Røyneland 2005: 146). Innanfor rammene av denne granskinga er det den *intraindividuelle* variasjonen som er det interessante. Dei ulike realiseringane, eller språklege vala innanfor ein *variabel* kallar vi *variantar*. Nokre gonger kan vi au velje å sjå på variablar som ikkje viser særleg variasjon. Dette kan likevel vera interessant "for slik å kunne dokumentere kva for tradisjonelle trekk som blir bevarte" (ibid.), eller i denne granskinga: for å dokumentera kva for variablar som ikkje er særleg sensitive for situasjonsbetinga variasjon. Viktige faktorar å ta med seg når ein skal velja ut variablar, er at dei bør vera frekvente, slik at dei vert nytta i naturleg tale. I tillegg bør dei vera strukturelle, altså vera del av eit større system (Labov 1991: 8).

5.5.1 Variabel 1: infinitivsmorfemet

Infinitivsmorfemet har dei moglege variantane *-a* og *-e*, og variabelen vert rekna som morfologisk fordi han dreier seg om bøyingsmorfemet. Såleis er han relativt frekvent. Som vi såg i 2.7.1, er Hå kommune del av *a*-målet og har difor tradisjonelt hatt *a*-ending i infinitiv.

Fire verb viser seg i aukande grad å ha ei apokopert form i infinitiv. Dette gjeld verba *vera*, *seia*, *spørja* og *gjera* (alle bortsett frå *seia* vert omtalte av Bøe 2013: 42). Fenomenet vart trekt fram for verba *vera* og *gjera* av Time allereie i 1973 (s. 105). Det ser såleis ikkje ut til å vera eit nytt drag. Når informantane i mi gransking realiserte infinitiven med denne apokoperte forma, vart ikkje belegg merkete, fordi dei då verken realiserer *-a* eller *-e*, og dermed ikkje er interessant i denne variabelen. I nokre tilfelle realiserer likevel informantane desse verba med *-a* eller *-e*, og då er dei rekna med. Når ordet etter infinitiven startar med vokal, kan det vera vanskeleg å avgjera om det er ein *a* eller ein *e* som vert realisert. Der det var tilfellet, er belegget merkt med "nøytral" og ikkje teke med vidare.

5.5.2 Variabel 2: svarabhaktivokal i presens og variabel 3: svarabhaktivokal i maskuline og feminine sterke former av adjektiv og av svake perfektum partisipp

Dei to neste variablane er svarabhaktivokal i presens og i maskuline og feminine sterke former av adjektiv og av svake perfektum partisipp. Begge er morfologiske variablar. Dei vert presenterte saman, fordi det er den same historiske utviklinga som har ført fram til variabelen slik han er i dag. Svarabhaktivokal i presens vil seia at sterke verb eller svake verb i *telje*-klassen, som ikkje har noka ending i presens i nynorsk, får lagt til ein *-e* (Røyneland 1994: 114). Eit døme er at presens av *bera* vert uttalt /^lbærə/. For adjektiva gjeld same prinsippet, ein *-e* vert lagd til som i dømet: Ein fine gut. Time skreiv i 1973 at svarabhaktivokalen i adjektiv såg ut til ”å ha ein urokka posisjon i målføret” (s. 93). Det er såleis interessant å sjå om dette er sanninga framleis i dag.

Den historiske forklaringa på svarabhaktivokalen er at sentrale bøyingskategoriar hadde endinga *-r* i norrønt, og dermed oppstod konsonantsamband som ikkje er moglege i norsk i dag. Det gjeld t.d. presens av sterke verb (*bitr*), presens av svake telja-verb (*leggr*) og eintal av hankjønnsforma av adjektiv (*mjukr*). (Røyneland 1994: 114). ”I desse orda har ein i dag fått harmoniske stavingar ved at det er innskote ein svarabhaktivokal føre siste konsonanten” (Skjekkeland 1977: 9). I tillegg har svarabhaktivokalen blitt lagd til hokjønnsforma av adjektiv ved analogi (Time 1973: 93). ”Orda vert etter dette tostava, men held likevel på einstavings tonelag (altså tonem 1)” (Skjekkeland 1977: 46, mitt tillegg). Svarabhaktivokalen er e: [ə], altså identisk med mange andre endingar.

Denne variabelen omfattar au svake perfektum partisipp i både attributiv og predikativ bruk. Døme på predikativ bruk er: han er pensjonerte, medan attributiv bruk er: ein nykjøpte bil. Nokre gonger kan det vera vanskeleg å avgjera om eit ord realiserer svarabhakti eller ikkje dersom ordet som kjem etter startar med vokal. I desse tilfella er treffa merkte som ”nøytrale” og ikkje tekne med i statistikken. Dei aktuelle variantane av variabelen er altså +/- som står for *med svarabhaktivokal/utan svarabhaktivokal*.

5.5.3 Variabel 4: presens av sterke kortverb

Nokre sterke verb i 6. klasse har i jærdialekta alternative former i presens anten med endinga *-r* lagd til den nyare kortforma av infinitiven eller med tostavingsformer. Dei to aktuelle verba, basert på variasjonen som var å finna i mitt materiale, er *ta* og *dra*, som kan realiserast med variantane *tar/tæge* og *drar/dræge*. Dei alternative formene er såleis *tar* og *drar*. For

verbet *tar* vart overgangen til einstaving med *-r* starta allereie på 70-talet (Time 1973: 105). Som i variabel 5, er det au i desse verba i-omlyden som gjer at vokalkvaliteten er ulik i dei to formene. To faktorar skil likevel verba i variabel 4 frå verba i variabel 5. For det første gjeld variabel 4 verb som berre har éi staving i infinitiv, for det andre endar den alternative varianten i variabel 4 på *-r*.

Målet med granskinga er å finna variasjon mellom dei to situasjonane, difor er leksema som ikkje viste variasjon, ekskluderte. Sidan variabelen dermed er redusert til berre å gjelda to leksem, er det naudsynt å sjå han som leksikalsk.

5.5.4 Variabel 5: i-omlyd i presens av sterke verb

Ein del sterke verb har i-omlyd i presens frå gammalnorsk, men "[i] moderne norsk ser vi av og til at ord med omlyd blir erstattet av ord uten omlyd" (Nesse 2013: 25). Dette er altså eit fenomen som ikkje berre er aktuelt i Hå, men au andre stader i landet. Det som er interessant i denne samanhengen, er om variasjonen mellom omlydt og ikkje-omlydt form er sensitiv for graden av formalitet. Verba som viste seg å vera aktuelle i mitt materiale, var *kjem* og *held* med variantane *kjæme/kåmme* og *helde/hålde*. Overgangen til *kåmme* vart peika på i Time kommune på 70-talet (Time 1973: 106). Andre verb med i-omlyd (t.d. *græve/grave*, *blæse/blåse*, *søve/sove*) vart au vurderte, men sidan dei var veldig lite frekvente, blei dei ikkje rekna med. Sidan vi dermed berre står att med to verb, må variabelen vera leksikalsk.

Omlyd⁴⁶ vil seia at "vokaler som i utgangspunktet var ulike hverandre, ble gjort mer like eller helt like" ved assimilasjon (Nesse 2013: 23). Spesifikt for i-omlyden er det at viss eit ord i urnordisk hadde ein *i* i trykklett posisjon, verka den på dei føregåande vokalane i ordet og trekte dei lenger fram i munnen reint artikulatorisk slik at dei blei fremre, på same måten som *i*-en allereie er fremre (Torp og Vikør 2003: 37). Resultatet av dette er at språket utviklar tre nye fonem: *y*, *ø* og *æ*.

5.5.5 Variabel 6: veikt/sterkt perfektum partisipp av sterke verb

I mange dialektar har det kome inn ein svak variant til dei sterke partisippa, og dei går såleis frå å vera tostava til å bli einstava (Røyneland 1994: 117). Aktuelle partisippar i mi gransking er *finje/fått*, *je/gått*, *toge/tatt*, *stanne/stått* og *slaje/slått*. Dei alternative variantane er såleis dei til høgre i ordpara. Somme vil kanskje reagera på at den nokon stader (Sunnmøre, jamfør

⁴⁶ Det finst tre former for omlyd: a-omlyd, u-omlyd og i-omlyd, men berre sistnemnde vil altså bli behandla i avhandlinga.

Røyneland 1994: 117) vanlege overgangen frå *kåme* til *kåmt* ikkje er rekna med. Den vart derimot undersøkt i ein tidleg fase, men den alternative varianten viste seg berre å bli brukt av éin informant i to tilfelle og vart difor sløyfa. Andre verb som t.d. *våre/vært*, *vokse/våkst*⁴⁷, *droge/dratt* har au blitt undersøkte, men forkasta på grunn av manglande variasjon eller veldig få belegg. Nok ein gong gjer dette at variabelen må reknast som leksikalsk.

5.5.6 Variabel 7: endingsmorfemet i hokjønn, bestemt form eintal

Tradisjonelt har dialekten i Hå hatt *-å* som ending i bestemt form av hokjønn i eintal (som i Time kommune, jamfør Time 1973: 89). Før kvantitetsomlegginga hadde hokjønn endinga *-in* og *-an*. Denne n-en hadde assimilerande verknad på vokalkvaliteten framom, noko som førte til at vokalen vart nasal. ”Nasalering fører gjerne til lågare vokalkvalitet” (Sandøy 2010: 171) slik at dei to nasale vokalane kunne verta til høvesvis */-e/*, */-æ/* og */-a/*; */-ɔ/* og */-u/*. Dette er årsaka til at dei feminine substantiva i bestemt form, har så ulike bøyingsmorfem i dei ulike dialektane. I skriftspråket har skribentar ein tendens til å utelata bruk av hokjønn når dei skriv bokmål i avistekstar, spesielt gjeld dette substantiv med suffikset *-ing*⁴⁸, og substantiv som er saklege og abstrakte (Slettebø 2012). Vil det same skje i talemålet når formaliteten aukar? Variasjonen her går altså på at den tradisjonelle *-å* går over til hankjønnsforma *-en*, i tillegg til den alternative forma *-a*. Sistnemnde vil då framleis karakterisera substantivet som hokjønn, men vil vera ei alternativ form. Sidan variabelen dreier seg om bøyingsmorfemet, er han morfologisk.

På same måte som dei andre variablane som dreier seg om ein vokal i endinga, er det au i denne variabelen vanskeleg å avgjera kva for variant som vert realisert dersom ordet som kjem etter, startar med vokal. Nokre belegg har difor blitt merkte ”nøytrale”.

5.5.7 Variabel 8: segmentering

Segmentering har vi når ”eitt langt fonetisk segment blir delt i to segment” (Sandøy 2010: 174). I jærsk gjekk *ll* over til *[dl]* i den mellomnorske perioden, slik at *alle* vert uttalt *[adlə]*, og *nn* gjekk over til *[dn]*, slik at *stein* vert uttalt *[staidn]* (Ueland 1975: 11). Nyare ord med lang *l* og lang *n* har kome til i språket utan at dei har fått segmentering. Det ser dermed ut til at dette ikkje lenger er eit fast mønster, men berre ein tendens. I mi granskning har eg berre sett

⁴⁷ Partisippet *vokse/våkst* viser variasjon, men alle dei fjorten treffa er i dei uformelle intervju, og det er difor ikkje mogleg å vurdera om det er eit partisipp som er sensitivt for situasjonsbetinga variasjon. På grunn av dette er det ikkje teke med i statistikken.

⁴⁸ Time 1973 (s. 89) bekreftar at hokjønnsord på *-ing* eller *-ning* blir bøyde med *-å* i bestemt form eintal i Time kommune.

på segmentering av *ll* og vil undersøka om variasjonen mellom den tradisjonelle forma *dl* og den alternative forma *ll* er sensitiv for endring av formaliteten i situasjonen. Ordet *alle* utgjør naturleg nok ein stor del av treffa for denne variabelen, men andre ord er au godt representerte, som til dømes *mellom*, *kjellar*, *kalla* og *stella*.

Variabelen er leksikalsk av di mønsteret for kva for nokre ord som går over til *ll*, ikkje er eintydig, og fordi hastigheita for endringa er ulik for dei ulike leksema. Det ser til dømes ut til å vera få i dag som seier /*kadla*/ (kalle), men mange som seier /*adle*/ (alle)⁴⁹. Det same gjeld variabel 9.

5.5.8 Variabel 9: differensiering

Differensiering dreier seg om at ”norr. *rl*, *rn* og *fn* [blir] til /*dl*/, /*dn*/ og /*bn*/. Det nemninga ’differensiasjon’ skal sikte til, er at det som var ulike konsonantar i eit samband, blir gjort meir ulike” (Sandøy 2010: 173). Ikkje alle dei nemnde differensiasjonane er realiserte i den jærsk dialekta. I følgje Ueland (1975: 11) er det desse som er aktuelle for Hå kommune: /*dn*/ av norrønt *rn*, som når *barn* vert uttalt [ba:dn], /*bn*/ av norrønt *fn* som når *hamn* vert uttalt [habøn].

Ueland (ibid.) peikar au på det han kallar for ”differensiatoriske utviklingar som er karakteristiske for mindre delar av sørvestlandsk, m.a. jærsk”. Dette dreier seg om at *fs* vert uttalt [ps], til dømes [lep̥sa] for *lefse*, og at *ft* vert uttalt [pt], til dømes [løpt] for *loft*. Eg har au høyrte det motsette, nemleg at *pt* blir uttalt [ft], til dømes at ein ber legen om å få ein [r̥seft]. Dette (altså differensiatoriske utviklingar) er derimot ikkje vanleg blant yngre språkbrukarar, truleg heller ikkje midaldra.

Granskinga vil berre sjå på den eine forma for differensiering: vekslinga mellom *dn*, *nn* og *rn*, der *dn* vil vera den tradisjonelle forma, medan *nn* og *rn* er alternative former. Silje Villanger (2010: 65) omtalar *nn* som ei mellomform og peikar på at ho er heller lite brukt. Det same ser ut til å gjelda for Hå kommune. Sjølv var eg ikkje klar over at denne forma eksisterer i jærsk, trass i at eg visste ho eksisterte i andre dialektar (ibid. og Torp og Vikør 2003: 74).

Gjerne utgjør ein god del av belegga for denne variabelen, men andre ord er au representerte. Ordet *barnehage* er utelate fordi det ikkje vert realisert med *dn* i materialet og dermed ikkje

⁴⁹ Basert på egne usystematiske observasjonar.

viser variasjon. Den eine informanten seier til og med at han har litt problem med dette ordet, fordi han meiner han skulle sagt */badnahaje/*, men det gjer han altså ikkje. *Barneskule* har derimot belegg både med og utan differensiering og er difor rekna med. På bakgrunn av dette må variabelen reknast som leksikalsk.

5.5.9 Variabel 10: kort/lang vokal framom m

Denne variabelen, kort eller lang vokal framom m, har bytt litt karakter i løpet av arbeidet. Det begynte med at eg gjekk gjennom ei liste av alle ord i innsamlinga og plukka ut dei eg trudde kunne variera mellom kort og lang vokal. Etterpå sat eg att med ei liste på over 20 ord. Denne lista vart derimot kraftig redusert etter å ha lytta til treffa på dei enkelte orda. Mange av dei hadde så lite variasjon at det ikkje var verdt å inkludera i granskinga. Til slutt stod eg såleis att med to ord som viste seg å ha ein del variasjon: *koma* (infinitiv) og *same* (determinativ). Det tradisjonelle har vore at ein har lang vokalkvalitet i desse orda, men det ser altså ut til at informantane vekslar frå lang til kort. Sidan variabelen berre gjeld to leksem, er han leksikalsk.

5.5.10 Variabel 11: bruga/broga

Tradisjonelt har dialekta i Hå hatt lang *o* i *bruka*, og altså sagt */broga/*. Ueland (1975: 41) omtalar dette som ein ”avvikande vokalisme” i si avhandling om foneminventaret på Nærbø. Det er nemleg vanleg i dialekta at kort *u* vert realisert som *o* (ibid. s. 67), men altså avvikande at lang *u* gjer det same. I dag ser det ut til at det er stor variasjon mellom den tradisjonelle forma og ei nyare form: */bruga/* som ligg nærare opp til det Ueland omtalar som normalmålet. Variabelen gjeld heile leksemet *BRUK* og er leksikalsk.

5.5.11 Oppsummering av alle variablane

I Stavanger kom Aasen (2011: 63) fram til at dei to variantane *-a* og *-e* av infinitivsmorfemet vart realiserte nesten 50/50. Det kan difor vera interessant å sjå om håbuane eventuelt utfører akkommodasjon i retning stavangermålet i den formelle situasjonen. Aasen nyttar ikkje sjølv fleire av variablane som vil bli undersøkte her, men ei rask lytting til intervjuet hennar, viser at variabel 4, 5, 6 og 9 er så og seia gjennomførte med den alternative varianten. Variabel 2, 3, 7, 8, 10 og 11 viser variasjon mellom den tradisjonelle og den alternative varianten.

I tabell 12 ser vi ei skjematisk oversikt over alle variablane som er med i granskinga, kva for nokre variantar dei har, og om dei er morfologiske eller leksikalske.

Variabelnr.	Type variabel	Forklaring	Tradisjonell variant	Alternativ variant 1	Alternativ variant 2
1	morfologisk	infinitivsmorfemet	<i>-a</i>	<i>-e</i>	
2	morfologisk	svarabhaktivokal i presens	<i>-e</i>	<i>-0</i>	
3	morfologisk	svarabhaktivokal i maskuline og feminine former av adjektiv, og svake partisipp.	<i>-e</i>	<i>-0</i>	
4	leksikalsk	presens av sterke kortverb	<i>tæge/dræge</i>	<i>tar/drar</i>	
5	leksikalsk	i-omlyd i presens av sterke verb	<i>kjæme/helle</i>	<i>komme/holde</i>	
6	leksikalsk	veikt/sterkt perfektum partisipp av sterke verb	<i>sterkt</i>	<i>veikt</i>	
7	morfologisk	endingsmorfemet i hokjønn, best.form eintal	<i>-å</i>	<i>-en</i>	<i>-a</i>
8	leksikalsk	segmentering	<i>dl</i>	<i>ll</i>	
9	leksikalsk	differensiering	<i>dn</i>	<i>rn</i>	<i>nn</i>
10	leksikalsk	kort/lang vokal framom m i <i>koma</i> og <i>same</i> .	<i>lang</i>	<i>kort</i>	
11	leksikalsk	u eller o i <i>BRUK</i>	<i>brug</i>	<i>brog</i>	

Tabell 12: Oversikt over alle variablane med variantar.

6. Resultat

I dette kapitlet vert resultatata frå granskinga presenterte variabel for variabel. I tillegg vil resultatata for kvar variabel verta grupperte etter dei sosiale variablane kjønn, livsfasegrupper, heimstad, og til slutt vert kjønn og livsfasegrupper kryssa med kvarandre. Dette kapitlet vil berre vera ein presentasjon av resultatata. All form for drøfting og samanfating vil vera i kapittel 7. I framstillinga vil alle variantane som er avvikande frå det tradisjonelle, konsekvent verta kalla alternative⁵⁰, og auka bruk av dei i den formelle situasjonen er ei endring i venta retning. Som forkorting for formell situasjon vil *fs* verta nytta, og tilsvarande *us* for uformell situasjon, medan *V* med eit tal bak viser til den aktuelle variabelen. Tettstadene Nærbø og Varhaug vert forkorta med høvesvis *N* og *V*.

Det har vorte testa om det er signifikant skilnad mellom dei ulike situasjonane gruppert etter dei sosiale variablane. For dei sosiale variablane kjønn og heimstad viste det seg å ikkje vera nokon signifikans. Den sosiale variabelen livsfase viser signifikante resultat i nokre av tilfella. Sidan dei fleste tabellane er utan signifikante resultat, avgrensar eg meg dermed til å notera signifikansen berre i dei tabellane han gjer seg gjeldande anten med tendens eller signifikans. Det er ikkje utført signifikanstesting for tabellane som grupperer resultatata etter både livsfase og kjønn, fordi det er sær s lite sannsyn for at det ville gje signifikante resultat med så små celler. Nivåa for signifikans er presenterte i tabell 13, som er henta frå Fossheim (2010: 59).

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding
$p \leq 0,001$	***	Særs høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikans

Tabell 13: Signifikansnivå

6.1 Variabel 1: infinitivsmorfemet (kjønn, heimstad og livsfase)

Som vi ser av tabell 14, er det ikkje store skilnaden mellom realiseringa frå den uformelle til den formelle situasjonen. Ending med *-e*, som vi såg er på veg inn i Stavanger, gjer seg altså ikkje gjeldande på Jæren, sjølv når situasjonen vert meir formell. Vi kan likevel merka oss at

⁵⁰ Kva for variantar som er aktuelle for den einkilde variabelen, vart presentert i slutten av det førre kapitlet og vil difor ikkje verta presentert på nytt her.

det er i den formelle situasjonen vi finn dei fleste belegga for *-e*, utan at dette på nokon måte viser noko fast mønster. Trass i at variabelen ikkje viser særleg variasjon, kan han gje nyttig informasjon nettopp om kva strategiar eller variantar informantane *ikkje* tek i bruk når situasjonen vert meir formell.

	a		e		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	402	99	4	1	406	100 ⁵¹
Uformell	533	99,6	2	0,4	535	100
Endring⁵²	0,6 prosentpoeng					

Tabell 14: Variabel 1, infinitivsmorfemet, totalt.

Sidan variabelen viser så lite variasjon, er det ikkje eit poeng å setja opp tabellane for dei sosiale variablane kjønn, heimstad og livsfase her. Dei er likevel tilgjengelege som vedlegg 4.

6.2 Variabel 2: svarabhaktivokal i presens

I motsetnad til den førre variabelen, er det variasjon å finna i bruken av svarabhaktivokal i presens. Vi merkar oss likevel at det ikkje ser ut til å vera situasjonen som er avgjerande for bruken av svarabhaktivokal, sidan den alternative varianten har nesten same realisering i begge situasjonane. Alle bortsett frå eitt av belegga som realiserer den alternative varianten kan sporast tilbake til verba *gjera*. Verbet har i stor grad fått ei apokopert form i infinitiv (som vi såg under 4.5.1), kanskje kan dette au ha ein innverknad på bruken av svarabhaktivokal i presens. Dermed kan vi seia at variasjonen frå *us* til *fs* er ikkje-eksisterande i variabelen, og at den alternative forma ikkje vert nytta (sett bort frå det eine belegget).

	+ svarabhakti		- svarabhakti		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	262	74,6	76	25,4	338	100
Uformell	348	76,6	100	23,4	448	100
Endring	2 prosentpoeng					

Tabell 15: Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, total.

6.2.1 Kjønn

Gruppert etter kjønn ser vi at bruken av svarabhaktivokal er veldig lik for menn og kvinner, men at kvinner nyttar den alternative forma ørlite meir i *fs* enn det mennene gjer. Kvinnene har ein auke på 2,5 prosentpoeng frå *us* til *fs*, medan mennene aukar bruken med cirka 1,4 prosentpoeng.

⁵¹ Alle heile tal vil verta noterte utan desimal. 100 svarer såleis til 100,0.

⁵² Endring viser til grad av endring frå uformell til formell situasjon.

		+ svarabhakti		- svarabhakti		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	141	73,8	49	26,2	190	100
	Menn	121	75,5	27	24,5	148	100
Uformell	Kvinner	210	76,3	65	23,7	275	100
	Menn	138	76,9	35	23,1	173	100
Endring	Menn	1,4 prosentpoeng					
	Kvinner	2,5 prosentpoeng					

Tabell 16: Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, kjønn.

6.2.2 Heimstad

Når vi grupperer funna i variabelen etter heimstad, ser vi at det er litt variasjon i resultatane for informantane frå N og dei frå V. Auken dei viser av *-svarabhakti* frå den eine til den andre situasjonen, er ikkje særleg stor for nokon av stadene, men han går i begge tilfella i venta retning og ligg på cirka 2 prosentpoeng. Vi ser likevel at det er informantane frå N som prosentvis realiserer flest belegg med den alternative varianten i begge situasjonane.

		+ svarabhakti		- svarabhakti		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	98	71,4	32	28,6	130	100
	Varhaug	164	77,9	44	22,1	208	100
Uformell	Nærbø	137	73,4	45	26,6	182	100
	Varhaug	211	79,8	55	20,2	266	100
Endring	Nærbø	2 prosentpoeng					
	Varhaug	1,9 prosentpoeng					

Tabell 17: Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, heimstad.

6.2.3 Livsfase

		+ svarabhakti		- svarabhakti		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	109	63	54	37	163	100
	Midaldra	153	86,3	22	13,7	175	100
Uformell	Yngre	152	70,4	56	29,6	208	100
	Midaldra	196	82,8	44	17,2	240	100
Endring	Yngre	7,4 prosentpoeng					
	Midaldra	-3,5 prosentpoeng ⁵³					

Tabell 18: Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, livsfase.

Det er interessant å sjå at dei yngre og dei midaldra går i kvar si retning. Dette kjem fram når vi grupperer funna etter livsfase. Vi ser av tabell 18 at dei yngre aukar bruken av alternativ

⁵³ Negativt forteikn viser at endringa går i motsett retning av det som er venta.

form med cirka 7,4 prosentpoeng, medan dei midaldra reduserer bruken med 3,5 prosentpoeng frå den uformelle til den formelle situasjonen.

6.2.4 Livsfase og kjønn

Når vi får delt inn livsfasegruppene au etter kjønn, viser det seg at dei midaldra mennene og kvinnene trekker i same retning. Vi ser i tillegg at det er dei yngre kvinnene som bruker den alternative forma i størst grad, og dei har ein auke på 9,7 prosentpoeng, medan dei yngre gutane følgjer på med ein auke på 5 prosentpoeng. Dei midaldra går i motsett retning av det som er venta, og kvinnene aukar bruken av svarabhakti med 4,8 prosentpoeng, medan mennene trekker i same retning med 2,3 prosentpoeng.

			+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	29	60,3	19	39,7	48	100
		Kvinner	80	65,8	35	34,2	115	100
	Midaldra	Menn	92	90,8	8	9,2	100	100
		Kvinner	61	81,8	14	18,2	75	100
Uformell	Yngre	Menn	53	65,3	25	34,7	78	100
		Kvinner	99	75,5	31	24,5	130	100
	Midaldra	Menn	85	88,5	10	11,5	95	100
		Kvinner	111	77	34	23	145	100
Endring	Yngre	Menn	5 prosentpoeng					
		Kvinner	9,7 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	-2,3 prosentpoeng					
		Kvinner	-4,8 prosentpoeng					

Tabell 19: Variabel 2, svarabhaktivokal i presens, livsfase og kjønn.

6.3 Variabel 3: svarabhaktivokal i maskuline og feminine sterke former av adjektiv og av svake perfektum partisipp

	+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	130	75,5	37	24,5	167	100
Uformell	246	89,1	32	10,9	278	100
Endring	13,6 prosentpoeng					

Tabell 20: Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, total.

Totalt vert bruken av svarabhaktivokal redusert i *fs* for variabel 3. Belegga for den alternative varianten går frå 10,9 prosent i *us* til 24,5 i den *fs*, noko som viser til ein auke på 13,6 prosentpoeng. I motsetnad til V2 kan eg ikkje finna her at belegga utan svarabhaktivokal i så

stor grad dreier seg om enkelte ord. Det einaste adjektivet som har over tre belegg åleine, er *god* med ti belegg utan svarabhaktivokal. Time sin påstand om at svarabhaktivokalen held seg godt (jamfør 5.5.2) ser såleis ut til å ha halde stand fram til i dag.

6.3.1 Kjønn

Gruppert etter kjønn ser vi at det med liten margin er mennene som viser størst grad av endring frå *us* til *fs* i denne variabelen. Dei har ein auke av alternativ form på 14,3 prosentpoeng mot auken til kvinnene på 13,3 prosentpoeng.

		+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	57	72,3	24	27,7	81	100
	Menn	73	78,4	13	21,6	86	100
Uformell	Kvinner	105	85,6	20	14,4	125	100
	Menn	141	92,6	12	7,4	153	100
Endring	Kvinner	13,3 prosentpoeng					
	Menn	14,3 prosentpoeng					

Tabell 21: Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, kjønn.

6.3.2 Heimstad

Interessante resultat er det au å sjå når vi grupperer funna etter heimstad. Vi kan sjå av tabell 22 at informantane frå N bruker den alternative varianten i mindre grad enn varhaugsbuane i den uformelle situasjonen, men at auken til N er på heile 23,8 prosentpoeng mot V sin auke på berre 3,3 prosentpoeng.

		+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	45	63,8	19	36,2	64	100
	Varhaug	85	85,8	18	14,2	103	100
Uformell	Nærbø	84	89,3	14	10,7	98	100
	Varhaug	162	89	18	11	180	100
Endring	Nærbø	23,8 prosentpoeng					
	Varhaug	3,3 prosentpoeng					

Tabell 22: Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, heimstad.

6.3.3 Livsfase

Sortert etter livsfase, ser vi at resultata er veldig like, og at graden av endring au er ganske lik for dei midaldra på 14,2 prosentpoeng og dei yngre på 11,4. Det kjem fram av tabell 23.

		+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	30	76,7	7	23,3	37	100
	Midaldra	100	74,5	30	25,5	130	100
Uformell	Yngre	79	89,6	11	10,4	90	100
	Midaldra	167	88,6	21	11,4	188	100
Endring	Yngre	11,4 prosentpoeng					
	Midaldra	14,2 prosentpoeng					

Tabell 23: Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, livsfase.

6.3.4 Livsfase og kjønn

Når vi set livsfasane saman med kjønn, kan vi setja opp ei rekkefølge på graden av endring for dei ulike gruppene. Det viser seg at dei som endrar språkbruken sin mest frå *us* til *fs*, er dei yngre mennene med 20 prosentpoeng; dinest kjem dei midaldra kvinnene tett på med 19,7; dei midaldra mennene følger etter med 8,5 og til slutt dei yngre kvinnene på 4,5.

			+ svarabhaktivokal		- svarabhaktivokal		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	14	72,5	2	27,5	16	100
		Kvinner	16	82,3	5	17,7	21	100
	Midaldra	Menn	59	84,3	11	15,7	70	100
		Kvinner	41	64,8	19	35,2	60	100
Uformell	Yngre	Menn	50	92,5	5	7,5	55	100
		Kvinner	29	86,8	6	13,2	35	100
	Midaldra	Menn	91	92,8	7	7,2	98	100
		Kvinner	76	84,5	14	15,5	90	100
Endring	Yngre	Menn	20 prosentpoeng					
		Kvinner	4,5 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	8,5 prosentpoeng					
		Kvinner	19,7 prosentpoeng					

Tabell 24: Variabel 3, svarabhaktivokal adjektiv, mask/fem, livsfase og kjønn.

6.4 Variabel 4: presens av sterke kortverb

Vi kan sjå på mengda belegg totalt at denne variabelen ikkje er særleg frekvent. Eg tykkjer likevel det er interessant å ta han med, fordi han kan seia noko om tendensar. Vi hugsar frå 4.5.3 at dei aktuelle verba er *ta* og *dra*. Totalt sett ser vi i tabell 25 at bruken av dei alternative formene med *r* utgjer 14,3 prosent av belegga i *fs*, mot ikkje-eksisterande belegg i *us*. Det kan altså sjå ut til at variabelen er sensitiv for situasjonsbetinga variasjon. Av dei fem belegga for *r* gjeld fire av dei *tar* for *tæge*, det er au det mest frekvente verbet i variabelen generelt.

	e		r		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	34	85,7	5	14,3	39	100
Uformell	32	100	0	0	32	100
Endring	14,3 prosentpoeng					

Tabell 25: Variabel 4, presens av sterke kortverb, totalt.

6.4.1 Kjønn

Naturleg nok viser variabelen framleis ingen belegg på den alternative forma i *us* når vi grupperer funna etter kjønn. Interessant er det å sjå at kvinnene med sine 21,4 prosentpoeng har ei mykje større grad av endring enn mennene har med sine 7,1 prosentpoeng.

		e		r		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	17	78,6	4	21,4	21	100
	Menn	17	92,9	1	7,1	18	100
Uformell	Kvinner	16	100	0	0	16	100
	Menn	16	100	0	0	16	100
Endring	Kvinner	21,4 prosentpoeng					
	Menn	7,1 prosentpoeng					

Tabell 26: Variabel 4, presens av sterke kortverb, kjønn.

6.4.2 Heimstad

Når vi grupperer etter heimstad, ser vi at resultatata jamnar seg meir ut, men at informantane frå N nyttar den alternative forma i noko større grad enn informantane frå V.

		e		r		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	19	83,3	2	16,7	21	100
	Varhaug	15	87,5	3	12,5	18	100
Uformell	Nærbø	17	100	0	0	17	100
	Varhaug	15	100	0	0	15	100
Endring	Nærbø	16,7 prosentpoeng					
	Varhaug	12,5 prosentpoeng					

Tabell 27: Variabel 4, presens av sterke kortverb, heimstad.

6.4.3 Livsfase

Dei midaldra informantane nyttar den alternative forma i større grad enn dei yngre, og viser au ei større grad av endring frå *us* til *fs*. Det ser vi av tabell 28 som au viser at dei unge faktisk berre har eitt belegg på kortforma med –r.

		e		r		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	15	91,6	1	8,4	16	100
	Midaldra	19	81,3	4	18,7	23	100
Uformell	Yngre	12	100	0	0	12	100
	Midaldra	20	100	0	0	20	100
Endring	Yngre	8,4 prosentpoeng					
	Midaldra	18,7 prosentpoeng					

Tabell 28: Variabel 4, presens av sterke kortverb, livsfase.

6.4.4 Livsfase og kjønn

Gruppert etter både livsfase og kjønn, kjem det fram at det er dei midaldra kvinnene som står for nesten alle belegga med den alternative varianten. Dei yngre gutane kjem etter, men har berre eitt belegg. Dei yngre kvinnene og dei midaldra mennene nyttar altså ikkje den alternative varianten i det heile.

			e		r		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	4	83,3	1	16,7	5	100
		Kvinner	11	100	0	0	11	100
	Midaldra	Menn	13	100	0	0	13	100
		Kvinner	6	62,5	4	37,5	10	100
Uformell	Yngre	Menn	5	100	0	0	5	100
		Kvinner	7	100	0	0	7	100
	Midaldra	Menn	11	100	0	0	11	100
		Kvinner	9	100	0	0	9	100
Endring	Yngre	Menn	16,7 prosentpoeng					
		Kvinner	inga endring					
	Midaldra	Menn	inga endring					
		Kvinner	37,5 prosentpoeng					

Tabell 29: Variabel 4, presens av sterke kortverb, livsfase og kjønn.

6.5 Variabel 5: i-omlyd i presens av sterke verb

	+ i-omlyd		- i-omlyd		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	64	76,4	23	23,6	87	100
Uformell	143	91,9	13	8,1	156	100
Endring	15,5 prosentpoeng					

Tabell 30: Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, totalt.

Totalt sett ser vi at bruken av i-omlyd vert redusert i fs. 30 av dei 36 belegga for den alternative forma kan sporast tilbake til verbet *koma*, altså at informantane då seier /kåmme/ i

staden for den tradisjonelle forma /kjæme/. Det andre verbet som inngår er *halda*. Auken av alternativ variant ligg på 15,5 prosentpoeng og går såleis i venta retning.

6.5.1 Kjønn

Når vi grupperer etter kjønn, ser vi i tabell 31 at det er kvinnene som har flest alternative former i begge situasjonane, men at det er mennene som viser den største graden av endring med 18,1 prosentpoeng mot kvinnene på 12,9 prosentpoeng.

		+ i-omlyd		- i-omlyd		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	36	74,1	14	25,9	50	100
	Menn	28	78,8	9	21,2	37	100
Uformell	Kvinner	61	87	12	13	73	100
	Menn	82	96,9	1	3,1	83	100
Endring	Kvinner	12,9 prosentpoeng					
	Menn	18,1 prosentpoeng					

Tabell 31: Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, kjønn.

6.5.2 Heimstad

For denne variabelen er det informantane frå V som nyttar flest alternative former. Dei har au den høgaste graden av endring med 23 prosentpoeng, det kan vi sjå i tabell 32. Informantane frå N viser altså ein auke på berre 8 prosentpoeng.

		+ i omlyd		- i-omlyd		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	23	84,5	10	15,5	33	100
	Varhaug	41	68,4	13	31,6	54	100
Uformell	Nærbø	63	92,5	8	7,5	71	100
	Varhaug	80	91,4	5	8,6	85	100
Endring	Nærbø	8 prosentpoeng					
	Varhaug	23 prosentpoeng					

Tabell 32: Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, heimstad.

6.5.3 Livsfase

		+ i-omlyd		- i-omlyd		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	36	76,3	11	23,7	47	100
	Midaldra	28	76,6	12	23,4	40	100
Uformell	Yngre	66	95,1	3	4,9	69	100
	Midaldra	77	88,8	10	11,2	87	100
Endring	Yngre	18,8 prosentpoeng					
	Midaldra	12,2 prosentpoeng					

Tabell 33: Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, livsfase.

Resultata gruppert etter livsfase viser oss at dei yngre informantane ikkje nyttar den alternative forma i større grad enn dei midaldra, men at dei har den største endringsgraden på 18,8 prosentpoeng. Vi kan au leggja merke til at begge livsfasane meir enn doblar prosentdelen belegg utan i-omlyd i den formelle situasjonen.

6.5.4 Livsfase og kjønn

Igjen kan det vera interessant å setja opp ei rekkefølge for å sjå kva for nokre grupper som endrar mest på språkbruken sin. Dei yngre mennene ligg på topp med ei endring på 36,1 prosentpoeng, dei midaldra kvinnene følgjer etter med 23,7 prosentpoeng, dei unge kvinnene har berre ein auke på 1,5 prosentpoeng, medan dei midaldra mennene ikkje nyttar den alternative varianten utan i-omlyd i det heile.

			+ i-omlyd		- i-omlyd		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	9	57,7	9	42,3	18	100
		Kvinner	27	95	2	5	29	100
	Midaldra	Menn	19	100	0	0	19	100
		Kvinner	9	53,3	12	46,7	21	100
Uformell	Yngre	Menn	35	93,8	1	6,2	36	100
		Kvinner	31	96,5	2	3,5	33	100
	Midaldra	Menn	47	100	0	0	47	100
		Kvinner	30	77,5	10	22,5	40	100
Endring	Yngre	Menn	36,1 prosentpoeng					
		Kvinner	1,5 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	inga endring					
		Kvinner	23,7 prosentpoeng					

Tabell 34: Variabel 5, i-omlyd i presens av sterke verb, livsfase og kjønn.

6.6 Variabel 6, veikt/sterkt perfektum partisipp av sterke verb

	veikt		sterkt		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	44	47,5	30	52,5	74	100
Uformell	23	46,2	26	53,8	49	100
Endring	1,3 prosentpoeng					

Tabell 35: Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, totalt.

Total sett ser vi i tabell 35 at det er veldig liten skilnad i realiseringa av sterkt eller veikt partisipp, og at variantane ligg på nesten femti/femti. Dei bikkar likevel så vidt over i favør av sterkt partisipp. Truleg kan dette vera eit teikn på at det svake partisippet er på veg inn i

dialekta, og at resultatene vi ser, vitnar om ei dialektendring meir enn ei veksling som følgje av ulike situasjonar.

6.6.1 Kjønn

Når vi får gruppert belegga etter kjønn, viser det seg at mennene og kvinnene går i kvar sin retning. Mennene nyttar sterkt partisipp i 5,7 prosent fleire av tilfella i *fs* og viser dermed ei endring i motsett retning av det som er venta, medan kvinnene på si side reduserer bruken av sterkt partisipp med 6,1 prosentpoeng.

		veikt		sterkt		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	31	56,1	20	43,9	51	100
	Menn	13	37,7	10	62,3	23	100
Uformell	Kvinner	13	50	9	50	22	100
	Menn	10	43,4	17	56,6	27	100
Endring	Kvinner	6,1 prosentpoeng					
	Menn	-5,7 prosentpoeng					

Tabell 36: Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, kjønn.

6.6.2 Heimstad

På same måte som mennene og kvinnene går au V og N i kvar sin retning. Informantane frå N aukar bruken av sterkt partisipp i *fs* med 11,4 prosentpoeng, og har dermed ikkje ei endring i venta retning. Informantane frå V reduserer derimot bruken med 13,5 i *fs*. Vi kan dermed sjå at differansen mellom informantane frå N og dei frå V, er større enn differansen mellom kvinnene og mennene.

		veikt		sterkt		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	19	42,8	12	57,2	31	100
	Varhaug	25	51,6	18	48,4	43	100
Uformell	Nærbø	15	54,2	10	45,8	25	100
	Varhaug	8	38,1	16	61,9	24	100
Endring	Nærbø	-11,4 prosentpoeng					
	Varhaug	13,5 prosentpoeng					

Tabell 37: Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, heimstad.

6.6.3 Livsfase

Òg på bakgrunn av livsfasane ser vi at dei to gruppene går i motsett retning. Dei midaldra nyttar færre sterke partisipp i *fs*, medan dei yngre nyttar fleire. For dei midaldra ligg reduksjonen på 10,2 prosentpoeng, medan auken er på 9,6 prosentpoeng for dei yngre.

		veikt		sterkt		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	27	41,7	12	58,3	39	100
	Midaldra	17	52,6	18	47,4	35	100
Uformell	Yngre	10	51,3	6	48,7	16	100
	Midaldra	13	42,4	20	57,6	33	100
Endring	Yngre	-9,6 prosentpoeng					
	Midaldra	10,2 prosentpoeng					

Tabell 38: Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, livsfase.

6.6.4 Livsfase og kjønn

Oversikta over livsfase og kjønn viser oss tydelegare kva for nokre grupper som går i kva for ei retning. Vi ser at blant dei som reduserer bruken av sterkt partisipp i *fs*, er dei midaldra mennene på topp med ein reduksjon på 15,4 prosentpoeng, dinest følgjer dei yngre kvinnene med 13,1 prosentpoeng, medan dei midaldra kvinnene endrar språkbruken minst med berre 5,2 prosentpoeng. Dei yngre gutane er likevel dei som viser den største endringa frå *us* til *fs*, men då i motsett retning av forventa ved at dei aukar bruken av sterke partisipp med 28,6 prosentpoeng.

			veikt		sterkt		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	8	29,7	3	70,3	11	100
		Kvinner	19	50,6	9	49,4	28	100
	Midaldra	Menn	5	43,8	7	56,2	12	100
		Kvinner	12	61,5	11	38,5	23	100
Uformell	Yngre	Menn	4	58,3	3	41,7	7	100
		Kvinner	6	37,5	3	62,5	9	100
	Midaldra	Menn	6	28,5	14	71,5	20	100
		Kvinner	7	56,3	6	43,7	13	100
Endring	Yngre	Menn	-28,6 prosentpoeng					
		Kvinner	13,1 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	15,4 prosentpoeng					
		Kvinner	5,2 prosentpoeng					

Tabell 39: Variabel 6, veikt/sterkt partisipp av sterke verb, livsfase og kjønn.

6.7 Variabel 7: endingsmorfemet i hokjønn, bestemt form eintal

Variabelen som gjeld endingsmorfemet i hokjønn, bestemt form eintal har to alternative variantar i tillegg til den tradisjonelle. Vi ser i tabell 40 at *-en* vert nytta i større grad enn *-a* med høvesvis 16,5 og 4 prosent i *fs*. Om vi vil slå saman desse to endingane for å få sjå kor

stor graden av endring er frå *us* til *fs*, ser vi at dei samanlagt aukar med 16,4 prosentpoeng i venta retning.

	å		en		a		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	85	79,5	17	16,5	2	4	104	100
Uformell	196	95,9	7	3,5	1	0,6	204	100
Endring	16,4 prosentpoeng							

Tabell 40: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, totalt.

Som skrive under 4.5.6 er det interessant å sjå om det er ein tendens til at ing-orda i større grad vert realiserte som maskuline substantiv. Tabell 41 er laga for å belysa dette og viser kor mange belegg ing-orda har under den tradisjonelle varianten *-å* og under den alternative varianten *-en*⁵⁴. I tillegg peikar han på kor mange prosent av registrerte ing-ord dette viser til. Vi ser dermed at 67,7 prosent av ing-orda vert realiserte med *-å*, medan 32,4 prosent av dei vert realiserte med *-en*. Såleis har ikkje *en*-endinga overteke dominansen for ing-orda. Det er

å		en	
Belegg	%	Belegg	%
23	67,7	11	32,4

likevel verdt å merka seg at nesten 50 prosent av dei registrerte *en*-belegga er nettopp ing-ord, og at dei vert realiserte som maskulinar i begge situasjonane.

Tabell 41: Maskulin realisering av feminine subst.

6.7.1 Kjønn

Gruppert etter kjønn ser vi at det er mennene som i størst grad nyttar den alternative varianten med *-en*, au varianten med *-a* er det dei som nyttar i størst grad og endringane går i venta retning. Kvinnene viser samanlagt ein auke på 4,7 prosentpoeng for dei alternative variantane, medan mennene viser ein auke på heile 28 prosentpoeng. Vi kan au leggja merke til at det berre er kvinnene som har belegg på *a*-ending i *us*.

		å		en		a		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	41	87,5	6	10,7	1	1,8	48	100
	Menn	44	71,5	11	22,3	1	6,2	56	100
Uformell	Kvinner	90	92,2	6	6,6	1	1,2	97	100
	Menn	106	99,5	1	0,5	0	0	107	100
Endring	Kvinner	4,7 prosentpoeng							
	Menn	28 prosentpoeng							

Tabell 42: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, kjønn.

⁵⁴ A-ending er ikkje med i tabellen fordi ingen av belegga for den varianten var ing-ord.

6.7.2 Heimstad

Det viser seg at det er informantane frå N som i størst grad nyttar den maskuline endinga. Dei viser au ein auke på 15,7 prosentpoeng for denne varianten, medan informantane frå V har ein auke på 10,2 prosentpoeng. Slår ein saman dei to alternative variantane, viser N-informantane ein auke på 17,5 prosentpoeng, medan V har ein auke på 15,3 og graden av endring viser seg såleis ikkje å vera så ulik frå den eine gruppa til den andre.

		å		en		a		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	37	76,8	8	21,4	1	1,8	46	100
	Varhaug	48	82,1	9	11,6	1	6,3	58	100
Uformell	Nærbø	93	94,3	6	5,7	0	0	99	100
	Varhaug	103	97,4	1	1,4	1	1,2	105	100
Endring	Nærbø	17,5 prosentpoeng							
	Varhaug	15,3 prosentpoeng							

Tabell 43: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, heimstad.

6.7.3 Livsfase

Som vi ser i tabell 44, er det dei midaldra informantane som i størst grad nyttar dei alternative formene i begge situasjonane, og som har den største graden av endring. Nesten alle belegga for *-en* kan sporast tilbake til denne gruppa og dei viser ein auke på 26,7 prosentpoeng, medan dei unge ikkje nyttar denne endinga i *fs* i det heile. Om vi slår saman dei to alternative formene, ser vi at dei midaldra har ein auke på 28,4 prosentpoeng, medan tilsvarande for dei unge er berre 4,2. Vi kan au merka oss at skilnaden mellom yngre og midaldra viser tendens når det gjeld grad av endring.

		å		en		a		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	30	93,8	0	0	1	6,2	31	100
	Midaldra	55	65,3	17	33	1	1,7	73	100
Uformell	Yngre	65	98	1	0,8	1	1,2	67	100
	Midaldra	131	93,7	6	6,3	0	0	137	100
Endring	Yngre	4,2 prosentpoeng.							
	Midaldra	28,4 prosentpoeng							
p endringsgrad for -en: $Y \neq M = (T)$									

Tabell 44: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase.

6.7.4 Livsfase og kjønn

Når variabelen vert gruppert etter både livsfase og kjønn, ser vi at det er dei midaldra mennene som har flest belegg på *-en*-ending og at det er dei som viser størst grad av endring med heile 43,5 prosentpoeng. Dei midaldra kvinnene ligg eit godt stykke lenger bak med 10

prosentpoeng, men aukar til ei endring på 13,5 prosentpoeng om vi legg til a-endinga. Dei yngre informantane viser på si side mindre grad av endring. Mennene endrar i venta retning med ein reduksjon av *å*-ending tilsvarande 12,5 prosentpoeng, medan kvinnene si endring går mot venta med 4 prosentpoeng.

			å		en		a		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	11	87,5	0	0	1	12,5	12	100
		Kvinner	19	100	0	0	0	0	19	100
	Midaldra	Menn	33	55,5	11	44,5	0	0	44	100
		Kvinner	22	75	6	21,5	1	3,5	29	100
Uformell	Yngre	Menn	29	100	0	0	0	0	29	100
		Kvinner	36	96	1	1,5	1	2,5	38	100
	Midaldra	Menn	77	99	1	1	0	0	78	100
		Kvinner	54	88,5	5	11,5	0	0	59	100
Endring	Yngre	Menn	12,5 prosentpoeng							
		Kvinner	-4 prosentpoeng							
	Midaldra	Menn	43,5 prosentpoeng							
		Kvinner	10 prosentpoeng							

Tabell 45: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase og kjønn.

6.8 Variabel 8: segmentering

Vi kan sjå at resultatata for variabel 8: segmentering au går i venta retning. Den alternative forma utan segmentering har belegg som svarer til 15,9 prosentpoeng meir i *fs* enn i *us*. Cirka 60 prosent av belegga viser tilbake til determinativet *alle*⁵⁵ som åleine viser ein reduksjon av segmentering tilsvarande 25,9 prosentpoeng frå *us* til *fs*.

	ll		dl		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	28	37,9	42	62,1	70	100
Uformell	26	22	122	88	148	100
Endring	25,9 prosentpoeng					

Tabell 46: Variabel 8, segmentering, totalt.

6.8.1 Kjønn

Når treffa vert sorterte etter den sosiale variabelen kjønn, ser vi at både mennene og kvinnene endrar språkbruken sin i venta retning. Kvinnene har flest belegg på den alternative varianten,

⁵⁵ Treff på *alle* som del av frasen ”i alle fall” er ikkje rekna med fordi det ikkje realiserer verken dl eller ll. I dei fleste tilfella vert det nemleg uttalt /jafal/. I dei tilfella der alle tre orda vert uttalte, er det konsekvent med ll, og eg meiner dermed at ”i alle fall” er eit uttrykk som er leksikalisert og ikkje kan realiserast med segmentering.

men det er mennene som reduserer bruken av segmentering mest i *fs* tilsvarende 13,6 prosentpoeng mot kvinnene på 12,5.

		ll		dl		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	18	34	18	66	36	100
	Menn	10	25,4	24	74,6	34	100
Uformell	Kvinner	22	21,5	70	78,5	92	100
	Menn	4	11,8	52	88,2	56	100
Endring	Kvinner	12,5 prosentpoeng					
	Menn	13,6 prosentpoeng					

Tabell 47: Variabel 8, segmentering, kjønn.

6.8.2 Heimstad

Av tabell 48 kan vi sjå at informantane frå N har gjennomgåande fleire belegg for den alternative varianten enn informantane frå V. 12,3 prosentpoeng auke viser nærbøbuane, medan varhaugsbuane ligg på 11,9. Graden av endring er dermed ganske lik for dei to gruppene.

		ll		dl		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	19	37,9	21	62,1	40	100
	Varhaug	9	19,7	21	80,3	30	100
Uformell	Nærbø	17	25,6	32	74,4	49	100
	Varhaug	9	7,8	90	92,2	99	100
Endring	Nærbø	12,3 prosentpoeng					
	Varhaug	11,9 prosentpoeng					

Tabell 48: Variabel 8, segmentering, heimstad.

6.8.3 Livsfase

Dei yngre informantane realiserer den alternative varianten i mindre grad enn dei midaldra informantane, det kjem fram av tabell 49. Dei midaldra informantane viser au større grad av endring frå *us* til *fs* ved at dei reduserer belegga med segmentering med 16,7 prosentpoeng, mot dei yngre sin reduksjon på 7,4 prosentpoeng.

		ll		dl		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	6	19	13	81	19	100
	Midaldra	22	38,5	29	61,5	51	100
Uformell	Yngre	7	11,6	61	88,4	68	100
	Midaldra	19	21,8	61	78,2	80	100
Endring	Yngre	7,4 prosentpoeng					
	Midaldra	16,7 prosentpoeng					

Tabell 49: Variabel 8, segmentering, livsfase.

6.8.4 Livsfase og kjønn

Atter ein gong er det dei midaldra kvinnene som har flest belegg på den alternative varianten både i *fs* og *us*. Rekkefølga frå størst til minst grad av endring etter prosentpoeng vert dermed sjåande slik ut: midaldra kvinner: 27,2; yngre menn: 20,8 og midaldra menn med 6,2. Dei yngre kvinnene går i motsett retning av dei andre gruppene og har fleire belegg for den alternative varianten i *us* enn i *fs*. Reduksjonen deira av den alternative varianten i *fs* er såleis på 10,8 prosentpoeng.

			ll		dl		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	6	33,25	6	66,75	12	100
		Kvinner	0	0	7	100	7	100
	Midaldra	Menn	4	17,5	18	82,5	22	100
		Kvinner	18	59,5	11	40,5	29	100
Uformell	Yngre	Menn	1	12,5	23	97,8	24	100
		Kvinner	6	10,8	38	89,2	44	100
	Midaldra	Menn	3	11,3	29	89,7	32	100
		Kvinner	16	32,3	32	67,7	48	100
Endring	Yngre	Menn	20,8 prosentpoeng					
		Kvinner	-10,8 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	6,2 prosentpoeng					
		Kvinner	27,2 prosentpoeng					

Tabell 50: Variabel 8, segmentering, livsfase og kjønn.

6.9 Variabel 9: differensiering

Resultata for variabel 9 viser at differensiering au ser ut til å vera sensitivt for situasjonen. Den alternative forma med *rn* aukar med 16,5 prosentpoeng frå *us* til *fs*, medan den alternative forma med *nn*, som kan sjåast på som ei mellomform, aukar med 4,2 prosentpoeng. Om vi slår saman desse to, kan vi sjå at dei alternative formene samla har ein auke på 20,6 prosentpoeng.

	rn		dn		nn		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	32	48,5	65	36,3	16	15,2	113	100
Uformell	41	32	158	57	23	11	222	100
Endring	20,6 prosentpoeng							

Tabell 51: Variabel 9, differensiering, totalt.

271 av belegga for variabelen stammar frå adverbialet *gjerne*, det svarer til 79,9 prosent av variabelen og utgjer dermed ein betydeleg del. Det viser seg au at alle belegga for *gjerne*

realisert med *rn* kan sporast tilbake til éin yngre mann. Informanten nyttar likevel den alternative varianten einast i *fs*. Mellomvarianten med *nn* i *gjerne* vert jamvel nytta av fleire av informantane. Det er au slik at dei andre orda som utgjer variabelen vert realiserte med dei alternative variantane av fleire av informantane.

6.9.1 Kjønn

Trass i at den yngre informanten som stod for alle belegga med *rn* i *gjerne*, er mann, ser vi at det er kvinnene som har høgast prosentdel av nettopp denne varianten med 53,6 i *fs* mot mennene sine 43,4. Om vi legg saman dei to alternative variantane, ser vi at kvinnene har ein auke på 21,2 prosentpoeng, medan mennene aukar belegga på alternative variantar med 18,9 prosentpoeng.

		rn		dn		nn		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	11	53,6	19	31	12	15,4	42	100
	Menn	21	43,4	46	41,6	4	15	71	100
Uformell	Kvinner	24	25,8	74	52,2	20	22	118	100
	Menn	17	36,9	84	60,5	3	2,6	104	100
Endring	Kvinner	21,2 prosentpoeng							
	Menn	18,9 prosentpoeng							

Tabell 52: Variabel 9, differensiering, kjønn.

6.9.2 Heimstad

For denne variabelen er det informantane frå V som i størst grad nyttar dei alternative formene. Det kan ha å gjera med at den eine informanten som har vore omtalt tidlegare, er frå nettopp V. Han er likevel ikkje den einaste derifrå som nyttar *rn* generelt. Med dei to alternative variantane lagde saman, kan vi sjå at graden av endring for V er på 20 prosentpoeng, medan han for N er på 22,2. Dermed er det altså N som viser størst grad av endring, trass i at V prosentvis nyttar flest alternative former.

		rn		dn		nn		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	10	54,6	43	38	3	7,4	56	100
	Varhaug	22	42,5	22	34,5	13	23	57	100
Uformell	Nærbø	11	23	93	60,2	11	16,8	115	100
	Varhaug	30	39	65	54,5	12	6,5	107	100
Endring	Nærbø	22,2 prosentpoeng							
	Varhaug	20 prosentpoeng							

Tabell 53: Variabel 9, differensiering, heimstad.

6.9.3 Livsfase

Atter ein gong kan vi sjå at det er dei midaldra informantane som har flest belegg på dei alternative variantane om vi slår dei begge saman. Mellomforma med *nn* ser vi at det einast er dei som nyttar. Graden av endring er for dei yngre på 7 prosentpoeng i venta retning, medan han er på 16,7 for dei midaldra. Vi ser at skilnaden mellom livsfasegruppene viser ein tendens.

		rn		dn		nn		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	23	44,2	29	55,8	0	0	52	100
	Midaldra	9	14,8	36	59	16	26,2	61	100
Uformell	Yngre	29	37,2	49	62,8	0	0	78	100
	Midaldra	12	8,3	109	75,7	23	16	144	100
Endring	Yngre	7 prosentpoeng							
	Midaldra	16,7 prosentpoeng							
p endringsgrad rn: $Y \neq M = (T)$									

Tabell 54: Variabel 9, differensiering, livsfase.

6.9.4 Livsfase og kjønn

			rn		dn		nn		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	18	75	22	25	0	0	40	100
		Kvinner	5	78	7	22	0	0	12	100
	Midaldra	Menn	3	11,7	24	58,3	4	30	31	100
		Kvinner	6	29,1	12	40,1	12	30,8	30	100
Uformell	Yngre	Menn	14	61,4	42	38,6	0	0	56	100
		Kvinner	15	56	7	44	0	0	22	100
	Midaldra	Menn	3	12,4	42	82,4	3	5,2	48	100
		Kvinner	9	10,4	67	56,4	20	33,2	96	100
Endring	Yngre	Menn	13,6 prosentpoeng							
		Kvinner	22 prosentpoeng							
	Midaldra	Menn	24,1 prosentpoeng							
		Kvinner	16,3 prosentpoeng							

Tabell 55: Variabel 9, differensiering, livsfase og kjønn.

Vi kan sjå at det i størst grad er dei midaldra kvinnene som nyttar mellomforma *nn*, og belegga for denne varianten faktisk er høgare i *us*, enn i *fs*. Om vi slår saman dei to alternative variantane, ser vi likevel at dei endrar språkbruken i venta retning. Dei midaldra mennene nyttar au mellomforma, men har i motsetnad kvinnene ei endring i venta retning for denne eine varianten. Totalt ser vi at det er dei yngre kvinnene som har høgast prosentdel alternative

former i *fs*, følgde av dei yngre mennene. Vi ser au at dei midaldra kvinnene nyttar dei alternative variantane i større grad enn dei midaldra mennene. Rangeringa for prosentpoeng endring (med dei to alternative variantane slått saman) frå *us* til *fs* blir sjåande slik ut: dei midaldra mennene tronar med 24,1; dei yngre kvinnene følgjer på med 22; dei midaldra kvinnene kjem dinest med 16,3; medan dei yngre mennene viser minst grad av endring med 13,6 prosentpoeng.

6.10 Variabel 10: kort/lang vokal framom *m*

Sensitiv for ulike situasjonar ser au variabelen med kort/lang vokal framom *m* ut til å vera. Vi ser at bruken av den alternative varianten med kort vokal aukar frå 27,1 til 38,3 prosent frå *us* til *fs*. Det er ein auke på 11,2 prosentpoeng.

	kort		lang		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	21	38,3	32	61,7	53	100
Uformell	11	27,1	39	72,9	50	100
Endring	11,2 prosentpoeng					

Tabell 56: Variabel 10, kort/lang vokal framom *m*, totalt.

6.10.1 Kjønn

Vi ser av tabell 57 at det er kvinnene som bruker den alternative varianten i størst grad med 25 prosent i *us* og 41 prosent i *fs*. Det svarer til ein auke på 16 prosentpoeng. Mennene på si side reduserer bruken av den tradisjonelle varianten med 6,8 prosentpoeng.

		kort		lang		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	13	41	19	59	32	100
	Menn	8	35,9	13	64,1	21	100
Uformell	Kvinner	7	25	21	75	28	100
	Menn	4	29,1	18	70,9	22	100
Endring	Kvinner	16 prosentpoeng					
	Menn	6,8 prosentpoeng					

Tabell 57: Variabel 10, kort/lang vokal framom *m*, kjønn.

6.10.2 Heimstad

Når variabelen vert sortert etter heimstad, kjem det fram at det er informantane frå V som i størst grad nyttar den alternative varianten i begge situasjonane. Belegga svarer til 37,5 prosent i *us* og har ein auke til 48 prosent i *fs*, noko som svarer til 10,5 prosentpoeng. Informantane frå N har ein auke på 15,5 prosentpoeng i venta retning, og dei viser dermed den største graden av endring.

		kort		lang		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	10	32,1	18	67,9	28	100
	Varhaug	11	48	14	52	25	100
Uformell	Nærbø	5	16,6	21	83,4	26	100
	Varhaug	6	37,5	18	62,5	24	100
Endring	Nærbø	15,5 prosentpoeng					
	Varhaug	10,5 prosentpoeng					

Tabell 58: Variabel 10, kort/lang vokal framom m, heimstad.

6.10.3 Livsfase

Dei yngre informantane nyttar den alternative varianten i større grad enn dei midaldra. Endringa frå den eine situasjonen til den andre er derimot ikkje så stor og svarer berre til 2,5 prosentpoeng. Dei midaldra informantane nyttar kort vokal i *fs* i nesten like stor grad som ungdommane, men dei midaldra viser i tillegg ein mykje større grad av endring enn ungdommane: heile 20,5 prosentpoeng. Dette ser vi i tabell 59.

		kort		lang		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	7	40	9	60	16	100
	Midaldra	14	37,1	23	62,9	37	100
Uformell	Yngre	7	37,5	10	62,5	17	100
	Midaldra	4	16,6	29	83,4	33	100
Endring	Yngre	2,5 prosentpoeng					
	Midaldra	20,5 prosentpoeng					

Tabell 59: Variabel 10, kort/lang vokal framom m, livsfase.

6.10.4 Livsfase og kjønn

			kort		lang		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	3	44,3	5	55,7	8	100
		Kvinner	4	33,5	4	66,5	8	100
	Midaldra	Menn	5	29,5	8	70,5	13	100
		Kvinner	9	44,7	15	55,3	24	100
Uformell	Yngre	Menn	3	45,7	4	54,3	7	100
		Kvinner	4	30,2	6	70,8	10	100
	Midaldra	Menn	1	12,5	14	87,5	15	100
		Kvinner	3	20,7	15	79,3	18	100
Endring	Yngre	Menn	-1,4 prosentpoeng					
		Kvinner	3,3 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	17 prosentpoeng					
		Kvinner	24 prosentpoeng					

Tabell 60: Variabel 10, kort/lang vokal framom m, livsfase og kjønn.

Dei yngre mennene viser seg altså å vera dei som i størst grad nyttar kort vokal. Dei har ei realisering av denne varianten på ca. 45 prosent i begge situasjonane og viser dermed ein ubetydeleg variasjon. Dei yngre kvinnene har au ein ganske høg prosentdel av den alternative forma, og heller ikkje dei viser særleg stor grad av endring. Dei midaldra kvinnene viser på den andre sida meir enn ei dobling av den alternative forma, det same gjer dei midaldra mennene. I rekkefølgje etter prosentpoeng auke av kort vokal i *fs* er det ei midaldra kvinnene som ligg øvst med 24, dei midaldra mennene følgjer på med 17, dinest kjem dei unge kvinnene med 3,3. Dei unge mennene si endring går ikkje i venta retning, og dei har ein reduksjon av alternativ variant frå *us* til *fs* på 1,4 prosentpoeng.

6.11 Variabel 11: u/o i *bruka*

Samanlagt går endringsgraden au for variabel 11 i venta retning. Vi kan sjå at bruken av den alternative forma med *u* er på 50 prosent i *fs*, mot 39,3 prosent i *us*. Det er ein auke på 10,7 prosentpoeng. Men sidan *u* vert brukt såpass mykje au i *us*, er truleg varianten ganske vanleg å nytta for fleire av språkbrukarane til vanleg. Varianten med *u* ser såleis ut til å vera på veg inn i dialekta.

	u		o		Sum	
	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	18	50	25	50	43	100
Uformell	33	39,3	65	60,7	98	100
Endring	10,7 prosentpoeng					

Tabell 61: Variabel 11, u/o i *bruka*, totalt.

6.11.1 Kjønn

For denne variabelen er det mennene som i størst grad nyttar den alternative forma i begge situasjonane, og i *fs* vert varianten realisert i over 50 prosent av belegga hjå denne gruppa. Graden av endring er likevel veldig lik for begge gruppene. Kvinnene aukar med 11,4 prosentpoeng, medan mennene ligg på 11,2.

		u		o		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	9	46,4	18	53,6	27	100
	Menn	9	54,2	7	45,8	16	100
Uformell	Kvinner	15	35	35	65	50	100
	Menn	18	43	30	57	48	100
Endring	Kvinner	11,4 prosentpoeng					
	Menn	11,2 prosentpoeng					

Tabell 62: Variabel 11, u/o i *bruka*, kjønn.

6.11.2 Heimstad

Det viser seg at informantane frå N nyttar den alternative forma i størst grad i begge situasjonane, men at endringa dei viser går i motsett retning av det som er venta. Dei reduserer altså bruken av *u* med 9,9 prosentpoeng frå *us* til *fs*. Informantane frå V endrar derimot i venta retning og viser ein auke på heile 31,2 prosentpoeng.

		u		o		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Nærbø	10	60	5	40	15	100
	Varhaug	8	43,7	20	56,3	28	100
Uformell	Nærbø	24	69,9	18	30,1	42	100
	Varhaug	9	12,5	47	87,5	56	100
Endring	Nærbø	-9,9 prosentpoeng					
	Varhaug	31,2 prosentpoeng					

Tabell 63: Variabel 11, u/o i bruka, heimstad.

6.11.3 Livsfase

Dei yngre informantane viser seg på same måte som informantane frå N å gå i motsett retning av det som er venta. I *us* nyttar dei den alternative varianten i 46,6 prosent av høva, medan dette talet søkk til 33,3 i *fs*. Dei viser dermed ein reduksjon av den alternative varianten på 13,3 prosentpoeng. Endring i venta retning ser vi derimot hjå dei midaldra informantane, ved at dei aukar bruken av den alternative varianten frå 32,9 prosent i *us* til 64,3 i *fs*. Altså ein auke på heile 31,4 prosentpoeng.

		u		o		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	3	33,3	17	66,7	20	100
	Midaldra	15	64,3	8	35,7	23	100
Uformell	Yngre	17	46,6	22	53,4	39	100
	Midaldra	16	32,9	43	67,1	59	100
Endring	Yngre	-13,3 prosentpoeng					
	Midaldra	32,9 prosentpoeng					

Tabell 64: Variabel 11, u/o i bruka, livsfase.

6.11.4 Livsfase og kjønn

Når vi grupperer denne variabelen etter livsfase og kjønn, kjem det fram at det er dei midaldra kvinnene som bruker den alternative varianten mest i *fs*. Dei er oppe i heile 75 prosent av belegga. Dei yngre mennene nyttar au den alternative varianten i høg grad, men viser altså ikkje nokon auke frå *us* til *fs*, snarare ein reduksjon. Det same gjer dei yngre kvinnene. Basert på prosentpoeng auke frå *us* til *fs* er det altså dei midaldra kvinnene som viser størst grad av endring med heile 45,5. Dei midaldra mennene følgjer på med 26,7. Ungdommane reduserer

derimot bruken av *u* med 6,5 prosentpoeng for mennene og 8,3 for kvinnene. For denne variabelen er dermed dei yngre kvinnene den gruppa som i størst grad går mot resultatet som var venta å finna.

			u		o		Sum	
			Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Yngre	Menn	2	50	1	50	3	100
		Kvinner	1	25	16	75	17	100
	Midaldra	Menn	7	56,2	6	43,8	13	100
		Kvinner	8	75	2	25	10	100
Uformell	Yngre	Menn	11	56,5	10	43,5	21	100
		Kvinner	6	33,3	12	66,7	18	100
	Midaldra	Menn	7	29,5	20	70,5	27	100
		Kvinner	9	36,2	23	63,8	32	100
Endring	Yngre	Menn	-6,5 prosentpoeng					
		Kvinner	-8,3 prosentpoeng					
	Midaldra	Menn	26,7 prosentpoeng					
		Kvinner	45,5 prosentpoeng					


Tabell 65: Variabel 11, u/o i bruka, livsfase og kjønn.

7. Drøfting av resultatata

I dette kapittelet vil eg samanfatta resultatata som vart presenterte i det førre kapittelet. Eg vil au trekka linjer mellom dei ulike språklege variablane med omsyn til dei sosiale variablane, og drøfta desse resultatata opp mot teoriane som er presenterte i kapittel 4. Dessutan vil eg freista gje svar på hypotesane som vart presenterte i 4.4 og dinest koma med eit svar på den overordna problemstillinga. Til slutt vil eg prøva å karakterisera den språklege endringa informantane viser, før eg diskuterer kor ein kan seia at den språklege påverknaden kjem frå.

7.1 Total grad av endring

Vi såg i førre kapittel at alle variablane viser endring i venta retning totalt sett, altså at informantane bruker prosentvis fleire alternative variantar i den formelle situasjonen enn kva dei gjer i den uformelle situasjonen. I figur 5 er desse resultatata stilte opp. Hypotese 1 (som sa at informantane kjem til å nytta fleire alternative variantar i den formelle situasjonen enn i den uformelle) er dermed styrkt.



Figur 5: Grad av endring for alle variablane totalt.

Det kjem tydeleg fram av figuren at det er skilnad på kor stor grad av endring variablane viser frå *us* til *fs*. Vi såg i førre kapittel at den alternative varianten i V1 generelt vart lite brukt,

medan han i V2 og V6 vart mykje brukt, likevel viste han i dei to sistnemnde variablane veldig liten grad av endring frå *us* til *fs*. Det ser såleis ikkje ut til at desse variablane er sensitive for endring av formaliteten i situasjonen, sjølv om dei viser stor variasjon i dialekta. Vi kan au merka oss at det er V8 (segmentering) som viser størst grad av endring og at V9 (differensiering) ligg på andre plass, desse to variablane ser såleis ut til å følgja kvarandre til ei viss grad. I tillegg er det interessant å sjå at informantane i stor grad held på svarabhaktivokalen i presens (V2), men viser større grad av endring for svarabhaktivokal i adjektiviske former (V3).

7.2 Kjønn

7.2.1 Svar på hypotese 2

Hypotese 2 sa: *Kvinnene vil nytta fleire alternative variantar i formell situasjon enn mennene.* Om ein summerer alle prosentane for dei alternative variantane i *fs* for kvinnene og mennene og dinest reknar ut gjennomsnittet for dei på alle variablane⁵⁶, viser det seg at kvinnene i snitt realiserer 27,8 prosent av belegga med alternativ variant, medan det tilsvarande talet for mennene er 24,2 prosent⁵⁷. Skilnaden mellom dei er dermed ikkje så stor. Ein annan måte å rekna på, er å summera opp kor mange belegg kvar av kjønna har i alle variablane og dinest sjå kor stor prosentdel dei alternative variantane utgjer av denne totalen⁵⁸. Fordelen med ein slik reknemåte⁵⁹ er at dei variablane som har fåe belegg, ikkje har så stor innverknad på heilskapen. Resultata for eit slikt reknestykke viser at kvinnene realiserer 23,9 prosent av belegga med alternative variantar i *fs*, medan mennene realiserer tilsvarande 19,8 prosent. Det siste reknestykket ser såleis ut til å visa ein noko større skilnad mellom kjønna enn det første reknestykket. Begge viser likevel at kvinnene realiserer fleire alternative variantar enn mennene, og hypotesen er såleis styrkt. Det er likevel viktig å ikkje tillegga dette for stor verdi, sidan skilnaden mellom dei er nokså liten.

Det er interessant au å sjå om resultata vert annleis når ein i tillegg grupperer kjønna etter livsfase. Tabellane som viste resultat for både livsfasane og kjønn, synte nemleg at dei unge kvinnene og dei midaldra kvinnene ikkje nødvendigvis trekte i same retning. Gjennomsnittet

⁵⁶ Denne måten å rekna på vil gå igjen for dei andre sosiale variablane au. For å unngå å forklara kva reknemåten går ut på for kvar gong, vil eg kalla denne reknemåten ”snitt av prosent alternative variantar”.

⁵⁷ Tabellen for denne utrekninga ligg som vedlegg 5.


⁵⁸ Tabellen for utrekninga ligg som vedlegg 9.

⁵⁹ Denne reknemåten vil au gå igjen for dei andre sosiale variablane. Nok ein gong: for å unngå å forklara kva reknemåten går ut på for kvar gong, vil eg kalla reknemåten ”prosentvis alternative former rekna på tal av belegg”.

for realisering av dei alternative variantane i fs er for dei unge kvinnene 20,7 prosent, medan dei unge gutane ligg på 26,6 prosent. Dei midaldra kvinnene realiserer 35,9 prosent med den alternative varianten, medan det tilsvarende talet for dei midaldra mennene er 19,9 prosent⁶⁰. Vi ser dermed at dei unge mennene nyttar dei alternative formene i større grad enn dei unge kvinnene. Dei midaldra held derimot på mønsteret med at det er kvinnene som nyttar flest alternative former. Dette kan vera teikn på at eit nytt kjønnsrollemønster er i emning. Kvinnene og mennene i den yngre gruppa ligg dessutan nærare kvarandre i realiseringa enn kva dei midaldra gjer. Dette kan tyda på at gutar og jenter i ungdommen har eit meir homogent språk enn vaksne kvinner og menn.

7.2.2 Svar på hypotese 3

Hypotese 3 sa at *mennene vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn kvinnene frå den uformelle til den formelle situasjonen*. Figur 6 syner ei oversikt over alle variablane og kor stor grad av endring mennene og kvinnene viser rekna i prosentpoeng. Som vi ser, har mennene størst grad av endring i fire av 11 variablar, medan kvinnene viser størst endring i 6 av dei.



Figur 6: Grad av endring for alle variablane, kjønn.

⁶⁰ Tabellen for denne utrekninga ligg som vedlegg 6.

Samanlagt endrar kvinnene talemålet med 11,2 prosentpoeng i gjennomsnitt, medan mennene ligg på 10,4 prosentpoeng⁶¹. Det er altså liten skilnad mellom kjønna.

Som i diskusjonen kring hypotese 2 er det au her interessant å sjå om resultatet ser noko annleis ut når vi skil dei to livsfasane frå kvarandre. Gjennomsnittet av prosentpoeng endring viser at det er dei midaldra kvinnene som endrar mest med 19,2 prosentpoeng, dei midaldra mennene følgjer på med 12,7 prosentpoeng. Dei yngre mennene kjem dinest med 8 prosentpoeng, medan dei yngre kvinnene endrar minst på språkbruken sin med berre 2,7 prosentpoeng i gjennomsnitt. Vi ser dermed at det er gutane som endrar mest blant ungdommane, medan det er kvinnene som viser størst grad av endring blant dei midaldra. Sidan det samanlagt er kvinnene som viser den største graden av endring, meiner eg at hypotesen må vera svekt, trass i at det er ikkje er store skilnader mellom kjønna samanlagt. Det er au tydeleg at dei midaldra endrar språket sitt i større grad enn dei yngre, men det vil bli handsama under livsfase.

7.2.3 Spesielle funn

Variabel 4 (presens av sterke kortverb) skil seg ut frå dei andre ved at han har veldig høg differanse mellom menn og kvinner (14,3 prosentpoeng, jamfør figur 6). Men variabelen har veldig fåe belegg samanlagt (71 stk.). Kvinnene nyttar den alternative forma fire gonger, medan mennene nyttar ho berre éin gong. Vi ser såleis at kvart enkelt belegg gjev veldig store utslag når totalen av belegg er såpass låg. Variabel 10 viser au ein relativt stor differanse mellom kjønna, men nok ein gong gjeld det ein variabel med forholdsvis fåe belegg (103 totalt) der kvart enkelt belegg utgjer mykje.

Variabel 6 (veikt/sterkt partisipp) skil seg au ut frå dei andre ved at det er den einaste variabelen der menn og kvinner går i kvar sin retning samanlagt, og differansen mellom dei er på 11,6 prosentpoeng. På individnivå kjem det fram at det generelt er veldig fåe belegg for den alternative varianten. I tillegg kan 8 av dei totalt 23 belegga (for alternativ variant) sporast tilbake til éin informant, og dermed veg ikkje desse belegga like tungt i prosenttala (sidan tala er snitt av prosent på individnivå). Ein ekstra faktor er at variabelen har berre 123 belegg totalt. På grunnlag av dette meiner eg ikkje det er rom for å tillegga denne variabelen spesielt høg verdi i den vidare argumentasjonen.

⁶¹ Desse tala kjem vi fram til ved å summera alle verdiane i figur 6 for kvar av tettstadene og dinest dela på 11. Altså kvinner: $120,9/11=11,2$; menn: $114,3/11=10,4$.

Som vi kan sjå av figur 6, er det mennene som viser størst grad av endring i V7 (ending i hokjønn, bestemt form eintal), og differansen mellom kjønna er veldig stor. To av dei midaldra mennene er dei som i størst grad nyttar den alternative varianten *-en*, noko som kan vera med å forklara kvifor mennene skårar så høgt på endring i nettopp denne variabelen. Dei har heller ingen belegg på denne varianten i den uformelle situasjonen, og graden av endring blir dermed desto større. Kanskje er dette avhengig av temaa som vert tekne opp. Den eine av desse informantane snakkar ein del om *bedriften* han er tilsett i, og nyttar konsekvent *-en* ending på dette substantivet. Ingen andre informantar har belegg på *bedrift* i bestemt form, men der er belegg på *ei bedrift* i ubestemt form, og eg meiner difor ikkje det er tvil om at substantivet er gangbart som femininum i dialekta. Pluralisformene som er nytta i materialet for same substantivet, har au konsekvent hokjønnsending. Sidan dette substantivet står for fem av belegga med *-en* ending og berre gjeld éin informant, kan det vera interessant å sjå om resultatata ser annleis ut om ein sjaltar ut belegga for *bedriften*. Ein ny tabell for resultatata ser dermed slik ut:

		å		en		a		Sum	
		Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%	Belegg	%
Formell	Kvinner	41	87,5	6	10,7	1	1,8	48	100
	Menn	44	76,8	6	17	1	6,2	51	100
Uformell	Kvinner	90	92,2	6	6,6	1	1,2	97	100
	Menn	106	99,5	1	0,5	0	0	107	100
Endring	Kvinner	4,7 prosentpoeng							
	Menn	22,7 prosentpoeng							

Tabell 66: Variabel 7, ending i hokjønn, bestemt form eintal, livsfase, ekskludert "bedrift".

Vi ser såleis at graden av auke for mennene vert redusert frå 28 prosentpoeng til 22,7. Det er likevel framleis ein stor differanse mellom resultatata til kvinnene og mennene, og difor gjeld konklusjonane ovanfor like fullt.

7.2.4 Kva fortel resultatata oss?

Utrekningane for alle variablane samanlagt gruppert etter sosial variabel kjønn viste oss at forskjellen mellom menn og kvinner ikkje var særleg stor korkje når vi såg på bruk av alternative variantar i *fs* eller kor mange prosentpoeng auke dei hadde av dei alternative variantane frå *us* til *fs*⁶². Differansen mellom kjønna viste seg likevel å vera noko større når ein i tillegg grupperte resultatata etter livsfase⁶³. Vi såg at dei midaldra kvinnene nytta fleire

⁶² Dei same resultatata fann Sørensen i ei liknande gransking i Moss i 1998 (s. 68-69).

⁶³ Sørensen delte au informantane inn etter livsfase og kjønn. Ho kom au fram til at variasjonen mellom kjønna var større i denne krysskoplinga (Sørensen 1998: 70), noko som er med på å styrka resultatata frå granskinga i Hå.

alternative variantar enn dei yngre kvinnene, og at dei midaldra kvinnene hadde ei større endring frå situasjon til situasjon enn dei yngre kvinnene rekna i prosentpoeng. Det kom au fram at dei unge mennene viser større bruk av alternative former og høgare grad av endring enn dei unge kvinnene. I tillegg såg vi at dei yngre kvinnene og dei yngre mennene generelt hadde mykje lågare grad av endring enn dei midaldra, noko som vil verta diskutert under *livsfase* (7.4.3).

Resultata kan tala for at den sosiale variabelen kjønn har meir å seia blant midaldra enn han har blant ungdommar, eller dei kan fortelja oss at det tidlegare mønsteret med at kvinnene har det mest standardnære språket, er i endring, og at kjønnsvariabelen ikkje har så mykje å seia lenger, slik Mæhlum (2008), Skjekkeland (2009) og Bøe (2013) peikar på (jamfør 4.3.5).

Coulmas viser til at ein har begynt å tenka annleis for å forklara skilnadane mellom kjønna:

Women and men do not speak as women and men only, but as teachers and students, friends and strangers, clerks and customers, employers and employees, as members of an ethnic group, religious community and so on, and in many other more individualized capacities (Coulmas 2013: 49).

Han peikar altså på at det er vel så mykje dei ulike sosiale gruppene ein er medlem av i kvardagen, som kva kjønn ein har, som har innverknad på språkbruken, noko vi såg vart undersøkt av Røyneland i 2005 (4.3.2). Utsegna til Coulmas kan gjerne vera med å forklara kvifor skilnaden er større mellom kjønna blant dei midaldra enn blant ungdommane.

Ungdomsinformantane har eit meir homogent tilvære når det gjeld denne dimensjonen. Dei er alle elevar, og jentene og gutane har den same ”jobben”. Fritidsaktivitetar kan sjølvklart variera, men veldig mange av ungdommane opplyser at dei driv med idrett, både gutane og jentene. I tillegg er den daglege språkpåverknaden lik for alle i skulen (i alle fall om ein ser bort frå grupperingane i elevflokket). Dei vaksne informantane høyrer til meir ulike grupper. Kvinner og menn har forskjellige jobbar og driv på med ulike aktivitetar på fritida. I tillegg har dei ulik grad av språkpåverknad frå andre dialektar gjennom livet. På bakgrunn av det kan ein dermed seie at ungdommane er utsette for mindre klare kjønnsmonster i språket enn det dei vaksne har vore. Det kan kanskje vera med å forklara kvifor skilnaden mellom kjønna artar seg ulikt i dei ulike livsfasane.

Om ein går inn på kva for nokre ulike grupper dei vaksne er del av i kvardagen, kan ein kanskje au finna forklaringar på kvifor dei midaldra kvinnene oppfører seg annleis enn dei jamaldra mennene. Fleire av kvinnene har budd vekke anten for å jobba eller for å studera. Éi

fortel at då ho studerte i Oslo, følte ho seg nøydd til å tilpassa talemålet sitt for å verta forstått. Under praksis knytt til utdanninga var ho i kontakt med mange ulike menneske og kjende ofte på eit behov for å ”moderera eit par ord”, som ho sjølv seier. Ei anna meiner at ho ikkje tilpassa seg, fordi folk fekk læra seg til å forstå. Ei tredje fortel at når ho budde vekke og jobba, fekk ho ei kjensle av at folk ikkje forsto henne og måtte difor tilpassa seg litt. Tre av kvinnene har au jobbar som eg vil kalla utoverretta. Med det meiner eg at dei anten representerer firmaet dei jobbar for i rolla som kontor/resepsjonsarbeidar, eller at dei tek i mot kundar. Dermed møter dei dagleg menneske med ulike språklege bakgrunnar anten på telefon eller ansikt til ansikt. Mennene har på si side jobbar som ikkje i så stor grad er retta utover. To er bønder, og ein tredje jobbar i eit firma som nesten berre har tilsette frå Jæren, den fjerde jobbar i skulen. Det kan altså sjå ut til at mennene har ein meir dialektalt homogen kvardag enn det kvinnene har. I tillegg er det berre éin av dei som har budd vekke for å studera. Kanskje kan slike erfaringar gjera sitt til at kvinnene har lettare for å endra språket sitt enn mennene. Eller det kan tyda på at dei individuelle erfaringane har meir å seia enn kva sosiale grupper ein er medlem av. Dette skal vi sjå nærare på under 7.5.

7.3 Heimstad

7.3.1 Svar på hypotese 4

Hypotese fire sa at *dei frå Nærbø vil bruka fleire alternative variantar i formell situasjon enn dei frå Varhaug*. Snittet av prosent alternative variantar i *fs* viser at informantane frå Nærbø realiserer 27,5 prosent av belegga med alternativ variant, medan det tilsvarande talet for Varhaug er 25,2 prosent⁶⁴. Utrekninga av prosent alternative former rekna på tal på belegg i *fs* viser at V realiserer 21,3 prosent med alternativ variant, medan N tilsvarande realiserer 22,3 prosent med alternativ variant⁶⁵. Ein må såleis konkludera med at det er liten skilnad frå tettstad til tettstad når det gjeld kor mange alternative variantar dei realiserer i den formelle situasjonen, og hypotesen er dermed korkje svekka eller styrkt.


7.3.2 Svar på hypotese 5

Hypotese 5 sa at *informantane frå Nærbø vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn informantane frå Varhaug*. Totalt ser vi av figur 7 at graden av endring varierer for dei ulike variablane, og det er ikkje eintydig kva for ein tettstad som endrar språkbruken sin mest frå *us* til *fs*. For åtte av variablane er det informantane frå Nærbø

⁶⁴ Tabell for utrekninga ligg som vedlegg 7.

⁶⁵ Tabell for utrekninga ligg som vedlegg 10.

som endrar språket sitt mest i venta retning. For dei resterande tre er det Varhaug. Trass i at informantane frå Nærbø viser størst grad av endring i flest variablar, er det likevel Varhaug som samla viser størst prosentvis endring i snitt på alle variablane, med 13 prosentpoeng mot Nærbø sine 9⁶⁶. At Varhaug skårar høgare, kan ha samanheng med at Nærbø viser negativ endring, altså endring i motsett retning av det som var venta, i to av variablane. Dette er med på å trekka talet ned for Nærbø sin del, og gjer såleis at hypotesen er svekka.



Figur 7: Grad av endring for alle variablane, heimstad.

7.3.3 Spesielle funn

Det er påfallande at dei variablane der Varhaug viser størst grad av endring, har ein mykje større differanse mellom dei to tettstadene enn det som er tilfelle når Nærbø viser størst grad av endring, sett bort frå variabel 3. Grunnen til at V viser såpass liten grad av endring for denne variabelen, ser ut til å vera at tre av informantane derifrå viser ei endring som går mot det som er venta. Dermed vert endringsgraden lågare for V.

For variabel 5 ser det ut til at den eine informanten frå Varhaug einast nyttar den alternative varianten i formell situasjon. Dette kan vera med på å trekka endringsgraden opp. Når det gjeld variabel 6, ser det ikkje ut til at dei er éin informant som peikar seg ut på detaljnivå ved at distribusjonen klumpar seg saman hjå ein informant eller liknande. Likevel har variabelen nokså få belegg totalt (123), og dermed vil småe endringar ha meir å seia. Det same gjeld variabel 11, som i tillegg har veldig få belegg blant nærbøinformantane.

⁶⁶ Dette talet kjem vi fram til ved å summera alle verdiane i figur 7 for kvar av tettstadene og dinest dela på 11. Altså N: $99,5/11=9$; V: $143,5/11=13$.

7.3.4 Kva fortel resultatata oss?

Vi såg at skilnaden mellom dei to tettstadene er nokså liten, og i 4.3.1 blei informantane sine haldningar til heimstaden trekte fram som moglege årsaksforklaringar på deira talemål (Skjekkeland (2009) og Monka (2013)). Alle informantane uttrykker ein positivitet til heimstaden uavhengig av om dei er frå Varhaug eller Nærbø. Dei midaldra peikar på at dei ikkje hadde blitt verande om det ikkje var så, medan alle dei unge vil bli verande på heimstaden i framtida. Nokon av dei seier at dei kunne tenka seg å flytta vekk for å studera, men dei vil "heim" att. Det ser såleis ikkje ut til å vera nokon skilnad frå tettstad til tettstad på korleis dei vurderer heimstaden, og dermed kan dét vera ein potensiell forklaringsfaktor for kvifor dei heller ikkje viser stor skilnad i bruken av alternative variantar totalt.

Kanskje kan nettverksteoriane til Milroy (jamfør 4.3.3) au vera med å kasta lys over resultatet. Sidan eg ikkje har laga ei grundig undersøking av nettverka til informantane, vert det basert på deira egne utsegner i intervjuet. På Varhaug er det berre éin barneskule og éin ungdomsskule (kap 2), noko som fører til at ungdommane kjenner dei fleste som er på sin eigen alder. På Nærbø er det derimot 4 barneskular og éin ungdomsskule. Når ungdommane kjem dit, vert dei såleis miksa saman, og det kan føra til at dei som bur langt frå kvarandre og heller ikkje ser kvarandre anna enn på skulen, utviklar nettverk som i mindre grad er multiplekse. Dei unge informantane frå Varhaug snakkar au i større grad om at dei kjenner dei fleste dei møter på når dei er på butikken. Ingen av ungdomsinformantane frå Nærbø nemner det same. Dei midaldra informantane frå Nærbø peikar derimot på at det var slik før, men at dette har endra seg dei seinare åra. Det kan dermed verka som at Varhaug i større grad er eit samfunn der folk er tettare bundne saman i meir multiplekse nettverk. I tillegg er det på Nærbø to av dei midaldra informantane som arbeider utanfor kommunen, medan ingen av informantane frå Varhaug gjer det. Dermed kan desse to informantane vera del av klynger med kollegaar som ikkje kjem frå Hå kommune, og som kan ha innverknad på deira talemål. Eit anna moment er at ingen av ungdomsinformantane frå Nærbø seier at dei er i lag på fritida. Dei treffer kvarandre berre på skulen eller på felles fritidsaktivitetar.

Ungdomsinformantane frå Varhaug opplyser derimot at dei bruker tid saman au på fritida uavhengig av organiserte aktivitetar. Som vi såg i delkapittel 2.5, har Nærbø hatt ein folkeauke på 40,4 prosent sidan 2000, medan Varhaug har auka med 33,5 prosent. Innflytting til N kan såleis gjera samfunnet meir heterogent, noko som igjen kan verka inn på talemålet. Vi ser dermed at det er fleire faktorar som kunne få oss til å venta at informantane frå Nærbø


nytta dei alternative variantane i noko større grad enn dei frå Varhaug, men det ser altså ikkje ut til å gje særleg utslag.

7.4 Livsfase

7.4.1 Svar på hypotese 6

Hypotese 6 sa at *dei midaldra vil nytta fleire alternative variantar i den formelle situasjonen enn dei unge*. Gjennomsnittleg bruk av dei alternative variantane i *fs* er på 21,3 prosent for ungdommane og på 27 prosent for dei midaldra⁶⁷. I tillegg er det nok ein gong interessant å sjå om resultatet vert annleis når ein reknar prosentvis alternative former på tal av belegg⁶⁸. Reknestykket viser at dei midaldra realiserer 20,1 prosent av belegga med alternativ variant i *fs*, medan tilsvarende for dei unge er 24 prosent. Vi ser altså at utrekningane går i kvar si retning. Her må vi ta med i betraktninga at dei unge informantane er lenger komne i dialektutviklinga som går føre seg på staden. Dette kan vi sjå ved å gjera det same reknestykket for *us*. Ei slik utrekning viser at dei unge informantane har høgare innslag av alternative variantar enn dei midaldra au i *us*⁶⁹. Hypotese 6 må såleis seiast korkje å vera svekka eller styrkt. Eg meiner dermed det er meir interessant å sjå livsfasane opp mot grad av endring, fordi den ikkje vert påverka av kor langt gruppene er komne i dialektutviklinga.

7.4.2 Svar på hypotese 7



Figur 8: Grad av endring for alle variablane, livsfase.

⁶⁷ Tabell for utrekning som vedlegg 8.

⁶⁸ Tabell for utrekning ligg som vedlegg 11.

⁶⁹ Dei unge har ei realisering av alternativ variant på 17,1 prosent i *us*, medan dei midaldra ligg på 12,2 prosent. Utrekninga ligg som vedlegg 12.

Hypotese 7 sa at *dei midaldra vil ha større endringsgrad, dvs. i bruk av alternative former, enn dei unge*. Figur 8 viser tydeleg at det er dei midaldra som i størst grad tilpassar språket sitt frå den eine til den andre intervjusituasjonen. Berre i to av dei 11 variablane er det dei yngre som viser den største graden av endring. Gjennomsnittleg endrar dei midaldra språket sitt med 15,2 prosentpoeng i venta retning, medan dei unge endrar med 4 prosentpoeng⁷⁰. Hypotesen må dermed seiast å vera styrkt. Legg dessutan au merke til at variabel 8 og 9 (segementering og differensiering) viser nær sagt identisk endringsgrad innanfor kvar av livsfasegruppene.

7.4.3 Spesielle funn

Avvika frå mønsteret som viser at dei midaldra har ein større grad av endring enn dei unge, er; variabel 2 (svarabhaktivokal i presens) og 5 (i-omlyd i presens av sterke verb). For variabel 2 kan nær alle realiseringane utan svarabhakti sporast tilbake til verbet *gjera* (jamfør 6.2). Som nemnt tidlegare har verbet fått ei apokopert form i infinitiv, noko som tilsynelatande er vidareført i presens. Dei vaksne nyttar dette verbet i mindre grad i dei formelle intervjua enn i dei uformelle, noko som er med på å trekka ned prosentdelen realiseringar av den alternative varianten i dei formelle intervjua.

Når det gjeld variabel 5 (i-omlyd i presens av sterke verb), viser det seg at veldig få av informantane nyttar den alternative varianten i det heile. Dei store utslaga kan sporast tilbake til tre informantar som skil seg ut. Éin av dei unge og to av dei midaldra. Blant dei midaldra er det berre desse to som nyttar den alternative varianten i det heile, medan dei unge har fire informantar som nyttar han. Dette er truleg forklaringa på kvifor dei vaksne viser ein mindre auke enn dei unge. Sidan prosenttala tabellane er baserte på, reknar med prosenttal på individnivå, gjev enkeltpersonar like stort utslag, og dermed veg dei fire ungdommane tyngre enn to midaldra. Dei to midaldra som nyttar den alternative varianten, viser likevel høgare prosentdel for denne enn kva dei unge informantane gjer.

Variabel 6 (veikt/sterkt partisipp) og 11 (u/o i *bruka*) er dei einaste variablane der dei unge viser endring som går mot det som er forventa, og det må au kommenterast. Distribusjonen viser at dei unge har veldig fåe belegg på variabel 6 i uformell situasjon, og at dei informantane som har belegg på han, viser 75-100 prosent realisering av den alternative varianten, noko som gjev høge prosenttal for alternativ variant i uformell situasjon. I tillegg

⁷⁰ Desse tala kjem vi fram til ved å summera alle verdiane i figur 8 for kvar av livsfasane og dinest dela på 11. Altså unge: $43,5/11=4$; midaldra: $167,7/11=15,2$.

har to ungdomsinformantar åleine 19 av 27 treff av belegga på alternativ variant i den formelle situasjonen. Dermed vert kvart belegg mindre gjeldande sidan tala i tabellane er snitt av prosent per informant. Desse to faktorane er truleg viktige for å forklara kvifor endringa går i motsett retning av det som er venta.

Distribusjonen for variabel 11 viser at det er to av dei yngre informantane som står for ein stor del av belegga for den alternative varianten. Den eine av desse informantane har ikkje belegg i det heile på variabelen i formell situasjon, medan den andre berre har eitt. Blant dei midaldra informantane er belegga for den alternative varianten spreidd på fleire informantar. Dermed har me ei forklaring på kvifor resultatet ser ut som det gjer.

7.4.4 Kva fortel resultata oss?

Eckert peika på at dei vaksne nyttar fleire standardnære former som følgje av lingvistiske krav på arbeidsplassen (4.3.5). Nettopp dette perspektivet er veldig interessant. Vi såg at skilnaden mellom livsfasane i størst grad er til stades når ein ser på grad av endring⁷¹. Faktorane som spelar inn på utfallet, kan sjølvsagt vera fleire, men eg trur at nettopp det at dei midaldra er i jobb, kan vera relevant. Kanskje vert situasjonen med det formelle intervjuet på eit grupperom oppfatta som ein jobbsituasjon, og dei nyttar dermed fleire standardnære former, slik Eckert peikar på (jamfør 4.3.5). Dette er nødvendigvis avhengig av kva type jobb ein har. For informantane som er bønder er dette gjerne ikkje så aktuelt. Eit anna aspekt er at skilnaden på dei to situasjonane ikkje var like stor for dei unge som for dei midaldra. For ungdommane føregår alt på skulen, og ein stengjer dermed ute den heimlege sfæren som dei midaldra har dei uformelle intervjuar i. Dette kan ha gjort sitt til at graden av endring frå den eine til den andre situasjonen ikkje er like stor for dei unge som for dei midaldra.

Ein kunne au ha peika på autoritetstilhøvet mellom intervjuobjekta og intervjuaren som annleis, av di dei unge informantane er yngre enn intervjuarane, og dermed kan kjenna at dei er under dei i eit autoritetshierarki, i motsetnad til kva dei midaldra informantane er. Nokre av dei unge informantane snakka nemleg lite bortsett frå å svara heilt konkret på spørsmåla dei fekk. Dersom dette hierarkiet skulle vore relevant, måtte det derimot slått ut på same måten

⁷¹ Sørensen (1998: 67) kom fram til at dei unge hadde størst grad av endring frå den uformelle til den formelle situasjonen, men at dei midaldra snakka ”minst dialekt”. Omgrepet ”minst dialekt” er Sørensen sitt val av omgrep. Det betyr det same som at dei midaldra nytta flest alternative variantar, for å bruka same terminologien som denne avhandlinga har nytta.

for alle dei unge informantane, noko resultata viser at det ikkje gjorde. Ungdomsinformantane frå Nærbø var nemleg generelt meir fāmælte enn dei frå Varhaug.

Nettverksteorien til Milroy kan nok ein gong vera relevant som forklaringsgrunnlag. Som eg var inne på i 7.3.2, trur eg dei midaldra generelt har mindre tette og multiplekse nettverk enn dei unge. Sidan heimstadene til informantane er relativt småe, snakkar vi i denne granskinga ikkje i nokon tilfelle om totalt uniplekse og lite tette nettverk, men det kan vera gradsskilnad innanfor tettleik og multipleksitet. Dei vaksne informantane fortel om vener frå andre stader som dei treffer med jamne og ujamne mellomrom, og det at dei er i arbeid, gjer at dei har personar i nettverket sitt som ikkje nødvendigvis er frå same staden som dei sjølv. Det kan vera med på å gjera nettverket mindre multiplekst og mindre tett, sjølv om klynga med kollegaar truleg er nokså tett. Dei unge har på den andre sida i liten grad vener som ikkje er frå heimbygda, og på skulen treffer dei berre andre elevar som er frå heimstaden. Under 7.3.2 gjorde eg eit poeng ut av at informantane frå Varhaug gjerne har tettare nettverk enn dei frå Nærbø, men eg trur gjerne at skilnaden mellom midaldra og yngre er større enn han er mellom tettstadene. Ungdommar har stort sett mindre omgangskretsar enn midaldra, og ofte har dei vener innanfor éin gjeng der alle kjenner alle innad i gjengen. Den konserverande effekta multiplekse og tette nettverk har (jamfør 4.3.3), kan dermed vera ei mogleg forklaring på kvifor dei unge viser mindre grad av endring enn dei midaldra.

7.4.5 Oppsummering av dei sosiale variablane

Vi har sett at den sosiale variabelen kjønn viste noko skilnad mellom kvinner og menn, og at det var kvinnene som viste størst grad av endring og nytta flest alternative former i *fs*. Skilnaden mellom kjønna vart større når ein delte inn i livsfase i tillegg, og det viste seg at dei unge gutane har fleire alternative variantar og større grad av endring enn dei unge kvinnene. Dette viser at det er ein tids- eller livsfaseskilnad. Som peika på i 4.3.5 er det ikkje mogleg å avgjera kva for ein av desse det er, før ein kan utføre ei gransking i verkeleg tid. Heimstaden til informantane såg derimot ikkje ut til å vera særleg avgjerande. Vi har sett at det var liten forskjell mellom dei to både i grad av endring og i realiseringa av alternative variantar i *fs*. Den største skilnaden fann vi såleis mellom dei to livsfasane, der det er tydeleg at dei midaldra viser betrakteleg større grad av endring enn ungdommane. Det er likevel vanskeleg å slå fast at dei midaldra nyttar alternative variantar i større grad enn dei unge i *fs* fordi utrekningane spriker, men som sagt kan dette visa til at ungdommane er lenger komne i dialektutviklinga.


7.5 Individuell variasjon

Det kan vera interessant au å sjå korleis den interindividuelle variasjonen er. Figur 9 er eit spreingsdiagram som viser graden av endring for kvar enkelt informant. Éin prikk viser til éin informant, og jo lenger opp i diagrammet prikken står, dess større grad av endring viser informanten. Grunnen til at prikkane lengst til høgre står på ei rett linje, er at den horisontale akselen viser fødselsår, og alle ungdomsinformantane er fødte i 1998. Den eine prikken for 1998 er tjukkare enn dei andre fordi to informantar viser nesten same grad av endring.

Figuren viser altså at det er stor grad av interindividuell variasjon mellom informantane.

Milroy og Gordon peikar på alle forskarar av naturleg tale vil møta på enorme variasjonar:

”Individuals vary in the extent to which they use particular features, they speak noticeably different according to situational context” (2006: 23).



Figur 9: Grad av endring på individnivå.

Vi ser at éin av dei yngre informantane skil seg tydeleg ut ved å ha ei endring som samanlagt viser ein reduksjon av dei alternative formene på 13 prosentpoeng, altså ei endring som går i motsett retning av det som er venta. Ser ein nærare på belegga til denne informanten på

individnivå⁷², viser det seg at det er veldig få belegg å visa til i nesten alle variablane. Eg meiner difor ein må sjå på dette resultatet som eit tilfeldig utslag.

Vi kan au sjå at éin av dei yngre informantane viser ein nokså stor grad av endring samanlikna med dei andre unge. Nok ein gong gjeld dette ein informant som generelt har få belegg. I éin variabel er belegg totalt fråverande, medan to av variablane manglar belegg i den eine situasjonen. Det vil dermed seia at dei få belegga som er noterte, utgjer mykje. Eg meiner såleis at au dette resultatet kan sjåast på som eit tilfeldig utslag.

Éin av dei midaldra informantane skil seg au ut med høg grad av endring på heile 37,4 prosentpoeng. Resultata på individnivå viser at informanten jamt over har godt med belegg, vekslinga er dermed tydeleg. Bakgrunnen til informanten kan hjelpa oss til å forstå vekslinga. Ho har studert fem år i Oslo og meiner sjølv at ho då var nøydd til å tilpassa talemålet sitt (jamfør 7.2.4). Ho har dermed erfaringar som truleg gjer at ho har lettare for å tilpassa seg i møte med austlendingar, og ho seier sjølv at: ”Det skjer nok utan eg, eg tenker ikkje på det. Så det er nok noko eg gjer. For eg får noko, eg får høyra det av og til viss der er nokon andre som høyrer på meg at eg gjer det.”

Ei skjematisk oversikt der informantane er rangerte etter kven som viser mest endring i venta retning, ser vi i tabell 67. Vi ser at tre av ungdommane frå Nærbø viser endring i motsett retning av det som er venta, medan den fjerde av dei viser nest størst grad av endring av alle informantane. Som peika på ovanfor har ytterpunkta blant ungdommane frå Nærbø veldig få belegg. Vi kan au sjå at alle dei unge kvinnene viser nokså liten grad av endring og held seg meir eller mindre saman, medan dei unge mennene er meir spreidde, trass i at dei unge mennene frå Varhaug ”held saman”. Standardavviket for grad av endring blant dei midaldra er på 13, medan det er 13,7 for dei unge. Som vi såg i 7.4.2 er snittet for grad av endring 15,2 for dei midaldra og 4 for dei unge, desse verdiane står som utgangspunkt for standardavviket og overlappinga i skåringsprosent er dermed så stor at skilnaden ikkje kan tillegast vekt. Denne overlappinga kan au vera ein av grunnane til at resultata ikkje er signifikante.

⁷² Vedlegg nummer 3.

Nr	Endring ⁷³	Informantinfo.
1	37.36	Midaldra kvinne, Varhaug
2	31.38	Ung mann, Nærbø
3	26.27	Midaldra mann, Varhaug
4	21.90	Midaldra mann, Nærbø
5	18.82	Midaldra kvinne, Nærbø
6	17.73	Ung mann, Varhaug
7	11.00	Ung mann, Varhaug
8	7.80	Midaldra kvinne, Nærbø
9	3.67	Ung kvinne, Varhaug
10	3.45	Midaldra mann, Nærbø
11	2.82	Midaldra mann, Varhaug
12	2.55	Midaldra kvinne, Varhaug
13	2.11	Ung kvinne, Varhaug
14	-2.00	Ung kvinne, Nærbø
15	-2.20	Ung kvinne, Nærbø
16	-13.00	Ung mann, Nærbø

Tabell 67: Informantane rangert etter grad av endring

Resultata på individnivå kan tyda på at det er eit par enkeltpersonar som er med på å styra resultata i den eine eller andre retninga, og at det kan vera vanskeleg å peika på eit sams mønster som gjeld for alle innanfor ei gruppe. Vi ser likevel at dei unge kvinnene held seg nokså samla.

7.6 Svar på den overordna problemstillinga

I innleiinga blei den overordna problemstillinga for avhandlinga presentert: ”Utløyer ulike situasjonar ulik språkbruk?” Eg meiner at desse to kapitla (6 og 7) så langt har vist at svaret på denne må vera ja. Som vi har sett, er det likevel varierende kor stor graden av endring er frå den uformelle situasjonen til den formelle. Det kan sjå ut til at infinitivsmorfemet (V1), svarabhaktivokal i presens (V2) og partisippa (V6) ikkje er særleg sensitive for formaliteten i situasjonen. Den alternative varianten for infinitivsmorfemet viser seg i det heile å verta lite brukt. Presens utan svarabhaktivokal er ein god del brukt, men gjeld stort sett berre eitt verb og har dessutan stor variasjon i begge situasjonane. Det same gjeld veike partisipp som vert realiserte ca. 50/50 med sterke partisipp både i *fs* og *us*. Dei resterande variablane viser ein auke frå 10,7 prosentpoeng til 25,9 prosentpoeng av dei alternative variablane frå *us* til *fs*. Den største endringa ser vi i V8 segmentering.

⁷³ Endring viser til prosentpoeng grad av endring frå *us* til *fs*.

7.7 Kva kan me kalla informantane si tilpassing av talemålet?

Når vi no har slått fast at informantane viser ulik språkbruk frå den eine situasjonen til den andre, kan det vera interessant å sjå om det er mogleg å karakterisera språkendringa dei viser, med bakgrunn i teoriane som vart lagde fram i 4.2.

7.7.1 Akkommodasjon?

Først av alt kan vi slå fast at språkendringa dreier seg om akkommodasjon. At alle variablane viser ein større eller mindre grad av endring, er eit teikn på at informantane gjer ei tilpassing av talemålet til samtalepartnaren og til situasjonen dei er i. Kva som er årsaka til tilpassinga, og kva for ein av dei fire sosialpsykologiske teoriane til Giles (4.2.2) som er aktuelle, kan vera vanskelegare å avgjera. Sidan eg ikkje har materiale som kan gje svar på dette, meiner eg at eit forsøk på ei slik avgjersle i verste fall kunne føra til sirkelslutningar som til dømes: Dei midaldra kvinnene viser størst grad av endring, ergo må dei ha størst behov for å verta aksepterte av samtalepartnaren. Sidan ein slik konklusjon altså ikkje er føremålet med denne avhandlinga, vil eg la det spørsmålet bli ståande utan svar.

7.7.2 Kodeveksling eller stilskifte?

”Eg kan slå over til oslodialekt, men då skal dei pigade⁷⁴ vera dumme”, seier den eine informanten. Han ser såleis ut til å meina at han kan driva med kodeveksling om han vil, men det er altså avhengig av kor ”dum” han oppfattar at tilhøyraren er. Men er det mogleg å argumentera for at informantane kodevekslar (i det innsamla materialet)?

Kodeveksling blei i 4.2.4 definert ut frå to kriterium: (1) minst to ord står saman i ei setning, og (2) desse orda held på sin opphavlege grammatikk/morfologi frå ein annan varietet. Det blei au peika på at kodeveksling kjem tydelegare til uttrykk enn eit stilskifte. Kan eg på bakgrunn av dette avkrefta eller bekrefta at informantane driv med kodeveksling?

Vi såg at ein føresetnad for kodeveksling, var at det står fram som eit tydeleg skifte, noko eg ikkje kan seia gjeld informantane i denne granskinga. Trass i at eg er godt kjend med dialekta, måtte eg ha talfesting for å verta overtydd om at dei endrar språkbruken sin i *fs*. Det er likevel eitt unntak frå dette. Den eine informanten seier ”Ja, si de da” i sitt formelle intervju der grammatikken og uttalen liknar søraustnorsk. Denne setninga stod dermed med ein gong fram som annleis og eit tydeleg skifte.

⁷⁴ Uttrykk for ”jammen meg”.

Kriteria for kodeveksling går rett inn i problematikken med korleis ein kan avgjera om ein variant er henta frå ein annan varietet eller ikkje (jamfør Ammon 2004 under 4.2.4). Ein måte å avgjera det på kan likevel vera å definera alle variantar som vert nytta i dei uformelle intervju, til å vera innanfor den lokale varietet. Kontrolleffekten som informantane der har på kvarandre, i tillegg til at intervjuaren har same dialekt som intervjuobjekta, har som nemnt som mål at informantane skal snakka slik dei plar, og vi kan dermed nytta dette som ein indikasjon på kva som er naturleg tale for dei. Det viser seg såleis at alle dei alternative variantane har belegg au i dei uformelle intervju, bortsett frå variabel 4. Dermed må me konkludera med at kriteria for kodeveksling ikkje vert innfridd av informantane. Unntaket er dømet som vart sitert ovanfor, som tydeleg er henta frå ein annan varietet av di uttalen ikkje er gangbar i jærdialekta og ikkje vert nytta av nokon andre av informantane. *Ja* vil verta uttalt likt på jærsk, men alle dei tre følgjande orda vil ha ein anna uttale: ”sai dæ då”. Sidan utsegna såleis har fleire enn to ord etter kvarandre, som i tillegg beheld opphavleg grammatikk, meiner eg kriteriet for kodeveksling er innfridd i dette eine tilfellet. Likevel er det viktig å vera merksam på at setninga som vert ytra, kan seiast å vera ein fast frase, og dermed er ho av mindre verdi som kodeveksling. Informanten ser nemleg ikkje ut til å konstruera ”nye” setningar på ein annan kode.

Basert på denne diskusjonen meiner eg dermed ein ikkje kan seia at informantane driv med kodeveksling fordi ingen av kriteria vert innfridd. Dømet som vert trekt fram fyller alle kriteria, men må sjåast som ei fast frase og er dermed ikkje relevant. Eg meiner difor vi kan slå fast at informantane viser eit stilskifte. Under 4.2.5 vart det mellom anna sagt at eit stilskifte dreier seg om ein gradsskilnad, og at det er faktorar som deltakarar, setting og kommunikativ funksjon som verkar inn. I tillegg såg vi at Milroy og Gordon (2006) meiner at det er dei same psykososiale strategiane som ligg bak ei stilveksling som ei kodeveksling (jamfør 4.2.4). Sidan alle dei alternative variantane vart nytta i *us* (sett bort frå variabel 4), men viser berre auka bruk i *fs*, meiner eg det er god grunn til å kalla differansen mellom *us* og *fs* for ein gradsskilnad og dermed eit stilskifte.

7.7.3 Knot?

”Ja, eg føler meg eigentleg litt som ein løgnas når eg sit der og knotar”, seier den eine informanten når me snakkar om korleis han kjenner seg når han knotar. Liknande problem

peika ein av informantane til Time⁷⁵ på: ”eg føler det som det ikkje er eg som seier det, og det verkar svært framandt” (Time 1973: 144). Truleg dreier dette seg om ei kjensle av at dialekta er ein del av identiteten, og at det å knota såleis endrar den ein føler at ein er. Eit anna intervjuar (frå 2013) meiner at dei som knotar, ”prøver å vera noko anna enn kva dei er.” Ein tredje svarer på kva han tenker om dei som endrar på dialekta si i møte med andre: ”Då kjenner eg at det synest eg verkar heilt snedig⁷⁶. Det har eg ikkje sansen for i heile teke. Sånn knoting. Nei, me, nei, eg har ikkje sansen for det. Skal ikkje ha noko av det.” Time konkluderte på 70-talet med at det kunne sjå ut til at det viktigaste for jærbuane var å oppretthalda kommunikasjonen. Nokre av mine informantar fremma au dette synet:

Men eg òg legg jo om viss folk ikkje forstår meg. Og det må eg gjerne gjera i jobben og sånt, og. Ja, viss eg forstår at dette, dette har dei problem med, så må eg jo berre prøva å [gjera meg forstått]. Det gjer meg ikkje noko det, altså. Det skulle mest berre mangla. Viss me skal verta forståtte, så må me jo prøva det beste me kan, så dei forstår det, viss dei ikkje gjer det.

Ein annan seier:

Berre tenk du flyttar. Og har eit arbeid i hop med folk, de sit ti rundt eit bord og skal diskutera, og at der sit ein jærbu då og skal pinnhalda på sin dialekt, og dei andre ikkje forstår han, så, så vert det feil å pinnhalda på dialekten. Klart at det viktigaste er jo då å gjera seg forstått.

Det er altså delte oppfatningar blant informantane om det viktigaste er å verta forstått eller å halda på dialekta. Deira eigne utsegner kastar lys over kva dei tenkjer om det, men treng likevel ikkje vera avgjerande for korleis dei sjølve handlar i språklege situasjonar. Som vi såg var 53 prosent av jærbuane på 70-talet opptekne av at ein burde snakka med ”ublanda dialekt” i radio og fjernsyn, men likevel meinte 71 prosent at dei måtte tilpassa talemålet sitt i nokon situasjonar (jamfør 3.3). Kva ein meiner om ei handling og korleis ein sjølv handlar treng såleis ikkje vera samanfallande.

For å avgjera om informantane knotar, er det naudsynt å operasjonalisera korleis ein kan stadfesta at nokon knotar. Kort fortalt såg vi i 4.2.6 at knoting er eit brot på dialektnormene, at det er å snakka annleis enn det som er naturleg for språkbrukaren, at ein snakkar med eit språk som er pynta eller tilgjort, eller at ein juksar med dialekten. Omgrepet støyter dermed på det same problemet som kodevekslingsomgrepet: korleis kan ein avgjera om ein utsegn er innanfor eller utanfor språkbrukaren sin opphavlege varietet? Eit anna problem er kven som kan avgjera at ein utsegn er ”unaturleg” for språkbrukaren. Om ein skal seia at det er ein

⁷⁵ Time gjennomførte ei haldningsgranskning i Time kommune i samband med si hovudfagsavhandling i 1973, jamfør 3.3.

⁷⁶ Nynorskordboka definerer snedig som ”listig, lur”, men på jærsk vert det nytta med tydinga ”rart, merkeleg”.

sambygding som kan avgjera, vil det vera veldig vilkårleg kva som vert tolerert innanfor dialekta, og kva som vert rekna som knot. Ein person som er oppteken av å setja grenser mellom dei ulike dialektane og som meiner at endringar i dialekta verken er ønskjelege eller naturlege, vil truleg ha låg toleranse, medan ein som ser til den sosiolingvistiske tilnærminga til dialekt, truleg vil ha høgare toleranse. I staden for å la synsing avgjera, meiner eg omgrepet kan operasjonaliserast på same måte som det blei gjort for kodeveksling. Altså vert dei to omgrepa synonyme, og resonnementet som avkreftar at informantane kodevekslar, seier dermed au at dei heller ikkje knotar.

7.7.4 Oppsummering og vidare perspektiv

I innleiinga (kap 1) blei det lagt fram eit spørsmål om korleis ein kan karakterisera den endringa som informantane viser frå den eine situasjonen til den andre. Dette delkapittelet har såleis påstått at informantane utfører akkommodasjon, men at vi ikkje kan seia at det er snakk om verken kodeveksling eller knoting. Dermed vart den språklege endringa dei viser frå *us* til *fs*, karakterisert som ei stilveksling.

Konklusjonen om at informantane ikkje kodevekslar eller knotar, er med på å bygga opp under den språklege utviklinga i Noreg som vart framstilt i kapittel 3. Om informantane er representative for Hå kommune, kan ein seia at den lokale dialekta ikkje ser ut til å ha noka avgrensing i bruksområde for språkbrukarane. Fleire av informantane peikar au på at toleransen er større i dag enn han har vore: ”Anten det var jærsk eller det var andre dialektar, så trur eg der er større aksept no for at folk skal få vera den dei er, og au snakka den dialekta dei har”. Strategien ser såleis heller ut til å vera ei tilpassing meir enn ei total endring. Dette ser ut til å henga godt saman med resultata Time fann på 70-talet (Time 1973). Når det gjaldt strategiar for tilpassing meinte 12 prosent av dei han spurte, at dei ”tilpassar språket, snakkar jærsk, men byter ut uforståelege ord” (ibid. s. 144). I tillegg fann han at informantane meinte at eit språkleg skifte var mest vanleg når dei var utanfor heimemiljøet sitt (jamfør 3.3), og at dette spesielt gjeld i møte med ”oslofolk” (ibid. s. 143). Han legg til at ”[d]ette kan tyda på at dei fleste snakkar sitt naturlege talemål innan kommunen eller meiner det sjølve i det minste”. Målet med denne granskinga har såleis vore å kartlegga nettopp graden av endring når språkbrukaren er i sitt heimemiljø i samtale med ein austlending. Det er difor ikkje mogleg å seia at informantane aldri gjer eit tydelegare skifte, eller kanskje til og med kodevekslar. Den eine informanten fortel at han er bidialektal som følgje av at foreldra er frå Stavanger, og fleire av dei andre informantane fortel au at dei må snakka annleis til dømes i møte med

innvandrere eller når dei føler at folk ikkje forstår kva dei seier (jamfør sitatet i starten av 7.7.2). Det ser ut til at dei meiner ei tilpassing til folk med andre dialekter helst skjer når dei sjølve ikkje er på heimebane. Altså er det indikasjonar som tyder på at det finst situasjonar der dei gjer eit tydelegare skifte, men det er ikkje slike situasjonar denne granskinga vil seia noko om. Tidlegare granskingar (Mæhlum 1986 og Røyneland 1994) har sett på korleis utflyttarar tilpassar seg språkleg i møte med det prestisjefylte talemålet på Sørøstlandet. Det har au blitt granska korleis lærarar som underviser i bergensområdet, men ikkje sjølv er bergensarar, endrar talemålet sitt i undervisningssituasjonar (Simonsen 1984).

7.8 Påverknad frå Stavanger?

Under 5.5.11 blei interessa for å sjå om informantane sitt stilskifte går i retning av stavangermålet trekt fram. Som skrivar er variabel 4, 5, 6 og 9 nesten gjennomførte der, medan variabel 1, 2, 3, 7, 8, 10 og 11 i større grad viser variasjon i materialet frå Stavanger. Vi har sett at alle variablane viser endring i venta retning i større eller mindre grad, og ein kan dermed argumentera for at det er ei påverknad frå Stavanger. Det er likevel ikkje eit fullgodt svar. Dei alternative variantane i alle variablane er au samanfallande med bokmålsforma og sørøstnorsk talemål som var talemålet til intervjuaren i dei formelle intervjuar. Andre talemål på Sør-Vestlandet viser au liknande endringar som ein finn i dei alternative variantane i denne granskinga. Som representant for Vest-Agder har eg valt å sjå til Skjekkeland (2009) si gransking i Kvinesdal, medan Silje Villanger (2010) si gransking frå Øygarden og Gunnstein Akselberg si frå Voss (2001b) vil representera Hordaland. Dermed er dei tre fylka innanfor det sørvestlandske talemålsområdet dekkja.

Av variablane som er med i denne granskinga frå Hå, har Skjekkeland au undersøkt nr 1-6 og 9. Sett bort frå V1, der den alternative varianten heller ikkje gjer seg gjeldande i Kvinesdal, viser han at alle dei andre alternative variantane er på veg inn, anten fullt ut eller delvis (Skjekkeland 2009: 175 – 208). Han meiner at det er vanskeleg å stadfesta kor den språklege påverknaden i Kvinesdal kjem frå, men at det er mange ””novasjonar’ som frå før har funnest i Flekkefjord bymål og i nærområda til byen” (ibid. s 217). Han meiner likevel ikkje at dette svaret er eintydig, og at ein au kan sjå på endringa som skjer som ei systemforenkling eller eventuelt påverknad frå bokmålet og eit standardtalemål (ibid. 218f).

Silje Villanger (2010) handsamar tre av dei same variablane som denne granskinga har tatt føre seg: V9 segmentering, V7 endingsmorfemet i bestemt form eintal og V1

infinitivsmorfemet. For V9 finn au ho at *rn* er på veg inn (s. 64), det same gjeld den alternative varianten i V7 (ibid. s. 68). På same måte som *a*-endinga i infinitiv held stand på Jæren, gjer ho det au i Øygarden (ibid. s. 76). Vi ser såleis at fleire av dei alternative variantane frå Jæren er på veg inn i talemålet i Øygarden. Villanger argumenterer for at den språklege påverknaden kjem frå gatespråket i Bergen (ibid. s. 102).

På Voss undersøkte Akselberg tilsvarende mine V1, V5, V8 og V9 i 2001. Den tradisjonelle varianten i både V1 og V5 ser ut til å halda seg godt der (Akselberg 2001b: 213), medan han i V8 og V9 er på retur (ibid. s. 215). Målet til Akselberg er å finna ut om ein kan seia at vossamålet er påverka av Bergen bymål i ein regionaliseringsprosess. Han meiner svaret på dette spørsmålet er avhengig av korleis ein ser på regionalisering. Om ein meiner det betyr at karakteristiske trekk frå det regionale senteret skal spreia seg, er ikkje vossamålet underlagt ei regionalisering. Ser ein det derimot som at senteret

forsterkar ein meir eller mindre allmenn språkpåverknad som kan koma frå svært mange kanalar og kjelder, og som ikkje er spesielt knytt til karakteristiske trekk ved talemålet i forsterkarsenteret, kan det finna stad ei urban regionalisering på Voss med sentrum i Bergen (Akselberg 2001b: 218).

Nettopp kor den språklege påverknaden kjem frå, er altså ikkje så lett å gje eit eintydig svar på.

Stian Hårstad peikar på at innovasjonar au kan oppstå autoktont, altså at dei kan ”ha et lokalt, uavhengig opphav” (2009: 134). Vi såg at Skjekkeland sette fram ”systemforenkling” som ei mogleg årsak til talemålsendringa i Kvinesdal. Fleire har argumentert for at dette kan vera ein beskrivande faktor. Forenkling vert av Kerswill og Trudgill (2005: 198) definert som:

a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable word forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic levelling), and a decrease in the number of phonemes”

Ei forenkling kan såleis vera tilfelle for dei fleste av variablane i denne granskinga⁷⁷.

Som nemnt er au dei alternative formene samanfallande med det søraustnorske talemålet, og sidan nettopp det er talemålet til intervjuaren, kunne det vore naturleg å sjå til dette talemålet for påverknad. Som vi har sett, vert derimot alle dei alternative variantane nytta au i den uformelle situasjonen (bortsett frå i V4), og vi kan dermed ikkje argumentera for at

⁷⁷ Sett bort frå V1 og V7.

informantane nærast ”hentar” språkdrag frå intervjuaren. Det kan likevel tenkast at talemålet hans har ei forsterkande effekt, men ein kan altså ikkje vera sikker på at tilpassinga hadde vore annleis om intervjuaren i *fs* var til dømes frå Bergen. Dermed har vi altså med fleire språklege påverknadsfaktorar å gjera, og Stian Hårstad har peika på at

[d]et vi kan kalle ’det isomorfiske crux’ gjør det vanskelig, og i mange tilfeller umulig, å avgjøre på grunnlag av strukturelle funn alene om en lingvistisk innovasjon stammer fra en nærliggende dialekt, fra regional standard eller fra en supraregional norm (2009: 133). Det enkle faktum at vi ikke har tilgang til de språklige størrelsens ’genom’, altså arvemessige informasjon, utelukker en utvetydig sporing tilbake til hvert enkelt morfems herkomst, og det blir umulig for dialektgranskeren å slå fast hvilken påvirkningskilde som har størst gjennomslagskraft (ibid. s. 138).

Å koma med eit fullgodt svar på kor påverknaden kjem frå, kan dermed vera vanskeleg. Men vi har sett at dei alternative variantane kan representera ei forenkling, dei er samanfallande med formene i det søraustnorske talemålsområdet, og vi kan sjå at fleire av dei alternative formene som er handsama her, er fullt eller delvis på veg inn i Stavanger, Kvinesdal, Øygarden og på Voss. Det er likevel interessant å merka seg at *a*-endinga i infinitiv ser ut til å halda seg godt på alle dei tre rurale tettstadene like eins som i Hå, trass i at det er stor grad av veksling mellom *a*- og *e*-ending i Stavanger.

8. Avsluttande kommentarar

8.1 Oppsummering av resultatata

Denne avhandlinga har vist korleis informantar frå tettstadene Nærbø og Varhaug i Hå kommune tilpassar språket sitt til ulike situasjonar. 8 informantar i kvar av livsfasegruppene yngre og midaldra er intervjuar i eit formelt intervju og eit uformelt. Dei språkelege variablane som har blitt granska er V1: infinitivsmorfemet, V2: svarabhaktivokal i presens, V3: svarabhaktivokal i maskuline og feminine sterke former av adjektiv og av svake perfektum partisipp, V4: presens av sterke kortverb, V5: i-omlyd i persens av sterke verb, V6: sterkt/veikt partisipp, V7: endingsmorfemet i hokjønn, bestemt form eintal, V8: segmentering, V9: differensiering, V10: kort/lang vokal framom m og V11: u/o i bruka. Desse har blitt sett opp mot dei sosiale variablane kjønn, heimstad og livsfase.

Resultata frå granskinga viser at alle variablane har auka bruk av det eg har kalla den alternative varianten i den formelle situasjonen, og V8 er den som viser størst grad av endring. Den overordna problemstillinga ”utløyser ulike situasjonar ulik språkbruk?” må såleis få svaret: ja. Basert på svara til hypotesane kjem det fram at kvinnene viser noko større grad av endring og nyttar dei alternative variantane i *fs* noko meir enn mennene. Skilnaden mellom kjønna har ulik retning alt etter livsfase, for dei yngre mennene nyttar fleire alternative former og tilpassar språket sitt i større grad enn dei yngre kvinnene. Differansen mellom dei to tettstadene viste seg å vera veldig liten både i grad av endring og i realiseringa av dei alternative variantane i *fs*. Den største skilnaden fann vi når funna vart delte etter livsfase. Dei midaldra viste større grad av endring enn dei yngre, men kven som nytta flest alternative variantar i *fs* var ikkje eintydig på grunn av sprikande resultat i utrekningane. På dette punktet var likevel skilnaden mellom dei to livsfasegruppene nokså liten. Den interindividuelle variasjonen mellom informantane viste seg derimot å vera stor.

Informantane si språkelege endring blir karakterisert som akkommodasjon og ei stilveksling og kan såleis ikkje kallast kodeveksling eller knot. Kor dei alternative formene kjem frå, viser det seg å vera vanskeleg å seia noko om. Rett nok er dei samanfallande med intervjuaren si dialekt frå Sør-austlandet og stavangerdialekta, men vi ser at alle dei alternative variantane vert nytta au i dei uformelle intervjuar. Det er au fleire dialektar i det sørvestnorske talemålsområdet som har innpass av dei alternative variantane som er med i denne granskinga.

8.2 Vidare forskning

Under arbeidet med denne avhandlinga blei eg veldig interessert i korleis media skriv og snakkar om dialekt, og korleis dei til dels er med på å halda oppe førestellinga om at visse talemål er ”betre” enn andre. Det hadde vore særst interessant å gjera ei større diskursanalyse av omgrepet dialekt i media.

For å gå djupare inn i det denne granskinga har handsama, ville eg gjerne ha jobba med fleire informantar og innlemma ei eldregruppe. På den måten ville ein famna ein større del av samfunnet og dermed få sikrere tal, i tillegg ville ein fått eit innblikk i korleis eldre menneske endrar språket i slike tilfelle. Eg ville au gått meir i djupna på nettverket til den enkelte for å sjå om det kan ha innverknad på graden av endring. I tillegg kunne det vore interessant å sjå på andre former for situasjonsbetinga variasjon, meir i retning av Simonsen (1984) si gransking som undersøker uformell situasjon og samanliknar det med korleis språket vert annleis når ein opptrer profesjonelt i utøving av yrket sitt. Moglege situasjonar ein kunne undersøkt er uavgrensa. Denne granskinga har berre teke for seg to ulike situasjonar, men som menneske deltek vi i utallege situasjonar i løpet av livet, noko som gjev grunnlag for eit hav av granskingar.

Andre variablar kunne det au vore interessant å sjå på, gjerne variablar som er meir overordna, som til dømes i kor stor grad informantane snakkar i fullstendige setningar, og innslag av diskursmarkørar. Nokre av informantane hadde nemleg overdreven bruk av ”skulle eg til å seia” eller ”heldt eg på å seia” og det kunne såleis vore interessant å sjå om denne bruken er ulik etter kva situasjon informanten er i.

For å få meir innsyn i språksamfunnet som heilskap kunne det au vore interessant å gjennomføra ei nettbasert skriftleg gransking om tilpassing av talemålet blant håbuar. Granskinga kunne kartlagt kor mange som meiner at dei tilpassar talemålet sitt, og i kva situasjonar det skjer oftast. Om det er når dei er på heimebane eller når dei reiser vekk frå heimstaden, i tillegg til kva dei tenkjer om at andre tilpassar talemålet. Dermed kunne ein samanlikna resultatata frå den skriftlege granskinga med resultatata frå det innsamla talemåls materialet for å sjå om det er noko samsvar.

Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein (2008). "Talevariasjon, register og medvit." I: Mæhlum, Brit; Akselberg, Gunnstein; Røyneland, Unn og Sandøy, Helge. *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistikk*. s. 127-148. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Akselberg, Gunnstein (2001a). "Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet – Om talemålet si stode i det norske samfunnet ved tusenårsskiftet." I: Bakke, Elisabeth og Teigen, Håvard (red.) *Kampen for språket – Nynorsken mellom det lokale og det globale*. s. 188-215. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Akselberg, Gunnstein (2001b). "Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet – Ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001-2002 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv." I: Akselberg, Gunnstein; Bødal, Anne Marit og Sandøy, Helge (red.) *Nordisk dialektologi*. s. 197-226. Oslo: Novus.
- Akselberg (1997). "Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk?" I: Bondevik, Jarle; Kristoffersen, Gjert; Nes, Oddvar og Sandøy, Helge (red.) *Språket er målet – Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. mars 1997*. s. 23-34. Bergen: Alma Mater.
- Akselberg, Gunnstein og Mæhlum, Brit (2008). "Sosiolingvistisk metode." I: Mæhlum, Brit; Akselberg, Gunnstein; Røyneland, Unn og Sandøy, Helge. *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistikk*. s. 73-88. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Ammon, Ulrich (2004). "Standard variety/Standardvarietät." I: Ammon, Ulrich; Dittmar, Norbert & Mattheier, Klaus (red.). *Sociolinguistics. An international handbook of the science of language and society - 3*. s. 273-283. Berlin: Walter de Gruyter & Co
- Ammon, Ulrich (1987). "Language – Variety/Standard Variety – Dialect." I: Ammon, Ulrich; Dittmar, Norbert og Mattheier Klaus J. (red) *Sociolinguistics – An international handbook of the science of language and society - 1*. s. 316-333. Berlin: Walter de Gruyter & Co.
- Anderson, Ragnhild (2013). "Drøftingsnotat for feltarbeid om dialektendringssprossar på Vestlandet". Bergen: Universitetet i Bergen.
<http://folk.uib.no/hnohs/DEP/Methodisk%20opplegg,%20versjon%206.pdf> - Lasta ned 10.05.2014
- Blom, Jan-Petter og Gumperz, John J. (1972). "Social Meaning in Linguistic Structure: Code-Switching in Norway." I: Gumperz, John J. og Hymes, Dell (red.) *Directions in*

- Sociolinguistics – The Ethnography of Communication*. s. 407-435. USA: Holt, Rinehart and Winston, inc.
- Bøe, Per Sigmund Sævik (2013). *Språkendringer sør på Jæren – En sosiolingvistisk studie i virkelig tid fra Ogna*. Masteravhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/6738/Masteroppgave_Per_S_Bøe_2013.pdf?sequence=3 - Lasta ned 10.05.2014
- Coulmas, Florian (2013). *Sociolinguistics – The study of speakers choices*. Cambridge: University Press.
- Coupland, Nikolas (2007). *Style. Language variation and identity. – Key topics in sociolinguistics*. Cambridge: University Press.
- Dalland, Annbjørg (31.01.2012). ”Norges styggeste dialekt?” *Nrk*.
http://www.nrk.no/rogaland/norges-styggeste-dialekt_-1.7975787 - Lasta ned 29.03.14.
- Eckert, Penelope (1998). ”Age as a sociolinguistic variable.” I: Coulmas, Florian (red.) *The handbook of sociolinguistics*. s. 151-167. Oxford: Blackwell Publishers
- Ferguson, Charles A. (1994) ”Dialect, Register, and Genre: Working Assumptions About Conventionalization”. I: Biber, Dougland og Finegan, Edward (red.) *Sociolinguistic perspectives on register*. s. 15-30. New York: Oxford University Press
- Fossheim, Marie (2010) *Språket på Midøya – en sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. Masteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen
<https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/4919/77992417.pdf?sequence=1> - Lasta ned 10.05.2014
- Gabrielsen, Finn (1984) *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus Forlag
- Gilbrant, Jørgen M.; Kristiansen, Arnhild Aass og Krokfjord, Torgeir P. (11.02.2011). ”Har Jenny Skavland Norges fineste dialekt?” *Dagbladet*.
<http://www.dagbladet.no/2011/02/11/nyheter/innenriks/sprak/dialekter/15398243>
 - Lasta ned [29.03.2013].
- Giles, Howard og Smith, Philip (1979). ”Accomodation theory: Optimal levels of convergence.” I: Giles, Howard og St.Clair, Robert (red.) *Language and social psychology*. s. 45-65. Oxford: Basil Blackwell.
- Gregersen, Frans (2011). ”Language and ideology in Denmark” I: Coupland, Nikolas og Kristiansen, Tore (red.) *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe*. s. 47-55. Oslo: Novus Press.

- Grønmo, Sigmund (2012). "Kvalitative og kvantitative metoder: Begreper og distinksjoner" *Sosiologisk tidsskrift*, 20 (1) s. 85-91.
- Hanssen, Eskil (2010). *Dialekter i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen, Einar (1976). *The Scandinavian Languages*. London: Faber and Faber limited.
- Hernes, Reidunn (2005). "Kvar i verda finst språket? – Ei drøfting av sosiolingvistikken sitt studieobjekt – i spenningsfeltet mellom individ og kollektiv." I: *Målbryting – Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – Nr 7*. s. 145-168. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hoftvedt, Bjørn Oscar (1979) *Ei undersøking av noen trekk ved formell og uformell språkbruk i Oslo-mål*. Upublisert hovudoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Hyvik, Jens Johan (2009). *Språk og nasjon 1739 – 1868*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hårstad, Stian (2009). "Kommer ikke alt godt fra oven? Et forsøk på å se utviklingstrekk i trønderske talemål i et standardiseringsperspektiv" *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1), s. 133-144.
- Jahr, Ernst Håkon (2007). "Bruk av omgrepa 'standardtalemål', 'normalisering' og 'knot' for å skildre språktilhøva i Noreg i dag." I: Akselberg, Gunnstein og Myking, Johan (red.) *Å sjå samfunnet gjennom språket. – Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-års dagen*. s. 93-97. Oslo: Novus forlag.
- Jahr, Ernst Håkon (2003). "Norwegian." I: Deumert, Ana og Vandenbussche, Wim (red.) *Germanic Standardizations – Past to present*. s. 331-354. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Jahr, Ernst Håkon og Mæhlum, Brit (2009). "Har vi et 'standardtalemål' i Norge?" *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1), s. 3-6.
- Jærbladet (13.05.2013). "Veksesmerter i Hå kommune"
<http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00243820130513180543036&serviceId=2> - Lasta ned 08.05.2014.
- Kerswill, Paul og Trudgill, Peter (2005). "The birth of new dialects." I: Auer, Peter; Hinskens, Frans og Kerswill, Paul (red.) *Dialect change – Convergence and Divergence in European Languages*. s. 196 – 220. Cambridge: University Press.
- Kolnes, Lars (red.) (18.03.2013). "Om Hå kommune." *Hå kommune*.
<https://www.ha.no/om-ha/> - Lasta ned 30.01.2014
- Labov, William (1991). *Sociolinguistic patterns*. Pennsylvania: University of Pennsylvania Press.

- Milroy, Lesley (1980). *Language and social networks*. Oxford: Basil Blackwell.
- Milroy, Lesley og Gordon, Matthew (2006). *Sociolinguistics – Method and interpretation*. Blackwell publishing.
- Molde, Else Berit (2007). *Knot – Omgrepet, definisjonane og førestellingane*. Masteravhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/5475/Masteroppgave_Molde.pdf?sequence=1 - Lasta ned 10.05.2014.
- Monka, Malene (2013). *Sted og sprogforandring - En undersøgelse af sprogforandring i virkelig tid hos mobile og bofaste informanter fra Odder, Vinderup og Tinglev*. Ph.d avhandling. København: Københavns Universitet.
http://curis.ku.dk/ws/files/46845790/Ph.d._2013_Monka.pdf - Lasta ned 10.05.2014.
- Mæhlum, Brit (2009). "Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål." *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1), s. 7-26.
- Mæhlum, Brit (2008). "Språk og identitet." I: Mæhlum, Brit; Akselberg, Gunnstein; Røyneland, Unn og Sandøy, Helge *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistik*. s. 105-126. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, Brit (1996). "Codeswitching in Hemnesberget – Myth or reality" i *Journal of Pragmatics*, 25, s. 749-761.
- Mæhlum, Brit (1986). *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo*. Oslo: Novus forlag.
- Nesse, Agnete (2013). *Innføring i norsk språkhistorie*. Cappelen Damm Akademisk.
- Nynorskordboka (2010a). "Stil."
<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=stil&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> - Lasta ned 08.05.2014
- Nynorskordboka (2010b). "Register."
<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=register&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> - Lasta ned 08.05.2014
- Nynorskordboka (2010c). "Knot."
<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=knot&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> - Lasta ned 17.04.14

- Obrestad, Tor og Reiestad, Lars M. (1939). *Hå: Nærbø og Varhaug 1837-1937 – og ymse tilfang til ei bygdebok for Hå prestegjeld*. Nærbø og Varhaug kommunar. Stavanger: Dreyers grafiske anstalt.
- Rambøll. *Tine meieriet Jæren*.
http://www.ramboll.no/projects/rno/industri_tine_meierier_sor - Lasta ned 28.01.2014.
- Rasch, Jakob (1957). *Norsk ordsamling*. Stavanger. Oslo: Norsk målførearkiv.
- Risa, Lisabeth (1990). *Bilete frå Hå – Folk og miljø 1860-1950*. Varhaug: Kulturetaten i Hå.
- Røyneland, Unn (2008a). ”Språk og dialekt” I: Mæhlum, Brit; Akselberg, Gunnstein; Røyneland, Unn og Sandøy, Helge *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistik*. s. 15-34. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Røyneland, Unn (2008b). ”Språk- og dialektkontakt” I: Mæhlum, Brit; Akselberg, Gunnstein; Røyneland, Unn og Sandøy, Helge *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistik*. s. 47-72. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Røyneland, Unn (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet – Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Doktorgradsavhandling. Universitetet i Oslo.
- Røyneland, Unn (1994). *Når bygdemål møter bymål – ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringar i Oslo*. Hovudfagsoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sandøy, Helge (2014). *Talebanken ved LLE, UiB. - Ei orientering*.
http://folk.uib.no/hnohs/DEP/Om_TB.pdf - Lasta ned 25.04.2014.
- Sandøy, Helge (2011). ”Language culture in Norway: A tradition of questioning standard language norms.” I: Coupland, Nikolas og Kristiansen, Tore (red.) *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe*. s. 119-126. Oslo: Novus Press.
- Sandøy, Helge (2010). *Talemål*. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge (2009). ”Standardtalemål? Ja, men...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet.” *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1), s. 27-48.
- Sandøy, Helge (1985). *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus forlag.
- Selj, Elisabeth (1978). *Forsøk på språksosiologisk beskrivelse av talemålet i Hov i Land*. Upublisert hovudfagsoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Seip, Didrik Arup (1956). ”Om Jakob Rasch’s danske grammatikk.” I: Aakjær, Svend; Hald, Kr.; Hansen, Aage og Nielsen, Niels Åge (red.) *Festskrift til Peter Skautrup*. s. 239-244. Århus: Universitetsforlaget.

- Simonsen, Gunnar (1984). *Situasjon og språkbruk – En undersøkelse av individuell språkvariasjon*. Upublisert hovudfagsoppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Skjekkeland, Martin (2009). *Språk og samfunn i endring – Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus forlag.
- Skjekkeland, Martin (1977). *Målføre og skriftmål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Slettebø, Kjersti Wold (2012). *Kartlegging av bruk av hokjønn i bokmål i norske aviser*. Upublisert semesteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Statens Vegvesen (12.12.2007). ”Kortare mellom Forus og Jæren.”
<http://www.vegvesen.no/Ferdigprosjekt/rv44ganddal/Nyhetsarkiv/Kortare+mellom+Forus+og+Jæren.54857.cms> - Lasta ned 29.01.14.
- Statistisk sentralbyrå (06.12.2002). ”Folke- og boligtellingspendling, 2001.”
<http://ssb.no/befolkning/statistikk/fobpend/hvert-10-aar/2002-12-06#content> - Lasta ned 30.01.14
- Stavanger-statistikken (13.08.2013a). ”Pendling.”
http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_05r.html - Lasta ned 30.01.14
- Stavanger-statistikken (13.08.2013b). ”Syssestatte etter næring.”
http://statistikk.stavanger.kommune.no/arbeid_06r.html - Lasta ned 30.01.14
- Stemshaug, Ola (1972). ”Sosiolingvistiske forhold i Trøndelag.” I: Dalen, Arnold og Stemshaug, Ola (red.) *Trøndermål – Språkarv og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre*. s. 48-66. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Særheim, Inge (2011). ”Nokre kjelder som gjev opplysningar om sørvestlandsk mål i eldre nynorsk tid.” I: Jahr, Ernst Håkon og Sandøy, Helge (red.) *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525 – 1814)*. s. 108-123. Oslo: Novus forlag.
